



# Høgskolen i Bergen

## Mastergradsoppgave

MSAM613

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	11-05-2016 12:00	<b>Termin:</b>	2016 VÅR
<b>Auslutningsdato:</b>	18-05-2016 12:00	<b>Karakterform:</b>	Norsk 6-trinnsskala (A-F)
<b>SIS-kode:</b>	MSAM613 1 MØM	<b>Studiepoeng:</b>	60
<b>Eksamensform:</b>	Masteroppgave og muntlig eksamen		
<b>Intern sensor:</b>	Erlend Eidsvik		

### Student

Kandidatnr.: 311

### Informasjon fra deltaker

Jeg godkjenner avtalen om Valgt  
tilgjengeliggjøring av  
masteroppgaven min i  
BORA:



# Utdanning si rolle for tibetanske flyktningar i Kathmandu, Nepal

The Role of Education among Tibetan Refugees in  
Kathmandu, Nepal



Trude Hegheim Nilsen

Master i samfunnsfagdidaktikk

Høgskulen i Bergen

Avdeling for lærarutdanning

18.05.2016

*“Like other marginalized groups,  
refugees are experts in the art of survival”*  
(Jacobsen, 2002, s.104)

# SAMANDRAG

Kina og Tibet er ueinige om Tibet sin status som stat. Tibet hevdar dei er ein sjølvstendig stat, medan Kina meiner dei har vore underlagd Kina i fleire århundre (Meland, 1998, s.173). I 1959 braut det ut eit stort opprør i den tibetanske hovudstaden, Lhasa. Mange tibetanarar flykta i samband med desse opprøra. I ettertid har også mange flykta på grunn av situasjonen i Tibet. Ein reknar med at om lag 120 000 tibetanarar lev i eksil i dag (Breidlid, 2004 s.296.).

Rundt 20 000 av desse tibetanarane har flykta til Nepal, og nokon har budd der i fleire tiår. Føremålet med denne oppgåva er å undersøkje kva rolle utdanning spelar for dei tibetanske flyktningane i Nepal, og om utdanning er ein livelihood-strategi for desse flyktningane. Empirien har blitt belyst med utgangspunkt i teorien om berekraftig livelihood. Denne teorien tar for seg evner, aktivitetar og ressursar som kan nyttast for å sikre hushaldet. Livelihood-modellen tek for seg fem ulike kapitalformer. (Scoones, 1998, s.5). I tillegg har det blant anna vore naudsynt å ta i bruk teori om *empowerment* og Amartya Sen si tilnærming om *Capability Approach*.

For å svare på desse spørsmåla har eg utført eit to månadar langt felterbeid i Kathmandu, Nepal. Der intervjua eg 25 tibetanarar mellom 19-35 år. I tillegg har eg gjennomført 9 intervju med andre aktørar som er sentrale i det tibetanske samfunnet i Kathmandu.

Resultata av materialet fortel at det fins fleire svar på kva rolle utdanning spelar. Det kom fram at nesten alle informantane hadde foreldre som var analfabetar, og mange foreldre hadde tru på at gjennom utdanning kunne deira born få eit betre liv. Hushaldet hadde ei sentral rolle for val av livelihood-strategiar. Ein av dei store utfordringane tibetanarane i Nepal har, er at dei ikkje får statsborgarskap. Utan statsborgarskap er rettane deira sterkt avgrensa. Dette gjer framtida til informantane usikker. Likevel var der stor semje blant informantane om at utdanning er viktig for å utvikle seg som person. Ved å ta utdanning kan ein bli eit betre menneske. Det var usemje om utdanning kunne nyttast som livelihood-strategi. Nokon meinte at det ikkje var naudsynt med utdanning for å skaffe seg inntekt. Medan mange hadde sterkt tru på at utdanning var det einaste ein kunne gjere for å få eit betre liv. Eg konkluderer derfor med at utdanning kan vere ein strategi for å sikre hushalda ein berekraftig livelihood.

# ABSTRACT

China believes that Tibet has been a part of their territory for centuries. Tibet on the other hand claims to be a free nation. The Tibetans was discriminated by the Chinese. The Chinese presence and the suppression of the Tibetans lead to a big uprising in Lhasa, the capital of Tibet in 1959 (Meland, 1998, s.174,). During 1959 and the following years thousands of Tibetans fled from Tibet. Around 120 000 Tibetans live in exile to day (Breidlid, s.296, 2004).

Roughly 20 000 of these refugees live in Nepal, and some of them have lived there for decades. The purpose of this thesis is to study the role of education among the Tibetan refugees in Kathmandu, Nepal, and whether education is used as a strategy in the pursue of a livelihood. The theory about sustainable livelihood is the theoretical framework of the analysis. A livelihood compromises the capabilities, assets and activities required for a means of living (Scoones, 1998, s.5). In addition to this theoretical framework, the Capability Approach have been useful. This approach is central in the literature of Amartya Sen. The concept of empowerment have also made an important addition to the theoretical framework.

The research of this thesis is a result of two months of fieldwork in Kathmandu, Nepal. I conducted 25 interviews with Tibetan refugees from the age 19 to 35. I also did 10 interviews with other important actors for the Tibetan community.

The results of the material tells us that there are multiple answers to what role education have among the Tibetan refugees. Parents seemed to have big influence. Almost all of the parents are illiterate, and they seemed to be supportive regarding their children's education. The household in general played a big part in the pursuing of a livelihood. One of the big challenges for Tibetans in Nepal is the lack of citizenship. This makes many of the informants nervous about the future. Despite that, all of the informants felt that education was important on some level. It can make you a better person. There was also some different opinions about education as a way to construct a livelihood. Some informants said that education was not necessary to make money. On the other hand, some of the informants said that the key to a sustainable livelihood was education. I therefore conclude that education can be a strategy to ensure households a sustainable livelihood.

# FØREORD

Denne oppgåva ville aldri vore mogleg å gjennomføre utan informantane som stilte opp. Gode råd, fine samtalar og gjestfriheit gjorde dette prosjektet verkeleg. Ikkje minst alle historiene. Familie, dødsfall, utdanning, identitetskrise og håpet om ei betre framtid. Alt dette har dei delt med meg. Eg har lært så mykje av informantane, og eg sit igjen med inntrykk eg aldri gløymer. Eg er evig takksam for det!

Min gode venn, reisepartner og støttespelar, Brita fortunar også ein stor takk. Du blunka ikkje to gongar då eg spurte om vi skulle reise til Nepal! Utan deg og havregrauten ville ikkje opphaldet i Nepal blitt det same.

Min kjekke og morosame masterklasse fortunar ein stor takk for alle lunsjpausar og heilt vanvittig ikkje-fagrelaterte samtalar. Ingen forstår så godt korleis det er å bruke våren i Bergen på ein klam lesesal med ei stor master-sky hengande over seg, utanom de.

Eg set stor pris på hjelpa eg har fått frå min rettleiar, Vibeke. Takk for all hjelp og konstruktive tilbakemeldingar.

Takk til venar og familie som alltid støttar meg og oppmuntrar meg, og har latt meg vere i fred inne i masterhola! Ein ekstra takk til Siren som kom til unnsætning og korrekturleste heile oppgåva mi. Ein vakker dag skal eg lære meg skilnaden på nokon og nokre!

Og ikkje minst takk til min fine sambuar, Tommy! Takk for at du alltid er snill og tålmodig. Du har fiksa alt mellom himmel og jord, medan eg har vore djupt inne i mi eiga boble. I tillegg har du alltid eit smil på lur, sjølv om eg ikkje har hatt det. Du er heilt eineståande!

Bergen, mai 2016

Trude Heggheim Nilsen

# Innhaldsliste

<b>KAPITTEL 1 .....</b>	<b>1</b>
<b>INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
<b>1.1 Tema og feltarbeid i Nepal .....</b>	<b>1</b>
<b>1.2 Bakgrunn og føremål .....</b>	<b>2</b>
<b>1.3 Problemstillingar .....</b>	<b>3</b>
<b>1.4 Omgrepssavklaring .....</b>	<b>3</b>
<b>1.5 Kapittelskildring.....</b>	<b>5</b>
<b>KAPITTEL 2 .....</b>	<b>6</b>
<b>KONTEKST – NEPAL, TIBET OG FLYKTNINGAR.....</b>	<b>6</b>
<b>2.1 Opprør og konflikt i Tibet .....</b>	<b>6</b>
<b>2.1.1 Tida etter opprøra i Lhasa.....</b>	<b>8</b>
<b>2.1.2 Dalai Lama.....</b>	<b>9</b>
<b>2.2 Tibetanske flyktningar i Nepal.....</b>	<b>9</b>
<b>2. 3 Nepal i dag – utdanning, jordskjelv og ny grunnlov .....</b>	<b>11</b>
<b>2.3.1 Jordskjelvet 25.april 2015.....</b>	<b>13</b>
<b>2.3.2 Ny grunnlov og streik.....</b>	<b>15</b>
<b>KAPITTEL 3 .....</b>	<b>17</b>
<b>TEORETISK RAMMEVERK – LIVELIHOOD OG FATTIGDOM.....</b>	<b>17</b>
<b>3.1 Livelihodd.....</b>	<b>17</b>
<b>3.1.1 Menneskeleg kapital.....</b>	<b>19</b>
<b>3.1.2 Sosial kapital .....</b>	<b>20</b>
<b>3.1.1.1 Bourdieu sine kapitalformer .....</b>	<b>21</b>
<b>3.1.3 Sårbarheit, stress og sjokk.....</b>	<b>21</b>
<b>3.2 Handlingsrom som fattig og statslaus.....</b>	<b>23</b>
<b>3.2.1 The Capability Approach: entitlement og capability .....</b>	<b>23</b>
<b>3.2.2 Statsborgarskap.....</b>	<b>24</b>
<b>3.2.3 Empowerment.....</b>	<b>25</b>
<b>3.2.4 Utdanning og utvikling .....</b>	<b>26</b>
<b>3.3 Kva er ein flykning?.....</b>	<b>27</b>
<b>KAPITTEL 4 .....</b>	<b>28</b>
<b>METODISK TILNÆRMING .....</b>	<b>28</b>

<b>4.1 Kvalitativ metode .....</b>	<b>28</b>
<b>4.1.1 Feltarbeid .....</b>	<b>29</b>
<b>4.1.2 Intervju.....</b>	<b>29</b>
<b>4.1.3 Språk .....</b>	<b>30</b>
<b>4.2.1 Ulempar og utfordringar .....</b>	<b>32</b>
<b>4.3 Informantane .....</b>	<b>33</b>
<b>4.3.1 Utval av informantar.....</b>	<b>34</b>
<b>4.4.1 Tibetanarane sin sensitive situasjon .....</b>	<b>35</b>
<b>4.4.2 UNHCR og mottakssenteret .....</b>	<b>35</b>
<b>4.4.3 Mi rolle som forskar.....</b>	<b>36</b>
 <b>KAPITTEL 5 .....</b>	 <b>39</b>
<b>SOSIAL KAPITAL .....</b>	<b>39</b>
<b>5.1 Hushaldet .....</b>	<b>39</b>
<b>5.1.1 Informant O .....</b>	<b>41</b>
<b>4.1.2 Sosial kapital utover hushaldet .....</b>	<b>43</b>
<b>5.2 Nettverk – på godt og vondt .....</b>	<b>45</b>
 <b>KAPITTEL 6 .....</b>	 <b>49</b>
<b>FINANSIELL KAPITAL .....</b>	<b>49</b>
<b>6.1 Utdanning som nøkkelen til finansiell kapital .....</b>	<b>49</b>
<b>6.1.1 “It’s not like you must have an education to make money.” .....</b>	<b>51</b>
<b>6.2 Mangelen på statsborgarskap – ein barriere for finansiell kapital.....</b>	<b>53</b>
<b>6.2.1 “In Nepal it’s a bribing system” .....</b>	<b>55</b>
<b>6.2.2 Migrasjon som strategi .....</b>	<b>56</b>
 <b>KAPITTEL 7 .....</b>	 <b>61</b>
<b>MENNESKELEG KAPITAL.....</b>	<b>61</b>
<b>7.1”To have a degree is one of my dreams” .....</b>	<b>61</b>
<b>7.2 Utdanning for eit fritt Tibet.....</b>	<b>64</b>
<b>7.3 “They want me to have a better life” .....</b>	<b>66</b>
<b>KAPITTEL 8 .....</b>	<b>70</b>
 <b>ÅRBARHEIT.....</b>	 <b>70</b>
<b>8.1 Stress og sjokk .....</b>	<b>70</b>
<b>8.1.1 Jordskjelvet.....</b>	<b>70</b>
<b>8.1.2 Streik .....</b>	<b>73</b>

<b>8.1.3 Mangelen på statsborgarskap .....</b>	<b>74</b>
<b>  8.1.3.1 Statsborgarskap, capabilites og entitlement .....</b>	<b>76</b>
<b>  8.1.3.2 Statsborgarskap og sjølvbilete .....</b>	<b>77</b>
<b>KAPITTEL 9 .....</b>	<b>80</b>
<b>AVSLUTTANDE DRØFTING OG .....</b>	<b>80</b>
<b>KONKLUSJONAR .....</b>	<b>80</b>
<b>  9.1 Hushalda sin kapital.....</b>	<b>80</b>
<b>  9.2 Stress og sjokk .....</b>	<b>82</b>
<b>  9.3 Empowerment.....</b>	<b>83</b>
<b>  9.4 Foreldregenerasjonen .....</b>	<b>83</b>
<b>  9.5 Er utdanning ein livelihood-strategi? .....</b>	<b>84</b>
<b>  9.6 Konklusjon .....</b>	<b>86</b>
<b>Referanseliste .....</b>	<b>89</b>

## Figurar og vedlegg

Figur 1: Livelihood-modellen.....	18
Kart 1: Tibet.....	7
Kart 2: Nepal.....	10
Bilete 1: Tibetansk barneskule.....	13
Vedlegg 1: Oversikt over informantar: 19-35 år:.....	93
Vedlegg 2: Oversikt over informantar: aktørar i det tibetanske samfunnet....	96
Vedlegg 3: Intervjuguide.....	97
Vedlegg 4: Samtykkeskjema.....	98
Vedlegg 5: Brev frå Høgskulen i Bergen.....	100

## KAPITTEL 1

# INNLEIING

### **1.1 Tema og feltarbeid i Nepal**

Temaet for denne masteroppgåva er kva rolle utdanning spelar for tibetanske flyktingar i Kathmandu, Nepal. Studiet av dette har blitt gjennomført i Nepal gjennom eit to månadar langt feltarbeid. Kor mange tibetanarar som bur i Nepal er noko usikkert, men det er estimert til å vere rundt 20 000 (UNHCR, 2012). Totalt reknar ein med at det fins 120 000 tibetanarar i eksil (Breiddlid, 2004, s.269).

Hovudinformantane eg har intervjuer mellom 19-35 år. Eg intervjuer blant anna ein del tibetanarar i flyktningcamp. Flyktningcampen blei etablert i ettertid av opprøra i Lhasa i 1959. Flyktnincampen har permanete bustadar, ein skule, aldersheim (bilete på framsida er frå denne campen). Det er fleire årsaker til at aldersgruppa til informantane er avgrensa frå 19-35 år. Hovudsakleg dreiar det som om at eg ville snakke med folk som var gamle nok til å starte med høgare utdanning, eller har gjennomført høgare utdanning. Årsaken til at aldersgruppa strekk seg til 35 år er blant anna fordi då fekk eg moglegheit til å snakke med informantar som er gamle nok til å ha *refugee card* (RC). RC blei delt ut til tibetanarar over 16 år fram til 1998 (Tibetan Welfare Office). RC skal sikre visse rettar for dei tibetanske flyktningane i Nepal. Tibetanarar som ikkje har RC har ikkje noko form for lovlege identitetspapir.

Nepal ligg i Asia, klemt mellom India og Kina. Nepal har vore i borgarkrig og tidlegare vore eit monarki. Sidan 2008 har det vore fred, og monarkiet blei erstatta med republikk (Globalis, 2013). I Nepal bur der 27,8 millionar menneske (Norad, 2015), og om lag 1 million av dei bur i Kathmandu. Hinduismen er den største religionen i landet og 81,3% er hinduistar. Deretter er 9% buddhistar, 4,4 % muslimar, 3,1% kiranter, 2,1% høyrer til andre uspesifiserte livssyn (Globalis, 2013). I tillegg fins der stor etnisk variasjon i landet. 60-100 forskjellige etniske grupper helde til i Nepal, og i tillegg kan ein finne om lag 35 ulike språk (Rotchild, 2006, s.31,).

På grunn av jordskjelvet som råka Kathmandu 25.april 2015 var vi ein periode usikre på om dette fletarbeidet ville la seg gjennomføre, men etter litt betenkningstid og mailkorrespondanse

med den norske ambassaden i Kathmandu bestemte vi oss for å reise. 16.september reiste eg og ein medstudent til Nepal for å utføre felter arbeid. Vi budde i eit gjestehus med ein del andre utlendingar. I området vi budde utførte eg mesteparten av mitt felter arbeid. Der var det få spor av jordskjelvet, men etter nokon få samtalar med informantane var det heilt tydeleg at det hadde vore ei svært traumatiske oppleving. Førsteinntrykket av Kathmandu var overveldande. Støv, trafikk, forureining og tiggjarar dominerte gatebilete. Tuting og støy frå køyretøy var øyredøyvande. 20.september 2015 fekk Nepal ei ny grunnlov, og på grunn av den oppstod det streik i landet. Sør i Nepal oppstod det ei blokade mellom India og Nepal, på grunn av den fekk ikkje landet inn heilt essensielle varer som drivstoff, gass og ris. Dette fekk store konsekvensar for Nepal sine innbyggjarar.

## **1.2 Bakgrunn og føremål**

Flyktingstraumen verda er vitne til i dag er den største vi har sett sidan andre verdskrig. 59,5 millionar menneske var på flukt i 2014 (flyktingregnskapet, 2015). Europa har retta sine auger mot Middelhavet der store mengder flyktingar legg ut på ei farefull ferd i håp om eit betre liv i eit anna land. Flukt og farefulle reiser føregår i store delar av verda. Allereie i 1959 flykta dei første tibetanarane frå den kinesiske okkupasjonen. Dalai Lama flykta i skjul frå Tibet til India, og mange følgde med han. Medan nokon flykta til Nepal. Fluktruta gjekk gjennom Himalaya, ei ferd som byr på farar og utfordringar. Likevel har tibetanarar føretatt denne reisa i årevis for å flykte frå situasjonen i Tibet. Problema i Tibet er store for dei gjenverande, og eksil-tibetanarane lev med ulike utfordringar. Kina er ei stormakt. Menneskerettane har sidan Kina si innblanding i Tibet vore eit tema. Religionsfridom og ytringsfridommen er redusert for tibetanarane (Meland, 1998, s.175).

Utdanning er eit tema som får mykje merksemd i eit globalt perspektiv. I UNESCO sin rapport, World Education Forum 2015, står det at utdanning må forståast som ein menneskerett. Det er ein heilt avgjerande menneskerett for å kunne verkeleggjere alle andre rettar. Gjennom utdanning kan ein erverve sine økonomiske, sosiale og kulturelle rettar.

Flyktingkonvensjonen er ikkje ratifisert i Nepal, noko som bidreg til at tibetanarane ikkje får flyktingstatus i Nepal. Tibetanarane er etter kvart godt etablert i delar av Nepal. Dei har gjerne skaffa seg bustad, arbeid og har eigen familie. Borna til desse flyktingane fell mellom dei fleste stolar. Dei har ikkje flyktingstatus, dei er ikkje nepalesiske og er ikkje kinesiske. Og nokon er usikre på om dei kan kalle seg tibetanske. Handlingsrommet til desse menneska er såleis avgrensa, og dei har derfor strategiar for korleis dei skal leve eit best mogleg liv.

Utdanning er ein av desse strategiane, og føremålet med oppgåva er å studere kva rolle utdanning som strategi spelar for dei tibetanske flyktingane. Teorien om livelihood blir stadig nytta i debattar om utvikling (Scoones, 1998, s.1). Den vil bli nytta som eit rammeverk for å undersøkje utdanning som ein livelihood-strategi for tibetanske flyktingar i Kathmandu. Kapitalformene og sårbarheitskonteksten er sjølve kjernen av det analytiske rammeverket. Sårbarheitskonteksten dreiar seg om endringar og faktorar som påverkar hushaldet si evne til å greie seg. Kapitalformene som blir nytta i samband med livelihood-modellen er fysisk, naturleg, sosial, menneskeleg og finansiell kapital. I og med at tibetanarane i Kathmandu er urbane flyktingar får den naturlege kapitalen lite merksemd, derimot er det eit stort fokus på menneskeleg, finansiell og sosial kapital. I tillegg til desse kapitalformene har Pierre Bourdieu sin teori om symbolsk og kulturell kapital fungert som eit supplement til kapitalformene i livelihood-modellen.

### **1.3 Problemstillingar**

I denne oppgåva skal eg undersøke to problemstillingar. Hensikta med den første problemstillinga er å sjå på kva rolle utdanning spelar for dei tibetanske flyktingane i Kathmandu. I den andre problemstillinga undersøker eg spesifikt om utdanning er ein livelihood-strategi for dei tibetanske flyktingane i Nepal.

- a) *Kva rolle spelar utdanning for tibetanske flyktingar i Kathmandu?*
- b) *Kan utdanning vere ein livelihood-strategi for tibetanske flyktingar i Kathmandu?*

Utifrå desse problemstillingane er der rom for å sjå på dei varierande oppfatningane informantane har om utdanning. Utan statsborgarskap er det ikkje mogleg for tibetanarane å få jobb i den offentlege sektoren, men informantane nyttar ulike strategiar for å handtere dette problemet. Desse strategiane, der i blant utdanning, skal eg sjå nærare på.

### **1.4 Omgrepsavklaring**

I denne oppgåva blir mykje engelsk litteratur nytta, og nokon av dei teoretiske omgrepene lar seg ikkje omsetje til norsk på ein god måte. Til gjengled blir desse omgrepene gjort rede for inngåande i det teoretiske kapittelet. Det er dei følgjande omgrepene det gjeld:

#### *Livelihood:*

Det teoretiske rammeverket for denne oppgåva er teorien om sustainable livelihood. I denne oppgåva vil eg nytte det engelske uttrykket *livelihood*, sjølv om oppgåva er skriven på norsk. Dette er fordi ordet *livelihood* er vanskeleg å omsetje til norsk, utan at det mister noko av sitt

innhald. Dersom ein oversett livelihood til norsk er ordet levebrød det nærmeste ein kjem. Ved å nytte ordet levebrød mister omgrepene mykje av sitt innhald. Livelihood peikar på kva menneske treng, og kva dei gjer for å skaffe seg eit godt liv. Sustainable livelihood, altså berekraftig livelihood, handlar ikkje berre om eit levebrød. Det er mange fleire viktige moment ved dette omgrepene og det vil eg ta vare på ved å nytte omgrepene livelihood i oppgåva.

#### *Livelihood-strategi:*

Kva strategiar tibetanarane nyttar for å oppnå ein berekraftig livelihood vil bli omtalt som livelihood-strategiar i denne oppgåva. Ein strategi er ein langsiktig plan for gjennomføring av noko. Det handlar om planlagde handlingar ein utføre for å oppnå eit mål (Oxford, 2016).

#### *Empowerment:*

Dette er også eit engelsk uttrykk som er vanskeleg å omsetje til norsk utan at noko av innhaldet i omgrepene går tapt, og derfor vil også det engelske omgrepene bli nytta i oppgåva. Dersom ein oversett ordet til norsk tyder det myndiggjering, og forklaringa på ordet i følgje oxford ordboka er autorisasjon eller makt til å utføre noko.

#### *Capabilites and entitlement:*

Capabilites og entitlement på norsk er evner og rettar. Desse omgrepa er sentrale i Amartya Sen si tilnærming om *Capability Approach* (Banik, 2006, s.334). Dermed blir også desse omgrepa nytta på engelsk. Capabilites er det folk kan utrette ved hjelp av sine rettar, altså sine entitlements.

#### *Tibet:*

Det som blir kalla Tibet består av tre regionar. Desse tre regionane er kalla U-Tsang, Kham og Amdo. Medan Kina omtalar Tibet som TAR, det står for Tibet Autonomous Region. Innanfor TAR er berre U-Tsang inkludert. Amdo blei ein del av Qinghai-provinsen i Kina, og Kham blei ein del av Sichuan, Gansu og Yunnan, dette er kinesiske provinsar (Den norske Tibetkomité, 2016). I denne oppgåva blir Tibet nytta, og det er fordi landet tibetanarane flykta får var kalla Tibet, og tibetanarane sjølv omtalar det som Tibet.

## **1.5 Kapittelskildring**

Kapittel 2 tar for seg årsakene til at 120 000 tibetanarar har flukta frå Tibet og lev i eksil. Her ser eg på historia til den kinesiske invasjonen i 1959 og følgjene den fekk. I tillegg blir opprøra i Lhasa i 2008 løfta fram. I kapittel 3 blir det gjort greie for det teoretiske rammeverk for oppgåva, og livelihood-modellen er eit særleg viktig analytisk verkty som blir beskrive her. Kapittel 4 dreiar seg om kva metode eg har nytta for å gjennomføre denne oppgåva.

Analysen består av fire kapittel. Kapittel 5 er det første, og det handlar om sosial kapital og kva rolle det spelar for informantane. I kapittel 6 held analysen fram, der er det fokus på finansiell kapital. I kapittel 7 er menneskeleg kapital tema. Kapittel 8 er det siste analysekapittelet. Det handlar om hushalda sin sårbarheit og korleis det påverkar deira livelihood-strategiar. Kapittel 9 er det aller siste kapittelet i oppgåva. Det er ei avsluttande drøfting der houvdertendesane i funna mine blir løfta fram, og heilt til sist kjem nokon konklusjonar.

## KAPITTEL 2

### KONTEKST – NEPAL, TIBET OG FLYKTNINGAR

I dette kapittelet skal eg gjere greie for situasjonen i Tibet som har ført til at mange har flykta frå heimlandet sitt. Opprøra i 1959 og den påfølgande flukta til Dalai Lama vil vere sentral.

Kva som blei gjort i Nepal då tibetanarane kom i første omgang skal også bli omtalt.


Situasjonen i Tibet har endra seg etter opprør i Lhasa i 2008, dette har påverka tibetanarar både i Tibet og i Nepal. For å få eit betre innblikk i liva til dei tibetanske flyktningane i Nepal vil kapittelet også dreie seg om Nepal som land. I den samanhengen vil eg løfte fram den generelle politiske situasjonen i landet, og då vil eg gjere greie for den nye grunnlova som trådde i kraft 20.september 2015 og nokon av følgjene som oppstod i samband med den.

Jordskjelvet som råka delar av Nepal har medført mange konsekvensar for landet, og pregar endå situasjonen der. Det er derfor naturleg å ha dette med her. Utdanningssystemet i Nepal skal òg belysast, dei tibetanske skulane i Nepal vil komme under dette.

#### **2.1 Opprør og konflikt i Tibet**

Tibet er i dag innlemma i den kinesiske folkerepublikken, og er kalla Tibet autonome region (sjå omgrepsforklaring i kapittel 1). Hovudstaden heiter Lhasa. Tibet er namnet på det geografiske området som tradisjonelt har vore tibetanarane sitt heimland (sjå kart 1). Konflikt og uro mellom Kina og Tibet er ikkje noko nytt, det strekk seg langt tilbake i tid. Her har det i lang tid herska usemje om Tibet er eit sjølvstendig land, eller om dei høyre til Kina. Kina har i lengre tid prøvd å gjere krav på Tibet, men i denne samanhengen vil det vere relevant å sjå på hendingane etter 1950. 7.oktober 1950 gjekk Kina inn i den austlege provinsen Kham i Tibet (Donnet, 1994, s.14). Kinesarane var overlegne, og med all øydelegginga av klostra og forfølginga av folk, var dei nær å utrydde eit heilt folk (Donnet, 1994, s.12).

Kina sin offentlege begrunning for å gå inn i Tibet var for å forsvare dei mot imperialistane og gjenforeine dei med Kina. Dette resulterte i «The Peaceful Liberation of Tibet» som tok plass frå april til mai 1951. Denne avtalen var det som markerte slutten på Tibet sitt sjølvstende, men til tross for at Tibet no høyrd til Kina skulle denne avtalen likevel sikre ein del autonomi for Tibet. Dette blei slått fast i «Seventeen-point agreement for The Peaceful Liberation of Tibet», og blei signert 23.mai 1951. Denne avtalen skulle definere Tibet og gje retningslinjer for Tibet si framtid. Avtalen sa blant anna at sosiale og religiøse systemet i Tibet ikkje skulle endrast, og Kina skulle respektere religiøse fridom. Det politiske systemet skulle òg få vere



Kart 1: Området som i dag er TAR, og det som før har vore Tibet (International Campaign for Tibet, 2016)

slik det var, og Dalai Lama skulle ikkje miste si rolle eller funksjon. Kina hevda at Tibet måtte utviklast og moderniserst for å kunne stå i mot imperialismen, og dette skulle Kina hjelpe til med (Donnet, 1994, s.18).

Til tross for ein avtale som skulle sikre Tibet sine interesser var det ein uroleg periode som no venta Tibet. Protestar og uro på grunn av det kinesiske styret var utbreidd, og misnøya var stor. Perioden mellom 1956 – 1958 var prega av vald og uro. Mange geistlege blei sendt leiarar i Qinghai, forfølgd og torturret. Nokre landsbyar blei angripne, nokon blei jamna med jorda og utsletta. Misnøya med at kinesarane i første omgang invaderte Tibet og deretter ikkje heldt avtalen som var inngått førte til all denne uroa, og ein tibetansk gerilja i Khampa kjempa mot Kina. Kinesarane var overlegne i tal og utstyr og dermed blei konsekvensane store for tibetanarane. Kinesarane nytta ulike metodar for å spreie frykt (Donnet, 1994, s.31). Kampane stod på som verst i dei austlege delane av Tibet, men stemninga var spent i Lhasa der dei måtte ta hand om store mengder med flyktingar.

I mars 1959 blei Dalai Lama invitert av den kinesiske generalen Tan Guansan til eit teaterstykke på innsida av den kinesiske hæren sin leir i nærleiken av Norbulingka. Dalai Lama takka ja til dette møtet og ville møtast 10.mars. Dagen før dette møtet får han beskjed

om å komme utan livvaktene sine og våpen. Til tross for at han hadde livvaktar med seg heile døgnet. I tillegg insisterte kinesarane på at møtet skulle haldast hemmeleg. Nyheitene om at Dalai Lama skulle møte den kinesiske hæren i hemmeleghald utan livvakter spreidde seg likevel raskt og det vakte store bekymringar. Då andre tibetanske lamaer hadde forsvunne etter slike møter. Dette var ikkje noko tibetanarane kunne godta og derfor protesterte dei mot dette møtet. På kort tid samla rundt 30 000 tibetanarar seg ved portane til Norbulingka for å hindre at Dalai Lama skulle møte kinesarane og bli lurt av dei. I følgje Kina var desse rykta ikkje sanne, det var løgner som blei spreidd av tibetanarane sjølve. Natt til 17.mars starta flukta hans, og i mange dagar blei det helde skjult for kinesiske styrker. Då starta han si to veker lange reise til India saman med eit lite følgje. Flukta starta akkurat i tide, 20.mars regna nemleg bombene over Norbulingka (Donnet, 1994 s.35).

Frykta for at Dalai Lama skulle kidnappast av Kina, valden, undertrykkinga og den religiøse forfølginga resulterte i opprøret i Lhasa i 1959. 40 000 kinesiske soldatar inntok Lhasa 22.mars 1959 og varte i 3 dagar. I løp av desse dagane blei mange drepne, i følgje kinesiske kjelder var 2000 tibetanarar, medan andre hevdar at så mange som 20 000 mistalivet i løp av desse tre dagane (Donnet, 1994 s.37). Etter dei tre dagane med væpna konflikt kom konsekvensane for mange av dei overlevande; soldatar saumfarte heimane til dei som var mistenkte for å delta i opprøret og konfiskerte eigendelar, kulturskattar vart tekne, munkar blei deportert og nokon sendt i tvangsarbeid og 4000 tibetanarar blei sett i fengsel (Donnet, 1994, s.7). Etter å ha undersøkt ei betydeleg mengde av samanfallande vitnesbyrd har International Commission of Justice konkludert i ein offisiell rapport med at Kina er skyldig i å delteke i eit folkmord i Tibet (Donnet, 1994, s. 38). I denne rapporten blir det peika på systematiske avrettingar av ei religiøs gruppe (buddhistiske nonner og munkar) og avretting av tibetanarar som etnisk gruppe. Handlingar som dette blir definert som folkemord i følgje Folkemordkonvensjonen (Meland, 1998 s.175).

### **2.1.1 Tida etter opprøra i Lhasa**

I åra som kom var det framleis vald og undertrykking som prega Tibet. Frå 1966 – 1967 gjorde den kinesiske kulturrevolusjonen seg gjeldande i Tibet, og dei blei organisert i folkekommunar etter kinesisk mønster. Kloster blei plyndra og rasert, tusenvis av tibetanarar blei forfølgde og sendt i fengsel (Donnet, 1994 s.66). På mange måtar var 1959 berre starten på protestar frå tibetansk side og med påfølgande brutal respons frå Kina.

2008 er eit årstal som stadig blei nemnt av informantane, då var det nemleg eit nytt opprør i Lhasa. Etter dette opprøret blei grensekontrollen i Tibet endå strengare, og det har gjort til at det er svært vanskeleg å komme seg ut av Tibet. I mars 2008 blei ulike hendingar markert i Lhasa. Blant anna var der demonstrasjonar mot behandlinga av Dalai Lama, den strenge kontrollen av klostra, økonomisk og politisk diskriminering, erfaring av undertrykking og mindreverd (Den norske Tibetkomité, 2016). 120 demonstrasjonar fann stad over heile Tibet i løp av 2008, og retten til fridom blei ei kampsak for tibetanarane. Under nokon av demonstrasjonane blei kinesiske butikkar og restaurantar angripne og brent av tibetanarane. Det kinesiske politiet opna eld mot demonstrantane ved fleire anledningar, mange blei drepne og skada. Som ein reaksjon på dei tibetanske protestane stramma Kina restriksjonane ytterlegare til, og det kunne også tibetanarane i Nepal merke. Det kunne merkast på ein drastisk nedgang i talet på flyktninger og strenge reguleringar av høgtider og feiringar. Det politiske handlingsrommet til tibetanarane i Nepal har òg blitt innskrenka, ved førre val for eksilregjeringa i 2010 blei valurnene inndratt av nepalesisk politi. Årsaka var at Nepal ikkje tillét noko form for anti-kinesiske handlingar på nepalesisk jord. Uro og innskrenking av religiøs og personleg fridom, død, vald og konflikt har gjort til at mange tibetanarar har forlate sitt heimland, og gjennom tidene har Nepal vore eit mål for mange tibetanarar.

### **2.1.2 Dalai Lama**

Den aller viktigaste andelege rettleiaren for tibetanrane er Dalai Lama. Kvar Dalai Lama er ein reinkarnasjon av den førre Dalai Lama. Den noverande Dalai Lama er Tenzin Gyatso (Breidlid, 2010, s.295). Som det har blitt nemnt har Dalai Lama søkt tilflukt i India, og der har han sidan 1960 holdt til i Dharamsala. I 1963 kunngjorde han ein demokratisk konstitusjon basert på menneskerettar og etiske prinsipp i buddhismen, og dette står som ein modell for eit framtidig fritt Tibet. I 1989 fekk han Nobels fredspris for sin kamp for frigjering av Tibet utan valdelege middel (Breidlid, 2010, s.296).


### **2.2 Tibetanske flyktningar i Nepal**

Tibet ligg nord for Nepal og den mektige fjellkjeden Himalaya dominerer grensa mellom desse to områda (sjå kart 2). Etter opprøra var det mange som følgde etter Dalai Lama og reiste til India, men nokon reiste som sagt til Nepal. Med ein anslått bruttonasjonalprodukt på 190 amerikanske dollar (ca 1542 NOK) per innbyggjar i 2001, er Nepal eit av dei fattigaste landa i verda (Rotchild, 2006, s.23). Landet har ein rik og variert natur. I sør kan ein finne slettelandskap og subtropisk klima, medan i dei høgare fjellområda i nord kan temperaturane synke lågt ned. Ikkje minst er store delar av den kjende fjellkjeden Himalaya å finne i Nepal,

og her straumar turistar til kvart år. Landet har eit stort potensiale for utvikling av vasskraft, men er ikkje tatt særleg i bruk. Derimot er jordbruk for mange nepalesarar viktig, og nokon lev på det dei sjølv dyrkar. I tillegg til dyrking er dyrehald viktig for mange bønder der klimaet ikkje tillèt same

utgangspunkt for dyrking av viktige råvarer. I tillegg har turisme blitt viktig for landet, men denne næringa er ikkje stabil. Politisk uro og naturkatastrofar gjer til at inntektene frå turismen varierer (Globalis, 2013).

Då dei første flyktningane kom etter opprøret i 1959 var den internasjonale Raude Kross ein av dei første internasjonale organisasjonane som hjalp dei



Kart 2: Nepal (worldatlas.com, 2016)

tibetanske flyktningane i Nepal. Dei etablerte blant anna ulike flyktningleirar og ulike tiltak for medisinsk hjelp. Toni Hagen representerte den internasjonale Raude Kross, han tok initiativ til å bygge handverkssenteret i Jawalakhel, Kathmandu. Handverkssenteret blei svært viktig for mange tibetanarar i Kathamandu. Her jobbar dei med å produsere tepper, import, eksport og sal av tepper. Handverkssenteret er tilknytt flyktningcampen som ligg like ved. Inntektene frå handverkssenteret har komme denne campen til gode. For det første sysselset den mange og inntektene har dei nytta til å drifta barneskulen i deira nærområde. Det er det billig for tibetanarane å sende borna sine, og dei som jobbar på handverkssenteret treng ikkje betale skulepengar. Dessutan er dei i stand til å drifta ein aldersheim for tibetanske flyktningar som ikkje har familie som kan ta seg av dei. Dessverre blei dette handsverkssenteret hardt råka av jordskjelvet, noko eg kjem tilbake til seinare i dette kapittelet. Den internasjonale Raude Krossen dreiv hjelpearbeid fram til 1963, etter det var det ein førespurnad om sveitiske myndighéiter kunne overta arbeidet. Den sveitsiske Raude Krossen overtok arbeidet og fortsette med ein del av arbeidet til den internasjonale Raude Krossen, den nepalesiske Raude Krossen var òg involvert (Jha, 1992, s.19). Swiss Association for Technical Cooperation som i dag heiter Swiss Development Corporation var aktivt med å hjelpe dei tibetanske

flyktingane i byrjinga. Blant anna var dei med på å etablere handverksenteret for dei tibetanske flyktingane.

*“In the beginning it was more about relief, then slowly the resettlements started. Then there was more about sustainability, that’s when the carpets came and education.”* Swiss Development Corporation (SDC).

Sjølv om dei var med på etableringa av dette senteret har SDC trekt seg ut av dette arbeidet, og det er styrt aleine av dei tibetanske flyktingane som er tilsett ved senteret.

Etter kvart blei det også etablert eit mottakssenter for dei flyktingane som har kryssa grensa frå Tibet til Nepal, dette senteret er drifta av UNHCR. Rolla til dette mottakssenteret har endra seg gjennom tidene, før 2008 tok dei i mot rundt 2000-3000 flyktingar årleg. I Følgje The Tibetan Welfare Office ligg tala etter 2008 mellom 40-50 flyktingar i året. Nepal slutta å ta i mot flyktingar etter 1989, men mange har flykta til Nepal sidan det. Derfor delar UNHCR flyktingane inn i to grupper. Dei som kom før 1989 er long stayers og dei som kom etter 1989 er new arrivals. Mottakssenteret og UNHCR har ikkje noko tilbod til tibetanarane som er long stayers, men UNHCR har inngått det som blir kalla ein «Gentleman’s agreement» med nepalesiske styringsmakter. Det vil sei at dei UNHCR kallar new arrivals kan få noko form for hjelp, men no er jobben deira å frakte desse flyktingane vidare til India. Dermed har dei tillating til å reise gjennom landet for å krysse grensa til India, men dei får ikkje opphalde seg i Nepal utover det. I eit intervju med UNHCR kom det fram at drifta av dette senteret føregår svært diskret. Grunna tryggleiken til dei nyankomne flyktingane var det ikkje mogeleg å besøke dette senteret.

## **2. 3 Nepal i dag – utdanning, jordskjelv og ny grunnlov**

Mange tibetanarar har som sagt budd årevis i Nepal, nokon er til og med andre- eller tredjegenerasjon flyktingar, og har aldri sett sin fot i Tibet. Dermed har tibetanarane etter kvart blitt godt etablert i det nepalesiske samfunnet. Det kan ein til døme sjå innanfor utdanning, der fins 12 skular for tibetanske born i Nepal. Etter jordskjelvet i april 2015 blei to av desse skulane øydelagd. Ein av dei skulane var i flyktingcampen kor eg har gjort mykje av mitt feltarbeid. Dei tibetanske skulane følgjer det nepalesiske skuleåret og pensum, skuleveka startar på søndag og varer til fredag. Det vil sei at laurdag er den einaste fridagen. Skilanden på dei nepalesiske og tibetanske skulane er at dei også opplæring i det tibetanske språket ved dei tibetanske skulane. Utdanningsløpet består av 12 år formell skule. Strukturen av den grunnleggande utdanninga for tibetanarane består av 4 nivå. Nivå 1 er ein treårig

førskule, nivå 2 er fem år med barneskule, deretter er det nivå 3 som er tre år på ungdomsskule og til sist nivå 4 som er 4 år på vidaregående skule (Education Policy, 2016 s.6)

Systemet er bygd opp slik at ein må bestå alle fag kvart år for å kunne gå vidare til neste trinn, og ved utgangen av 10.klasse må alle ta ein avlsuttande eksamen som blir kalla School Leaving Certificate. Den må dei bestå for å få skulegongen sin godkjend. Etter å ha fullført 12 år på skule er det nokon som vel å gå vidare til høgare utdanning, då er det ein del tibetanarar som reiser for å studere i India, men nokon tek også si utdanning i Nepal. Av mine informantar var det ein del som sjølv hadde studert i India eller hadde familie som hadde tatt delar av si utdanning der. I Nepal må ein betale ei avgift for å kunne gå på skule. Når det gjeld finansiering av utdanning for dei tibetanske skuleelvane er det avgjerande for mange familiarer å ha sponsorar. Blant anna Tibetan Refugee Welfare Office bidreg med denne biten, dei har eit budsjett som er godkjent av eksilregjeringa i Dharamsala og deira jobb er å distribuere pengar til fattige tibetanarar i Nepal. Utdanning til born er prioritert. Dei arbeider òg med å skaffe sponsorar frå andre land som vil bidra til dette arbeidet.

*“Most children have sponsors, so usually the sponsors use to send money to our office and then we give that money to the school. And if they need some help we will try to help them solve the problem.”* Tibetan Refugee Welfare Office.

Denne økonomiske stønaden er viktig for mange familiarer, utan den kunne mange risikert å ikkje å ha råd til å gje borna sine skulegong. Snow Lion Foundation er underlagd eksilregjeringa, og dei jobbar blant anna med utdanning. I eit intervju med ein representant for utdanning kunne han fortelje om store variasjonar på kvaliteten på lærarar. Informanten frå SLF jobba med å kartlegge kvaliteten på lærarar og forbetra den. Særleg er det eit stort problem å skaffe lærarar til dei rurale områda, då blir gjerne resultatet at ufaglærte tar jobben som lærar og kvaliteten blir veldig varierande. For å gjere dette betre finns det kurs i regi av NFL som fokuserer på gode metodar for å undervise, i tillegg tilbyr dei økonomisk stønad til lærarar som vil vidareutdanne seg. Informanten frå NFL meinte det var problematisk at elevane måtte bestå i alle fag kvart år for å kunne gå vidare til neste trinn, han meinte at det var betre om det blei innført eit karaktersystem. Poenget hans var at dersom ein elev slit med eit fag og ikkje står er det stor sjans for at eleven droppar ut, og dermed bør ordninga endrast.

*“For example if one student like English or Nepali language, but if he or she don’t like the mathematics till class 10 he or she have to pass that subject, so because of that many of the*

*students drop out when they reach class 8- 9 because they are fed up with the mathematics, they don't like it.”* SFL.

### 2.3.1 Jordskjelvet 25.april 2015

Jordskjelvet som råka delar av Nepal hadde ei styrke på 7,8 på Richter skala. Nesten 9000 menneske døydde og langt fleire fekk heimen sin øydelagd (UNDP, 2016). Delar av Kathmandu blei råka. Informantar kunne fortelje om ein svært dramatisk dag, men ingen i flyktingcampen mista livet. Utfallet kunne ha blitt svært annleis dersom jordskjelvet hadde inntruffe ein av dei andre dagane i veka. Jordskjelvet var på ein laurdag, altso den einaste fridagen til skuleborna. Den tibetanske barneskulen i flyktingcampen blei øydelagd under skjelvet, men sidan det var på ein laurdag var der ingen tilsette eller born på skulen. Sjølv om ingen liv gjekk tapt var skulen øydelagd, dette løyste tibetanarane med å lage ein midlertidig skule. Då har

dei nytta  
bølgeblekk for  
å lage små  
rom som kan  
nyttast til  
klasserom. Eg  
brukte litt tid  
på denne  
skulen og fekk  
vere med på



Bilete 1: biletet av dei midlertidige klasseromma til tibetansk barneskule og bustadar i bakgrunnen

undervisninga, og ein merka fort at desse provisoriske klasseromma ikkje var særleg godt eigna. Det var trongt og lågt under taket, læraren hadde ei tavle på golvet og satt enten på ein liten stol eller sat på knea under undervisninga. I nokon av klasseromma hadde dei små bord som borna kunne sitte rundt, medan i nokon var der ikkje møblar i det heile teke. Under monsunregnet som herjar på sommartid var det ikkje mogleg å drive undervisning i desse romma fordi regnet som traff bølgeblekket lagde altfor mykje lyd. Når det var varmt var det også vanskeleg å opphalde seg i klasseromma. Heilt på slutten av tida mi i Nepal byrja tibetanarane å bygge ein ny barneskule, då hadde dei fått middel frå ei spansk dame som ville finansiere ein ny skule.

I tillegg til at barneskulen blei øydelagd fekk handverkssenteret òg hard medfart i jordskjelvet. Bygget var ikkje lengre trygt å opphalde seg i, dermed gjekk dette hardt utover

produksjonen av tepper. Det var sett opp nokon rom laga av bølgeblekk der arbeidarane kunne lage teppe, men produksjonen var sterkt redusert på grunn av plassmangelen.

Handverkssenteret er svært viktig for den tibetanske flyktningcampen med tanke på sysselsetjing og inntekt. Under mitt opphold i Nepal blei arbeidet med å rive restane av bygget sett i gong, og dei var usikre på korleis dei skulle finansiere eit nytt lokale. For å kunne drive ein teppeproduksjon trenger dei stor plass, bygget bestod av fleire etasjar både til produksjon og til framvising av ferdiglaga tepper.

Rett etter jordskjelvet frykta tibetanarane for liva sine og turte dermed ikkje å opphalde seg i husa sine, derfor budde alle saman i telt på ei fotballbane inne i campen i heile to månadar. For dei fleste gjekk dette greitt, men for dei eldre var dette ei stor påkjenning. Nokon av informantane fortel at dei var sikre på at dei kunne døy når som helst.

*“After it was constantly shaking. Someone didn’t survive, I thought I might die any time.”* Informant B (kvinne, 21 år).

For borna var det ekstra dramatisk. Som voksen kan ein forstå kva eit jordskjelv er, men for born er det annleis. På campen blei det sett i gong aktivitetar for borna slik at dei skulle få tankane vekk frå usikkerheita og redselen dei hadde opplevd.

Til tross for at dette var ei dramatisk fortel mange tibetanarar om eit samhald i det tibetanske samfunnet som gjorde denne perioden mykje lettare. Sjølv om dei hadde reist frå heimane sine og levde i konstans uvisse var denne tida likevel prega av medkjensle og omsorg for kvarandre i det tibetanske samfunnet.

*“Families and friends, everyone became closer. Everyone was helping each other and cooking for each other, everyone was worried about each other. That’s nice.”* Informant B (kvinne, 22 år).

I tillegg til at jordskjelvet var ei dramatisk oppleveling for folk har det sett djupe spor i det nepalesiske samfunnet. Særleg i dei fattige landsbyane er det eit stort problem. Den økonomiske påkjenninga for dette allereie ekstremt fattige landet er alvorleg, og oppbygginga vil kreve store summar og mykje tid. Økonomisk stønad frå eksterne aktørar vil derfor vere naudsynt, men uansett spelar den politiske situasjonen ei stor rolle for gjenoppbygginga av landet. Nepal var i utgangspunktet dårlig rusta for dette jordskjelvet. Nepal er eit fattig land, og dette inneber blant anna at mange bygningar og infrastruktur ikkje var bygd for å tåle eit jordskjelv. I følgje forsking på jordskjelvsyklosar var dette jordskjelvet venta, og det var berre eit spørsmål om tid før det råka (Globalis.no, 2016). Det var også merkbart for mange i

turistbransjen at færre turistar tok turen til Nepal etter jordskjelvet, og det fekk ringverknadar for mange ledd i bransjen.

### **2.3.2 Ny grunnlov og streik**

Frå 1996 – 2006 var det borgarkrig i Nepal. Under denne krigen blei kongedømmet avsett, og landet blei republikk i 2008. Sidan 2008 har regjeringa jobba med ei ny grunnlov, men det har tatt si tid (Globalis, 2016). 20.september 2015 fekk Nepal endeleg den nye grunnlova. Dette blei feira og sett på som ei stor glede. Eg og min medstudent blei tilfeldigvis med på ei feiring av den nye grunnlova. Då kunne ein sjå stor glede og stoltheit over at landet endeleg hadde fått si eiga grunnlov.

Gleda skulle vise seg å bli kortvarig for mange. Nokon regionar var ikkje fornøgde med den nye inndelinga av regionane. Særleg var ei folkegruppe i regionen Terai misfornøgde. Denne regionen ligg sør mot India, og for å protestere mot grunnlova var der mange opprør og samanstøyt. Stemninga mellom India og Nepal blei også spent etter at den nye grunnlova trådde i kraft. India har tette band med ei folkegruppe i sør, og var oppteken av at Nepal ivareteke denne gruppa (Norad, 2015). Den nye grunnlova legg opp til meir desentralisering og ei meir sekulær styreform. Det har ført til frykt for marginalisering blant dei ulike folkegruppene. Protestane i Terai-regionen kosta fleire titals menneske livet (Globalis, 2016). Som eit resultat av misnøya med grunnlova oppstod det ein blokade mellom India og Nepal. Transport av heilt sentrale varer stoppa nesten heilt opp.

Det første ein kunne merke i Kathmandu etter at streiken var sett i gong, var at trafikken plutselig var sterkt redusert. Det skuldast den avgrensa tilgangen på drivstoff. Myndighetene byrja å rasjonere drivstoff. Dette førte etter kvart til endelause køar, ein taxisjåfør eg satt på med fortalte at han hadde stått i kø i 8 dagar for 10 liter bensin. Det første sjølvsagt til at prisane på taxiturar gjekk kraftig opp, og dermed var alle bussane stappfulle. Ein kunne sjå folk som sat på taket, hang bakpå eller stod i døra på bussen. Ein måtte gjerne vente ei stund før det kom ein buss der det var mogleg å få plass. Eit anna stort problem var mangelen på gass, all matlagning føregår med gass sidan tilgangen på straum er svært varierande. På slutten av opphaldet mitt i Nepal kunne ein sjå folk lage mat på bål, og etter kvart blei menyane på restaurantar avgrensa med nokon få rettar på grunn av både mangelen på både varer og gass. Ein svart marknad oppstod som ein følgje av denne krisa, og det var dermed tilgang på både drivstoff og gass, dersom ein hadde pengar. Ein av informantane fortalte at han var nøydd til å kjøpe drivstoff på svartebørsen ettersom arbeidsplassen hans var eit stykke unna, og bussane

var umogleg å stole på. 1 liter med drivstoff kosta 40 norske kroner, dette er eit enorm innhogg i økonomien for ein vanleg familie. Han var svært usikker på kor lenge han hadde råd til å halde på slik.

Igjen stod skulegangen til born og unge i fare for å bli råka, etter å ha mista masse tid på skulen etter jordskjelvet var dette det siste dei trengte. Lærarar og elevar som er avhengig av transport til skulen sleit med å komme seg til skulen, og derfor stod nokon skular i fare for å måtte halde stengt. Nokon internatskular hadde gått tom for gass og nytta dermed bål for å lage mat.

*“Now the school are facing problems, the boarding schools are facing problems. They are using firewood for cooking. That’s a problem. The situation of Nepal, that’s why....We don’t want to disturb the education, so we really want it to continue.”* Snow Lion Foundation.

Streiken prega kvardagen til mange under mitt opphold i Nepal, og det var vanskeleg å sjå noko løysing i nær framtid. Ofte er det dei fattigaste som blir råka under slike kriser, og dette var ikkje noko unntak. Mangelen på heilt sentrale varer og prisauka på desse varene gjorde det vanskeleg for dei som allereie har lite. Slike hendingar kan påverke livelihood-strategiane til hushalda. Korleis det utarta seg vil bli løfta fram seinare i oppgåva, men slike kontekstuelle faktorar spelar ei stor rolle når det kjem til informantane sin livelihood-strategiar og hushalda sin sårbarheit.

# KAPITTEL 3

## TEORETISK RAMMEVERK – LIVELIHOOD OG FATTIGDOM

Department of International Development har sett på tilnærminga om livelihood som ein hjørnestein i ulike strategiar for å redusere fattigdom (Banik, 2006, s.84). Livelihood-strategiar er sentralt for å forstå korleis individ og hushald handterer fattigdom. Omgrepet livelihood har vore nytta til å analysere småbønder i rurale områder sine måtar å greier seg på. Livelihood er utgangspunktet for det teoretiske rammeverket. Det er også naudsynt å gjere greie for konseptet om *empowerment, capabilites, entitlements* og nokon av Bourdieu sine kapitalformer.

### **3.1 Livelihood**

Definisjonen på livelihood av Robert Chambers og Gordon Conway frå 1991 lyder slik:

*«A livelihood comprises the capabilities, assets (stores, resources, claims and access) and activities required for a means of living: a livelihood is sustainable which can cope with and recover from stress and shocks, maintain or enhance its capabilities and assets, and provide sustainable livelihood opportunities for the next generation; and which contributes net benefits to other livelihoods at the local and global levels and in the short and long term.»*  
(Scoones, 1998, s.5).


I sitt opphav var denne tilnærminga som sagt eit rammeverk for analyse retta mot bønder i rurale områder. Til tross for det er der element av den som kan nyttast i høve til analyse av dei tibetanske flyktningane i det urbane Kathmandu, og deira strategiar for eit betre liv. Definisjonen på livelihood omfattar evner, eigendelar og aktivitetar som kan brukast som eit middel for å leve.

Ein livelihood er berekraftig når det kan takle stress og sjokk, og den kan oppretthalde eller forbetre dei evner og eigendelar ein har no og i framtida (Chambers og Conway, 1991 s.11). Omgrepet berekraftig må forklara nærmare i denne samanhengen. Ein berekraftig livelihood kan vere knytt til miljøvern. Då dreiar det seg om korleis den påverkar dei lokale og globale ressursane. Dette er den ytre påverknaden ulike formar for livelihood fører med seg. I samband med livelihood kan berekrafta også dreie seg om sosial berekraft. Då er det snakk

om kva evne ein har til å takle stress og sjokk. Altså den indre kapasiteten ein har til å stå i mot det ytre presset (Chambers og Conway, 1998, s.9).

Som flykting vil ein mest sannsynleg oppleve stress og sjokk som påverkar dei ulike midla ein har for å leve, derfor er det relevant å nytte livelihood-modellen for å undersøke flyktingar sin bruk av kapitalformer. I denne samanhengen er omgrepet resiliens viktig, det dreiar seg om evna til å førebygge og redusere kriser og katastrofar. For å takle sjokk og stress er dette viktig, resiliens innebere at ein kan greie seg og tilpassar seg når utfordringar inntreffer. Resiliens omfattar å verne om det som trugar hushaldet sin livelihood (UNDP, 2010, s.3).

Ein viktig del av livelihood-modellen er som sagt det som blir kalla livelihood resources, det ein kan kalle kapital. Det som er viktig med dette er at desse kapitalane kan vere handfaste, eller abstrakte. Ein kan eige land, husdyr, sparepengar og liknande, men det kan også vere tilgang til informasjon og opplysning, utdanning, helseteneste og arbeid (UNDP, 2010, s.1).



Figur 1: Livelihood-modellen (Department for International Development, 1999)

Desse kapitalformene blir kategorisert inn i fem ulike kapitalar: menneskeleg, sosial, naturleg, finansiell og fysisk kapital. Den naturlege kapitalen er dei naturressursane ein nyttar for å overleve, medan finansiell kapital er tilgangen på kontantar, kreditt og sparing og fysisk kapital er dei ressursane vi sit igjen med etter ein har brukt pengar, det kan vere bruksgjenstandar, bustad eller andre viktige element i overlevinga. Kor vidt desse kapitalane er mogleg å ta i bruk vil vere med på å avgjere kva strategiar flyktingar kan anvende i sine liv (Sve, 2010, s.23). Ian Scoones skriv også om at evna til å opparbeide seg livelihood-

strategiar, og nytte det for overleving vil vere avhengig av dei ulike kapitalformene den enkelte har rundt seg og kan ta i bruk. Det fins mange måtar å kombinere dei ulike kapitalformene på, men det som er vesentleg er å ta i bruk dei ein har tilgang og kontroll på (Scoones, 1998, s.8). Det er tenkeleg at tilgangen på naturleg, fysisk og naturleg kapital er avgrensa for dei tibetanske flyktingane. Dermed blir dei ikkje like mykje omtalt i dette kapittelet. Eg skal her gå djupare i menneskeleg kapital og sosial kapital, desse to kapitalformene er interessante med tanke på at dei tibetanske flyktingane i Kahtmandu er urbane flyktingar, og dermed kan desse kapitalformene ha eit stort potensiale for vidare undersøkingar.

### **3.1.1 Menneskeleg kapital**

Denne typen kapital dreiar seg om evner, kunnskap, helse og evna til å arbeide (Scoones, 1998, s.8). I ein undersøking frå USA blir det sagt at menneskeleg kapital som immigrantar tar med seg til det nye landet er viktig (Portes og Kelly, 2008 s.13). Her er det snakk om faglege ferdigheiter og formell utdanning som strategi for å oppnå ein ynskja posisjon i velstand og status. Til tross for at det er forskjell på immigrantar og flyktingar, er desse menneska i ein lik situasjon i den forstand at dei er komen til eit nytt land og må etablere livet sitt på nye premissar. Det kjem også fram i den undersøkinga at konteksten i landet ein migrerer til er svært viktig for kor vidt ein greier å setje evnene ut i live.

Dei som flyttar til eit nytt land er i stor grad avhengig av at myndighetene ikkje har eit negativt syn på immigrantar. Dette er viktig for å bli akseptert og ta i bruk dei ressursane ein innehavar. Det å ikkje bli anerkjent for sine ferdigheiter og evner er eit problem for mange flyktingar. For å kunne ta i bruk evnene sine og omsetje menneskeleg kapital til lønna arbeid har vertslandet si innstilling til immigrantar stor betyding (Portes og Kelly, 2008, s.13).

Menneskeleg kapital er også med på å påverke oppbygginga av identitet i det nye landet og korleis ein tilpassar seg ein ny kultur (Colic-Peisker og Walker, 2003, s.339) Eit problem for mange flyktingar er at ein ikkje får brukt evnene sine i det landet dei flyktar til. Nokon får ikkje fullført utdanninga og mange manglar dokumentasjon på studiar eller arbeid (Sve, 2010, s.50) Nokon flyktingar er dermed avhengig av å ha eit mangfold av aktivitetar å støtte seg på, då har dei fleire alternativ for å sikre ein form for livelihood (Sve, 2010, s.51).

Hushaldet er av stor betydning i livelihood-modellen, og den gjer seg sterkt gjeldande i samband med den menneskelege kapitalen. Det dreiar seg om i kva grad ein høyrer til eit hushald og korleis det hushaldet er utforma. Om hushaldet har mange medlemmar og om

desse medlemmane kan bidra med arbeid, utdanning eller anna aktivitet vil vere viktig, og slik påverke den menneskelege kapitalen. Utdanning, erfaring, alder, kjønn yrke og slike faktorar er med på å avgjere kor vidt denne kapitalforma blir ein god strategi for hushaldet og kan bidra til ein berekraftig livelihood (Morse, McNamara og Acholo ,2009, s.24).

### **3.1.2 Sosial kapital**

Sosial kapital handlar om sosiale ressursar. Uformelle nettverk, medlemskap i formelle grupper og forhold basert på tillit som kan bidra til samarbeid og gje økonomiske moglegheiter (Scoones, 1998, s.8). I følgje ein studie om urbane flyktningar i Kampala er stønad frå sosiale nettverk svært viktig. Det gjeld både frå den lokale befolkninga og andre flyktningar. Saman med det sosiale nettverket og økonomisk stabilitet styrkar det resiliensen hos den enkelte (Thomas m.fl, 2011, s.2.). I eit urbant miljø utan store moglegheiter for dyrking av eigne matvarer og tilgang til eit stort utval av naturlege ressursar, kan det tenkast at sosial kapital blir endå viktigare.

Sosiale kapital må opparbeidast på eit vis, og det kan gjerast gjennom deltaking i dei ulike delane av samfunnet. Det kan vere gjennom utdanning, arbeid eller religiøs aktivitet. Det å etablere relasjonar og forhold er viktig for flyktningar i nye land. Det er med på å skape eit meiningsfullt liv, og samtidig som nye relasjonar blir danna er det også viktig at ein får halde på sin eigen identitet (Elliott og Yusuf, 2014, s.102). Å danne relasjonar til personar i sitt nærmiljø bidreg til kjensla av å kjenne seg heime. Denne kjensla av tryggleik er viktig. Religiøse institusjonar er også med på å gje flyktningar ei stemme i samfunnet, og ikkje minst er det for mange ei god emosjonell støtte ( Elliott og Yusuf, 2014, s.102).

Nokon greier å flykte med nokre eigendelar intakt, men dei fleste greier ikkje det. I stor grad er det mange som må etablere seg på nytt når ein har flykta til ein ny plass, og oppbygginga av sosial kapital er ein viktig del av det å skape seg eit nytt liv Å etablere ein sosial kapital er svært viktig for mange urbane flyktningar, og det er ei viktig hjelp når det gjeld å overkomme risikoar og sårbarheit (Buscher, 2011, s.23.). Sterke sosiale nettverk har fått status som den viktigaste faktoren i tre undersøkingar frå Women's Refugee Commission. Gjennom sosial kapital opplev flyktningar gjensidig vern. Eit anna sentralt poeng er at flyktningane hentar informasjon og opplysningar frå kvarandre. Det er gjennom kontakt med kvarandre flyktningane utvekslar informasjon om NGO'ar, arbeidsmoglegheitar og bustad (Buscher, 2011, s.23).

### **3.1.1.1 Bourdieu sine kapitalformer**

Ordet kapital er gjerne forbunde med økonomi, men Bourdieu forsøker å utvide betydninga av kapital til noko meir enn det (Reay, 2004, s.74). Som Scoones (1998, s.8,) skriv er ikkje kapitalformene i livelihood-modellen ei endeleg liste, og det er tenkeleg at andre former også er relevante. Dette gjeld blant anna to av Bourdieu sine kapitalformer. Pierre Bourdieu skriv om økonomisk, sosial, symbolsk og kulturell kapital. Eg skal her kort sjå nærare på kulturell kapital og symbolske kapital. Kulturelle kapital kan forståast i vid forstand. Bourdieu beskriv kulturell kapital som ein måte å tenke på, ein metode. Kapitalforma skal kunne tilpassast ulike empiriske kontekstar, og ikkje sjåast som eit rigid rammeverk (Reay, 2004, s.75). Kulturell kapital kan delast inn i tre former; nedfelt tilstand (embodied state), og det handlar om dei indre og langvarige ressursane ein har. Objektivert tilstand (objectified state) er dei eigendelar knytt til kultur, til dømes måleri, bøker, instrument og maskiner. Institusjonalisert tilstand (institutionalized state) dreiar seg om akademiske prestasjonar (Bourdieu, 1986, s.106,).

Symbolsk kapital er knytt til individuell prestisje og personlege kvalitetar (Reay, s.26, 1998). Vidare beskriv Bourdieu symbolsk kapital som ein form for kreditt, og dei som innehar symbolsk kapital har oppnådd tilstrekkeleg anerkjenning og kan slik nytte sitt omdømme til å gje andre anerkjenning (Bourdieu, 1989, s.23). Å ha oppnådd kvalifikasjonar innanfor utdanning gjev ei universell anerkjenning og vil sikre symbolsk kapital (Bourdieu, 1989, s.21).

### **3.1.3 Sårbarheit, stress og sjokk**

Livelihood-strategiar er berekraftige dersom dei tåler å bli utsett for stress og sjokk. Dei som ikkje er i stand til å tilpasse seg og greie seg gjennom stress og sjokk er sårbare, og sannsynet for at dei oppnår ein berekraftig livelihood er liten (Scoones, 1998, s.6). Faktorane som avgjer sårbarheitskonteksten til individua har ein direkte innverknad på moglegheitene ein har til å ha gode livelihood-strategiar (Tao og Wall, 2009, s.144). Ein kan ta utgangspunkt i to aspekt ved sårbarheit: ytre stress og sjokk som inntreff, og den indre kapasiteten ein enten har eller ikkje har for å handtere det (Chamber og Conway, 1991, s. 10). Faktorar som skapar stress for livelihood-strategiar kan vere få arbeidsplassar, därlege lønningar, degradert jord, ekskludering frå felles ressursar. Eller det kan vere å bruke mykje tid på anskaffing av drivstoff, fôr, beite, vatn. Stress kan også finne stad på spesielle tider på dagen, til dømes om det er særleg varmt eller kaldt på delar av dagen, eller andre ting som gjer det vanskeleg for arbeidet med livelihood. Det kan også vere knytt til sesong (Chambers og Conway, 1991, s.10). Slike faktorar kan skape problem for alle, men er kanskje særleg kritisk for dei som lev

av jordbruk. Sjokk som kan påverke lokalsamfunnet kan vere krig, forfølging, vald, tørke, stormar, flaum, brann, hungernaud, skred, epidemiar blant dyr og menneske eller kollaps av ein marknad. Sjokk som påverkar individ og hushald er ulukker, sjukdom, dødsfall (av familiemedlem eller verdifulle dyr), tjuveri og tap av arbeid (Chambers og Conway, 1991, s.10). Dei hushalda som har ein berekraftig livelihood kan handtere slike hendingar og komme seg på beina igjen. Redusering av sårbarheit har to dimensjonar. Den første handlar om eksterne aktørar som kan redusere stress og sjokk ved å førebygge mot flaum, beredskapsplanar for katastrofar, offentleg arbeid utanom sesong (jordbruk) og førebyggande tiltak mot sjukdom. Den andre dreiar seg om det interne, private handlingar. Hushald kan utvide sitt repetoar og dermed takle stress og sjokk utan like stor tap, og på ein meir gunstig måte (Chambers og Conway, 1991, s.11).

For å kunne danne og ta i bruk dei ulike kapitalformene og strategiane har det mykje å sei kva kontekst ein person er i. Nokon flyktningar kryssar grenser til land som er prega av konflikt, vald og anna form for uro. Dette verkar inn på kva levebrød som kan verkeleggjerast og oppretthaldast (Jacobsen, s.100, 2002). Flyktningpolitikken til vertslandet, altså konteksten, har stor betyding for flyktningane si sårbarheit og evne til å danne seg ein livelihood.

Jacobsen (2002, s.103,) listar opp ulike faktorar som kan føre til at flyktningar ikkje skaffar seg ein form for livelihood:

- Vertslandet ynskjer ikkje å permanent busetje flyktningane.
- Dårleg vern og fysisk tryggleik for flyktningane.
- Redusert fridom, mobilitet og avgrensa busetjing (settlements).
- Reduserte rettar innafor eigedomsrrett og arbeid.

I mange vertsland blir flyktningar behandla som ulovlege immigrantar, det innebere ofte få rettar og dårlig vern frå myndighetene. Til døme fins det flyktningar som bur i grenseområder og er derfor *prima facie* refugees, som betyr at ikkje vore gjennom prosessar der det blir avgjort om dei skal få status som flyktning. Dei kan gjerne verte omtalte som flyktningar av UNHCR, men ikkje av vertslandet. Dette gjer deira juridiske status usikker, noko som set dei i ein vanskeleg situasjon. Det kan innebere omplassering eller at dei blir sendt heim, men til tross for dette er det mange flyktningar som aktivt søker ulike former for livelihood.

### **3.2 Handlingsrom som fattig og statslaus**

Flyktningar må som regel reise frå eigendelar, utdanning, jobb og liknande, og det vil gjerne føre til at livet i det nye landet gjerne er prega av fattigdom. Å vere fattig innebore ikkje berre at inntekta er låg, men det betyr også at har mangel på tilgang til ei rekke viktige ting. Ein manglar mat, helseteneste, vern mot naturen, tryggleik og politisk påverknad. Ein ser slik at fattigdom er eit komplekst omgrep med mange ulike faktorar. Fattigdom og utvikling er også bunden tett saman, det gjeld både for enkeltmenneske og den internasjonale arena (Banik, 2006, s.11). Som ein fattig person er ein involvert i ein del risikoar og finn seg sjølv i ein sårbar situasjon, fattigdom påverkar både individ og hushald sine moglegheiter til å tene til livets opphold. Ein står i stor grad utan noko form for vern og ein blir utsett for sjokk og stress (Banik, 2006, s.15). Å måle denne sårbarheita er komplisert. Ein tek då utgangspunkt i faktorar som investering i helse og utdanning, tilstanden til bustad og utstyr, tilgang til offentleg infrastruktur og moglegheit til sparing.

Banik (2006, s.18) skriv om ei undersøking, kalla *Voices of the Poor*, utført av Verdsbanken. 40 000 fattige i 50 ulike land blei spurt korleis dei vil definere fattigdom. Utifrå resultatet på denne undersøkinga kom det fram at fattigdom er multidimensjonalt, og det blei delt opp i fem dimensjonar. Den første dimensjonen dreiar seg om mangelen på mat, det gjeld også kvaliteten og kvantiteten på maten. Så kom mangelen på grunnleggande infrastruktur, vegar i rurale område, transport og vatn som den andre dimensjonen. I den tredje dimensjonen blir det psykologiske aspektet framheva, nemleg at fattigdom innebore det å vere utan makt og utan ei røyst, mangel på sjølvstende, skam og audmjuking. Utdanning blir utheva som ein eigen dimensjon, utdanning for fattige kan vere med på å skape konkrete moglegheiter for endring og betring. Som ein femte dimensjon kjem det fram at det som er viktig for fattige er ikkje å snakke om inntekt, men ein fokuserer heller på det å vere i stand til å administrere dei kapitalformene ein har. Dette hamnar i fokus for korleis ein skal klare seg til tross for sårbarheit, og denne administreringa har ofte sterke kjønnsroller. Kvinner og menn får ulike oppgåver i overlevinga. Denne studien legg også stor vekt på at fattige er avhengige av sine uformelle nettverk for overleving, derfor må staten si rolle bli styrka for å kunne redusere fattigdommen (Banik, 2006, s.18).

#### **3.2.1 The Capability Approach: entitlement og capability**

Økonomen Amartya Sen snakkar om konseptet med 'entitlement', det vil sei retten til noko. Sen påpeikar at svolt og hungersnaud kan finne stad i land eller regionar der det er ein overflod av mat, og likevel svelt nokon. Dette kallar han 'entitlement collapse', dette betyr at

folk greier ikkje skaffe seg mat på den juridiske rette måten. Det inkluderer også moglegheita til produksjon, handel og andre måtar å skaffe seg mat på (Banik, s.16, 2006). Sen meiner ein kan unngå hungersnaud og svolt ved å verne om rettane til folk, og dei som har vore utan rettar kan gjere krav på dei. Dette inneber at styresmaktene legg til rette for dette. Det krev blant anna at folk får moglegheit til å delta i den økonomiske utviklinga, avskaffing av væpna konflikt og eit velferdssystem. Sen snakkar om capability, altså dreiar det seg om evner. Det handlar om den grunnleggande kapasiteten som får menneske til å fungere, og gjev menneske ein fridom til å føre det livet ein sjølv vel. Sen omtalar capabilities som det folk kan utrette med sine rettar, altså sine entitlements. Fattigdom er eit resultat av at desse grunnleggande evnene ikkje er til stades. Derez og Sen skriv det slik i boka si Hunger and Public Action: “*While entitlements of a person is a set of alternative commodity bundles, the capability of a person is a set of alternative functioning bundles*” (Banik, 2006, s.17). Her kan ein sjå samanhengen mellom rettar og evner, det dreiar seg om at dersom ein har rett til noko, vil ein ha større kapasitet og eit større mangfold av moglegheiter for å nytte seg av evner. Ein viktig fordel med å ta i bruk evner og den kapasiteten ein innehavar, er at då kan ein ta høgde for individuelle skilnadar og føresetnadnar. Slik får ein litt fleire nyansar med i biletet, enn om ein berre tek omsyn til kva rettar og krav ein person kan stille seg bak.

### **3.2.2 Statsborgarskap**

“*In most general terms, citizenship can be identified as (the terms and conditions of) political membership in a democratic society*” (Pfister, 2010 s. 244). Denne svært generelle forklaringa av statsborgarskap peikar på medlemsskap i det demokratiske samfunnet. Å høyre til ein stat og vere statsborgar er med på å gje visse rettar. Når ein då er statslaus er ein seg straks i ein meir sårbar situasjon. Å vere flyktning og komme til eit nytt land innebere ikkje at ein automatisk får statsborgarskap i det nye landet. Dersom ein er statslaus vil individet sitt handlingsrom bli redusert.

FN sin konvensjon frå 1954 definerer ein statslaus person som ein person som ikkje høyre til nokon stat, og heller ikkje då noko form for lovgjeving. Denne konvensjonen skal sikre å dekkje dei mest grunnleggande behova. Konvensjonen skal også sikre at statslause får hjelp til praktiske problem, og slik kan redusere sin sårbarheit (FN-sambandet, 2016). Til tross for at denne konvensjonen fins er situasjonen for mange statslause verda over svært kritisk. Når ein ikkje høyre til ein stat fell ein utanfor i mange samanhengar. Viktige rettar som tilgang til utdanning, helsetenestar og arbeid blir sterkt redusert. Nokon lev som statslause i fleire generasjonar, og blir aldri ein del av samfunnet (FN-sambandet, 2016). Dette sitatet beskriv

situasjonen til tibetanarar som er flykta til Nepal: “*While Nepal’s Citizenship Act makes many Tibetan residents theoretically eligible for citizenship, the government does not view citizenship as a viable option for Tibetans. Officials argue Tibetans never relinquished their prior citizenship and discrimination against them runs high.*” (Landinfo, s.3, 2010)

Dette er eit døme på at det fins føreskrifter som skal gjere det mogleg å bli statsborgar i eit nytt land, men praksisen tillèt det ikkje. FN reknar med at det fins heile 12 millionar statslause i verda, og årsakene til at mange blir statslause er ofte fordi ein er på flukt og diskriminering av minoritetsgrupper. Konsekvensane for desse menneske er som sagt stor og deltaking i samfunnet blir komplisert og vanskeleg (FN-sambandet, 2016).

### **3.2.3 Empowerment**

Empowerment er eit engelsk uttrykk som er vanskeleg å oversetje til norsk utan at innhaldet i omgrepet endrar seg. Dermed vil det engelske uttrykket bli nytta. Det finns mange definisjonar av empowerment, men Banik (2006, s.207) nyttar følgjande definisjon:

“*Empowerment refers to the expansion in people’s ability to make strategic life choices in a context where this ability was previously denied to them*”

Det er ein skiland på å ha makt og vere empowered. Personar som alltid har hatt moglegheit til å føreta ulike val er dei som har makt. Medan dei som ikkje er empowered har ikkje same valmoglegheita. Empowerment viser dermed til endring i ein person sitt liv, spekteret av valmogleheiter blir større (Banik, 2006, s.207). Dette dreiar seg om å ha makt over noko, eller prosessen der ein tileignar seg kontroll over ressursane sine, både handfaste og abstrakte. Det handlar også om korleis menneske ervervar påverknad over sitt eige liv, og slik kan dra nytte av moglegheiter (Boudet, A.M.M, Petesch, P. Turk, C, Thumala, A., 2013, s.31). Makt er eit omgrep som blir knytt til empowerment, men det finns ulike måtar å tolke og nytte dette omgrepet. *Power over* handlar om å kontroll over institusjonar, ressursar og folk. Denne typen makt vil innebere evne til å utrette noko, eller endre noko i positiv retning. Likevel har denne typen kontroll vist seg å vere knytt til å undertrykke og kontrollere andre sine tankar og handlingar. *Power within/power with* tek omsyn til den individuelle forståinga og medvitet individet har i forhold til eigne handlingar og tankar. Dette maktkonseptet vil vere eit resultat av kollektiv handling som konstruerer *power to*. *Power to* er å verkeleg vere i stand til å utrette ei positiv endring (Aguirre, 2012, s.15).

Aguirre (2012, s.15) viser til Kabeer (1999) sin definisjon av empowerment, og då er moglegheitene til å føreta val sentralt. For at det skal vere eit reelt val er det to vilkår som må vere til stades. Det første vilkåret er at valet må bestå av fleire alternativ, og det andre vilkåret er at desse alternativa må vere synlege for folk. Det vil sei at alternativ kan eksistere, men er likevel ikkje mogleg for folk å velje. Dersom valalternativ blir utelatt kan ein ikkje sjå slike val som empowerment. Eit anna viktig omgrep innanfor empowerment er konseptet om *agency*, og det handlar om vala individ kan føreta. *Agency* er dei måla ein set seg og kva strategiar ein nyttar for å oppnå dei. Der er passive og aktive formar for *agency*. Passive former dreiar seg om handlingar ein føretar utan særleg mange andre alternativ, medan aktiv form for *agency* dreiar seg om målretta åtferd.

Vala individ kan ta blir i stor grad påverka av konteksten rundt, dermed må ein sjå på omgrepet *opportunity structures*. Det handlar om ressursar, institusjonar, etablerte prosessar (tradisjonar, moral, kjønnsnormer) og andre faktorar som påverkar empowerment. For at *agency* skal komme til sin rett må konteksten ligge til rette for dette. Formelle og uformelle reglar, lokale institusjonar og det sivile samfunnet er ein del av den sosiale strukturen kor ein kan verkeleggjere vala sine (Boudet, A.M.M, Petesch, P. Turk, C. Thumala, A., 2013, s.32). Om konteksten ligg til rette for utdanning er viktig for denne oppgåva, og historisk er utdanning sett på som ein sentral del av empowerment for samfunnet og for enkeltindivid (Hannah, 2008, s.37).

### **3.2.4 Utdanning og utvikling**

I UNESCO sin rapport, World Education Forum 2015, blir utdanning sett på som den mest verdifulle investeringa eit land kan gjere. Utdanning er i følgje denne rapporten vegen mot ei berekraftig utvikling, redusering av fattigdom og likestilling. Allereie i 1990 blei det vedteke på ein konferanse i Jomtien i Thailand at alle born skal ha eit tilbod der dei grunnleggande ferdigheitene skal utviklast. Her var målet blant anna at alle born skulle innskrivast på barneskulen, redusere analfabetisme blant vaksne, likestilling innafor utdanning og forbetring av kvaliteten på utdanning (WEF, 2015, s.11). Desse grunnleggande ideane blei tatt med vidare til World Education Forum i 2000 i Dakar. Deretter blei utdanning for alle ein del av FN sine tusenårsmål, det dreia seg då om utdanning for alle born i verda og eit likestilt utdanningstilbod.

Desse tankane har blitt vidareført inn i World Education Forum for 2015, der måla for 2030 har blitt vedteke. Den globale utdanninga har også fått nytt innhald der Sustainable

Development Goals (SDG) for 2030 har blitt eit viktig rammeverk. Tanken er at utdanning er sentralt for å kunne verkeleggjere ei berekraftig utvikling. Det er ikkje nok med teknologiske løysingar eller politiske reguleringar. Tankemønster og haldningar blant folk er også ein del av ei berekraftig utvikling. I denne deklarasjonen frå Incheoen i Korea anerkjenner ein arbeidet som er gjort for å sikre utdanning for alle, men at det framleis er mange mål som ikkje er nådd. Deira visjon er å transformere folk sine liv gjennom utdanning, og utdanning får rolla som den viktigaste drivkrafta for utvikling og middel for å nå måla om ei berekraftig utvikling. Ikkje minst er det heilt sentralt at utdanning er ein grunnleggande menneskerett (WEF, 2015, s.12).

### **3.3 Kva er ein flyktning?**

FN sin flyktningkonvensjon frå 1951 og tilleggsprotokollen frå 1967 er eit av dei viktigaste dokumenta for vern av flyktningar. Denne konvensjonen skal sikre at alle som er på flukt frå heimlandet sitt skal få opphald i eit anna land til det er trygt å reise heim igjen. Krava som er blitt definert for kva som er ein flyktning er også vedteke i denne konvensjonen (Flyktninghjelpen, 2015). Konvensjonen skal også sikre at personar ikkje blir sendt til andre land der det er frykt for forfølging, for det er staten som skal ta i mot flyktningar og sørge for at rettane blir ivaretakne (FN-sambandet, 2016). Konvensjonen seier også at det berre er sivile som kan få status som flyktning, soldatar eller personar som deltek i militær aktivitet kan ikkje få vern under FN sin flyktningkonvensjon (FN-sambandet, 2016). I dag er det 147 land som har ratifisert konvensjonen frå 1951 og/eller protokollen frå 1961, det vil sei at desse landa er forplikta til å sørge for at innhaldet i desse konvensjonane faktisk blir følgd opp. Kina har signert og ratifisert denne avtalen, det har ikkje Nepal (Flyktninghjelpen, 2015).

Å få status som flyktning innebere at ein oppfylle nokre krav. I følgje FN er ein flyktning ein person som har flykta frå heimlandet sitt fordi ein med rette fryktar for forfølging på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller høyre til ei bestemt sosial gruppe. Personen må også ha kryssa ei internasjonal landegrense, då kan personen få vern under FN sin flyktningkonvensjon (FN-sambandet, 2016). For å framheve ein kontrast fins der også menneske som er på flukt i eigne land, men dei har ikkje status som flyktningar, dei blir kalla internt fordrivne. Sidan dei ikkje har kryssa noko internasjonal landegrense er dei heller ikkje verna av FN sin flyktningkonvensjon og får ikkje tilgang til den same hjelpa.

# KAPITTEL 4

## METODISK TILNÆRMING

Under mitt to månadar lange felter arbeid i Kathmandu gjennomførte eg intervju, observasjon og feltsamtalar. Den største delen er kvalitative intervju. Då intervjuet var hovudsakleg tibetanske flyktingar mellom 19-35 år, men også andre viktige aktørar i det tibetanske samfunnet. I samband med desse intervjuet brukte eg ein del tid i denne campen, og dermed fekk eg sett store delar av kvardagen deira og prata med mange utan at det har blitt nytta i denne oppgåva. Til tross for at det ikkje blir nytta direkte i oppgåva var det likevel nyttig for meg, slik kunne eg lettare få eit heilskapleg inntrykk av korleis livet er for dei tibetanske flyktingane. Uformelle samtalar med tibetanarane om folk eg burde kontakte og korleis eg kunne komme meg til ulike plassar var også svært nyttig for mitt felter arbeid. Eg observerte klasseromsundervisning ved ein tibetansk barneskule. I tillegg observerte eg undervisning hos ein NGO, den fungerte som eit læringscenter for tibetanske flyktingar. For det meste gjennomførte eg intervjuet i ein flyktingcamp for dei tibetanske flyktingane, men nokon av dei gjennomførte eg i ein annan bydel av Kathmandu der det bur mange tibetanarar, men dei bur meir spreidd enn tibetanarane i campen. Vidare i denne oppgåva skal også dei etiske omsyna drøftast, val eg har tatt og mi rolle som forskar. Felter arbeid er arbeid som innebere etisk refleksjon sidan møtet med menneske skal behandlast på ein respektfull og verdig måte.

### **4.1 Kvalitativ metode**

I mitt masterprosjekt er kvalitativ metode heilt sentral, datamaterialet blei produsert gjennom kvalitative intervju. Kvalitativ metode dreiar seg om å forstå sosiale fenomen, og metoden egnar seg godt til å studere personlege og sensitive emne (Thagaard, 2009, s.12). Kvalitativ og kvantitativ metode undersøkjer sosiale fenomen på ulike måtar. Kvantisative metode er gjerne ekstensiv, altså har mange einingar og få variablar. Medan kvalitativt forskingsdesign er intensivt, då er det få einingar og mange variablar (Aase og Fossåskaret, 2007 s.21).

Kvalitativ forsking kan gjennomførst på veldig ulike måtar og tilpassast forskingssituasjonen. Dei kvalitative tilnærmingane omfattar intervju, observasjon, analyse av verbale og visuelle uttrykk og analyse av audiovisuelle opptak av situasjonar utan forskaren (Thagaard, 2009, s.13). Mitt arbeid har i all hovudsak bestått av intervju, og gjennom slike kvalitative intervju oppretta det ein kontakt mellom forskar og informant, og då blir det reist ei rekke metodiske og etiske utfordringar (Thagaard, 2009, s.11). I ei verd som stadig utviklar seg og ein

teknologi som tilbyr gode metodar for innsamling av data, er der framleis mykje vi ikkje veit. Dermed er det eit behov for å kunne gå djupt inn ulike saker og forske på det, og til dette kan vi nytte kvalitativ metode (Krumsvik, 2014, s.18). Dette er ei kort og grov inndeling av kvalitative metodar. Mitt arbeid består i all hovudsak av kvalitative intervju med 35 ulike informantar.

#### **4.1.1 Feltarbeid**

Feltarbeid innebere at forskaren opphelde seg blant dei personane som skal studerast, i deira omgjevnadar. Samhandling mellom folk blir observert, på same tid som ein forsøker å delta i denne samhandlinga (Aase og Fossåskaret, 2007, s.61). Feltarbeid kan bestå av intervju, observasjon og deltakande observasjon. I tillegg er feltsamtale ein eigen form for innsamling, det dreiar seg om den kvardagslege praten mellom folk, altså ikkje avtalte intervju (Aase og Fossåskaret, 2007, s. 30). Feltsamtalar oppstod stadig i mitt feltarbeid. Eg var som sagt ein del i flyktningcampen og intervjuja folk. Når eg leita etter nye informantar møtte eg ofte tidlegare informantar og slo av ein prat med dei, då fekk eg oppdateringar på korleis det gjekk med dei. Då streiken byrja å gje følgjer for folk nytta eg gjerne desse feltsamtalane til å snakke om korleis streiken påverka dei. Dessutan formidla dei gjerne nepalesiske nyhende om streiken til meg.

Feltsamtalar oppstod gjerne i samband med intervjustituasjonen, når intervjuet var over og opptakaren var skrudd av tok gjerne informanten meir styringa over samtalen. Då kunne nokon stille meg mange spørsmål og inviterte meg gjerne på te. Desse typane samtalar kan sjåast som ein del av observasjon og deltakande observasjon, i og med at observasjon også kan omfatte det ein høyrer (Aase og Fossåskaret, 2007, s.31). Utover denne typen observasjon var eg også med å observerte undervisning på ein tibetansk barneskule. Deltakande observasjon handlar eit deltek i den sosiale samanhengen ved å småprate og tilbringe tid der informantane er. Det innebere nødvendigvis ikkje å oppføre seg på same måte som informantane (Fangen, 2011, s.37).

#### **4.1.2 Intervju**

Fleksibilitet er viktig i eit kvalitatittivt intervju. Ein skal sjølvsgått ha ein plan for kva ein vil finne ut, men det må på same tid vere ein openheit for at tema som ikkje var planlagd blir snakka om. For å få å kunne produsere godt datamateriele innebere det at ein har førebudd gode spørsmål og er i stand til å skape ein god relasjon til informanten, og samtidige lyttar til det som blir sagt. Det er mange ting som kjenneteiknar eit kvalitatittivt intervju, men det er

likevel ulike måtar å byggje det opp på. Alle intervjua er transkribert, og dei er sitert slik dei har uttalt seg.

Mine intervju var utforma som delvis strukturert, eg hadde på førehand utforma ein delvis strukturert intervjuguide. Det innebere at dei ulike tema er blitt definert og fastlagd, men rekkefølga er meir tilfeldig og fleksibel. Sjølv om eg hadde utforma denne intervjuguiden blei den utover feltarbeidet mitt for det meste nytta som ei slags huskeliste, slik at eg kunne kontrollere at eg hadde spurt om dei viktigaste tinga. Under intervjuha nytta eg lydopptakar, noko som var eit heilt naudsynt hjelpemiddel for å kunne dra mest mogleg nytte av intervjuha. Styrken til denne forma for intervju er at forskaren får svar på dei spørsmåla som er førebudd, men informanten kan framleis fortelje fritt (Thagaard, 2009, s. 89). Sjølv om det var visse tema eg var oppteken av å prate om var det rom for at informanten kunne ta opp tema. Dette syns eg var svært viktig, sidan førehandskunnskapen min var avgrensa. Dessutan gjorde eg det tydeleg for informanten at eg var svært interessert i høyre kva vedkommande hadde å seie. Nokon var nemleg overtydde om at dei ikkje hadde noko å fortelje og mange undervurderte sine eigne bidrag. «Dersom ein intervjuar, ikkje har interesse for eller er kjenslevar overfor intervjupersonane, blir det mykje vanskelegare for ein forskar, å lære intervjupersonen å kjenne» (Krumsvik, s. 128, 2014). Alle intervju er krevjande på sin måte, uansett kva metode det dreiar seg om, men nettopp det ekstra aspektet som Krumsvik bringer fram i dette sitatet tenkjer eg er svært sentralt for mitt prosjekt. Mange av mine informantar fortalte historier eg seint kjem til å gløyme. Krumsvik (2014, s.131) argumenterer for viktigeita av dette og skriv at forskaren er det primære instrumentet i kvalitative studiar og dermed avgjerande for kvaliteten på intervjudata som blir samla inn. Å vere kjenslevar ovanfor informantane mine var ikkje den største utfordringa med å gjennomføre desse intervjuha, men eg støtte på andre utfordringar og blant desse utfordringane var språk ein av dei.

#### **4.1.3 Språk**

Før eg reiste til Nepal var innstilt på å tilsette ein person som kunne vere tolk gjennom prosjektet mitt, men tanken var å løyse dette problemet når eg var framme i Nepal. Tidleg i opphaldet fann eg ut kor store delar av tibetanarane helde til. I det området låg eit stort handverkssenter drive av det tibetanske samfunnet. Der gjekk eg innom og fekk snakka med ein av dei tilsette der, eg forklarte kva eg skulle gjere i Nepal og fekk snakka mykje med ein av dei tilsette der som snakka godt engelsk. Eg spurte han om det var mogleg å tilsette han som tolk og få hjelp til gjennomføring av intervju. Han meinte at den aldersgruppa eg skulle intervju ville ha greie engelskkunnskapar, og at det derfor ikkje var naudsynt å nytte ein tolk.

Til tross for dette tilbydde han seg å finne informantar og vere tilgjengeleg dersom eg ville ha ein tolk. Første intervjuet eg gjennomførte var med ei venninne av han, han var med då eg gjennomførte dette intervjuet, men eg hadde ikkje bruk for tolk. Dette viste seg å stemme for dei aller fleste tilfella, engelskkunnskapane var jamt over greie. Likevel opplevde eg nokon tilfelle der språket blei ein barriere. For det første er ikkje engelsk mitt morsmål, og dermed uttrykte ikkje eg meg ikkje alltid like godt. I tillegg er det heller ikkje informantane sitt morsmål, og nokon blei ekstra usikre på seg sjølv på grunn av det språklege.

Eit par gongar møtte eg på informantar som såg ut til å vere i rett aldersgruppe, men dei snakka ikkje engelsk. Det er då truleg at dei har minimalt med skulegong, og dermed ville deira synspunkt vore interessante. Dei fleste informantane hadde nemleg som regel 12 år med skulegong bak seg, denne gruppa som ikkje snakka engelsk er derfor ikkje representert i mine studiar. Eg gjorde eit val om å ikkje nytte tolk fordi det var ikkje naudsynt i dei aller fleste tilfella og det gjorde den praktiske organiseringa mykje lettare. Dessutan slapp eg då å forholde meg til endå eit ledd i intervjugprosessen, og ta omsyn til at tolken sjølv kan gjere sine eigne tolkingar av det informanten seier. Det er liten tvil om at bruk av tolk vil by på utfordringar reint metodisk, og det vil påverke tolking og analyse av det innsamla materialet (Dalen, 2011, s.30).

Ein må vere klar over at når ein brukar tolk i forsking er det viktig at den personen ikkje berre kan språket, men må også vere medviten om si eige rolle, tolken må vere kompetent til å takle varierte situasjonar og bygge tillit hos informanten. Det kan også vere tilfelle at tolken ikkje forstår fagomgrep eller misforstår det som blir sagt, dermed kan dette ekstra leddet i kommunikasjonen påverke datainnsamlinga (Dalen, s.29, 2011). Til tross for at eg ikkje nytta tolk var språk ei utfordring for gjennomføringa av intervju, og særleg når det kom til arbeidet med transkriberinga. Dette arbeidet kunne vere svært tidkrevjande, mange intervju var for det første svært lange og informasjonstette, men også fordi at nokon av informantane snakka utydeleg og det kunne vere vanskeleg å tolke kva dei sa. Dermed kunne det nokon gongar ta lang tid å resonnere seg fram til kva informanten prøvde å formidle. Nokon gongar var omgjevnadane rundt intervjuet svært bråkete, og det gjorde det til tider endå vanskelegare å få tak i kva informanten sa. Til tross for at språket var ei ekstra utfordring var det ikkje ei stor hindring for studiane, men det gjorde nokon av ledda i prosessen meir tidkrevjande.

## 4.2 Val av metode

For å få svar på problemstillinga gjeld det å velje den metoden som passar, og dermed valte eg kvalitativ metode. At metoden passar innebere ikkje berre at eg på ein god måte kan belyse problemstillinga, men også at det let seg gjennomføre. Kvalitativ metode blir gjerne nytta når ein skal drive forsking blant svakare stilte grupper i samfunnet, det er fordi i kvalitativ metode kan forskaren nytte lang tid på å etablere kontakt med informantane (Thagaard, 2009, s.12). At dei tibetanske flyktningane er marginalisert er ikkje noko eg på førehand veit, men det er ei hypotese. Eg vil gå inn på tema som krev at eg er i stand til å opprette eit forhold basert på tillit og tryggleik med dei eg skal intervju. Dessutan kan ein gjennom det kvalitative intervjuet få fram korleis det enkelte individ forstår og tolkar sin situasjon, og ikkje minst får ein fram mange nyansar av fenomenet ein vil undersøke gjennom eit kvalitativ opplegg (Jacobsen, 2005, s.131).

Kvalitatitt intervju var eit naturleg val i og med at denne oppgåva skal belyse innhald i eit fenomen, ikkje utbreiinga av eit fenomen. Det var eit mål å gå djupare inn i kva rolle utdanning spelar for tibetanske flyktningar. Fokuset er ikkje å sjå kor mange av dei tibetanske flyktningane som tek utdanning. Ein anna svært viktig årsak til at eg valte kvalitativ metode er at i utgangspunktet hadde eg svært lite kunnskap om det eg skulle undersøke, det gjeld både Nepal som land og situasjonen til flyktningane som bur der. I ein slik situasjon kor kunnskapen er mangefull og uklar, hevdar Jacobsen (2005, s.13,) at kvalitativ metode egnar seg best. Gjennom denne metoden har eg fleksibiliteten eg treng for å gjennomføre undersøkinga, og endre kva eg skulle undersøke undervegs. Denne fleksibiliteten var absolutt naudsynt for gjennomføringa av mitt felter arbeid. Prosjektet blei ikkje endra drastisk, men nye opplysningar og viktige poeng ville gått tapt dersom eg ikkje hadde hatt denne moglegheita. Til tross for mange gode grunnar til å velje denne metoden betyr ikkje det at den er helt ideell, der fins likevel ulemper med denne metoden.

#### **4.2.1 Ulemper og utfordringar**

Det fins fleire ulemper og utfordringar som er knytt i til kvalitativ metode. Blant anna er den svært ressurskrevjande, og for å få dei gode og djupe intervjuia eg ville ha krevde det mykje tid. Når eg prioriterte å gjere slike intervju går det på bekostning av talet på informantar. Dei informantane eg har intervjuia er ikkje representative for nokon andre enn seg sjølv Dermed blir ikkje mitt studie representativt (Jacobsen, 2005, s.130). Gjennomføringa av felter arbeidet var tidkrevjande og stort, og etterarbeidet av dei kvalitative intervjuia er òg ein stor prosess. Eit rikt datamateriale vil sørge for det nyanserte biletet eg vil ha, men då blir ein ryddig og god struktur viktig. Den komplekse informasjonen eg har fått inn gjorde analysen tidkrevjande og

omfattande (Jacobsen, 2005, s. 130). Dessutan må framstillinga av denne informasjonen vere rettmessig.

På førehand var eg klar over at mine studiar kan potensielt innebere sårbare tema og det er tenkjeleg at nokon informantar kan oppstre reservert i forhold til desse spørsmåla. Å få svar på desse vanskelege spørsmåla på ein god måte er viktig, og det er min jobb å oppstre slik at informanten vil svare. Som Thagaard (2009, s.94) skriv er det viktig at intervjuaren gjev positive tilbakemeldingar på det informanten fortel. Dette er viktig når intervjuet handlar om noko som er vanskeleg for informanten. I mine intervju opplevde eg at eg bevegde meg inn på desse sårbare tema, og for mange var det ikkje noko problem å snakke om, men for andre var det ikkje like lett. Fattigdom, dødsfall, vonde barndomsminner og sakn etter familie var såre tema som dukka opp under intervjuen. I ein slik samanheng var det einaste eg kunne gjere å vise at eg brydde meg og hadde medkjensle. Ikkje minst var eg veldig takksam for at informantane mine ville dele sine historiar med meg. Refleksjonar rundt dette kjem eg tilbake til seinare i kapittelet. Ei anna utfordring med det kvalitative intervjuet er at ein risikerer at intervjuen har dårlig progresjon, informasjonen ein vil ha uteblir. Dersom dette skjer må ein på ståande fot kunne gjere nokon grep. For å få informanten i ein flyt er det viktig å stille spørsmål som dreiar seg om konkrete erfaringar og episodar, dette gjev informanten noko handfast å snakke om (Thagaard, 2009, s.94).

### **4.3 Informantane**

Det er ikkje alle informantane som vil bli nytta direkte i denne oppgåva, men dei har likevel vore viktige i mitt arbeid. Gjennom desse informatane sit eg med masse bakgrunnskunnskap om det tibetanske samfunnet i Kathmandu. Eit døme er blant anna at gjennom ein politisk leiar eg snakka med, fekk eg vite at dei gjennomfører eit hemmeleg val i det tibetanske samfunnet. Ved å ha denne samtalen med han blei eg medvit om dette og kunne derfor snakke med dei tibetanske flyktningane om dette valet. Samla sett er desse alle mine informantar (sjå vedlegg):

- 25 tibetanske flyktningar i alderen 19-35 år.
- Ein tilsett ved Snow Lion Foundation.
- To tilsette på det tibetanske handverkssenteret.
- Lokalleiar for eksilregjeringa.
- Ein tilsett ved eit læringscenter for unge frå Tibet.
- Ein tilsett ved mottakssenter for tibetanske flyktningar.

- UNHCR.
- Tibetan Refugee Welfare Office.
- Swiss Development Corporation.

#### **4.3.1 Utval av informantar**

Utvalet av dei 25 houvdinformantane føregjekk på ulike måtar. Det byrja med at eg hadde oppsøkt ein tilsett ved ein tibetansk verksemd, og han kunne vidare setje meg i kontakt med fleire relevante informantar. I flyktingcampen tok eg kontakt med folk i campen som såg ut til å vere innanfor rett alder. Dette fungerte i lengre tid, men etter ei stund såg eg at det var ei stor overvekt av menn i undersøkingane mine. Dermed måtte eg gå aktivt inn for å finne kvinner. Nokon av kvinnene eg møtte hadde ikkje anledning til å bli intervju då, dermed måtte vi lage avtalar om tidspunkt. Etter kvart spurte eg også informantar om dei kjente til kvinner som kunne vere aktuelle for undersøkinga mi. Dette kallar Grønmo (2004, s.102) for snøballutvelging. Dei intervjuja eg gjennomførte utanfor flyktingcampen blei utført ved at eg oppsøkte forretningar der det truleg kunne vere tibetanarar, og nytta vidare snøballutvelging for å få tak i nye informantar. Utanfor flyktingcampen var det vanskelegare å få tak i informantar, og dermed var snøballutvelging ein effektiv måte å bli sett i kontakt med nye informantar på. Når det gjaldt organisasjonar og andre eksterne aktørar var det nokon eg visste om frå før av og hadde planar om å ta kontakt med, medan andre blei eg tipsa om frå både informantar og andre som kjenner til den tibetanske samfunnet.

#### **4.4 Truverd, gyldigheit og etiske omsyn**

Jacobsen listar opp (2005, s.45) opp tre utgangspunkt for forskingsetikk i Noreg, det dreiar seg om tre grunnleggande krav til forholdet mellom forskar og dei som skal forskast på:

- 1) Informert samtykke.
- 2) Krav på privatliv.
- 3) Krav på å bli korrekt gjengitt.

Informert samtykke dreiar seg om at den som skal undersøkast, skal delta frivillig i undersøkinga. Informanten skal også vere medviten om kva farar og gevinstar forskingsarbeidet kan innebere for dei (Jacobsen, s.46, 2005). Krav til privatliv vil sei at den som skal undersøkast framleis har rett og behov for eit privatliv, der må vere frisone i informanten sitt liv, altså ting som ikkje skal undersøkast. Personvern er eit nøkkelord når det gjeld etikk i forsking, og dersom ein samlar inn så pass mykje data at utanforståande kan

identifisere informantar vil ein bryte med privatlivets fred (Jacobsen, 2005, s.47). Prinsippet om konfidensialitet er heilt grunnleggande for å kunne møte kravet om forsvarleg forskingspraksis. Dette innebere at dei som deltek i forsking har krav på at all informasjon dei gjev blir behandla konfidensielt (Thagaard, 2009, s.27). Prosjektet mitt er meldt inn til Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD), og prosjektekt blei godkjend. Eg som forskar gjengje informantane på korrekt vis. Transkriberinga har derfor vore tidkrevjande og viktig. Vidare har det vore viktig å få fram nyansane, ikkje berre ei side av saka.

To sentrale omgrep for oppgåva sitt truverd, er validitet og reliabilitet. Validitet handlar om i kva grad ein måler det vi ynskjer å måle. Datamaterialet ein har produsert må vere relevant for problemstillinga. For å produsere relevant datamateriale må ein nytte eit undersøkingsopplegg som egnar seg (Grønmo, 2004, s.221). Reliabiliteten seier noko om ein har utført undersøkinga på ein god måte, altså at ein unngår feilregistrering av data. For å sikre seg god reliabilitet må datainnsamlinga planleggast og gjennomførast på ein solid måte (Tufte, 2011, s.82).

#### **4.4.1 Tibetanarane sin sensitive situasjon**

Eg vil dvele litt med konseptet om anonymitet for informantane, og det er på grunn av tibetanarane sin sensitive situasjon i Nepal. Tibetanarane har opplevd ytterlegare sanksjonar og innstrammingar av rettar sidan 2008. Sanksjonane har vore eit resultat av at tibetanarane har protestert mot urett dei blir utsett for. Flyktningcampen i Kathmandu kor eg utførte store delar av mine intervju kan sporast opp. Det vil sei at informantar med tydlege særpreg vil vere lett å identifisere. Derfor har eg endra ein god del av opplysningane om ein del informantar, det er for å bevare deira anonymitet. Informantane har eg anonymisert, men staden der eg utførte mange av intervjuja er mogleg å identifisere. I små sosiale system kan ein risikere at verken pseudonym eller omskriving av sitat er tilstrekkeleg for å anonymisere (Aase og Fossåskaret, 2007, s.186). Eit grep eg gjorde for at staden si betyding skulle bli mindre tydeleg var å reise til ein annan bydel og intervjuet tibetanske flyktningar. I denne bydelen er det tibetanske miljøet meir spreidd og det vil ikkje vere like lett å spore opp individ der. Kven som er frå flyktningcampen og kven som er frå den andre bydelen blir ikkje gjort greie for.

#### **4.4.2 UNHCR og mottakssenteret**

Som eg nemnte i kapittel 2, så har UNHCR ein «gentleman's agreement» med dei nepalesiske myndighetene der dei får lov til å transportere tibetanske flyktningar gjennom Nepal og vidare til India, til tross for at Nepal ikkje lengre tek i mot flyktningar. På grunn av det

kontakte eg UNHCR i Kathmandu og fekk eit intervju. Dette intervjuet var «off the record», som representanten frå UNHCR sa. Det vil sei at eg ikkje fekk lov til å nytte lydopptakar og eg kunne heller ikkje referere til dette intervjuet. Mange av spørsmåla eg stilte var representanten ikkje villig til å svare klart på, og nokon av spørsmåla fekk eg ikkje svar på i det heile tatt. Slik eg forstod er det veldig viktig å vere så diskré som mogleg rundt denne ordninga, den skal eigentleg ikkje snakkast så mykje om. Til tross for at eg ikkje fekk samtykke til å referere til denne representanten for UNHCR er det eit intervju som indirekte seier mykje om korleis situasjonen til det tibetanske folket er. Denne avtalen mellom nepalesiske myndigheter og UNHCR kan ein lese om på nettet, og er i den forstand ikkje hemmeleg.

Tidleg i mitt opphold i Nepal blei eg fortalt at det fins eit mottakssenter for dei tibetanske flyktningane som kjem til Nepal og skal sendast vidare til India, eg fekk òg fortalt at det ikkje ville vere mogleg å besøke dette senteret eller intervjuer nokon som jobbar der. Årsaken til at dei eg snakka med meinte at eg ikkje ville kunne få eit intervju med mottakssenteret var på grunn av flyktningane sine tryggleik. Dermed gjorde eg heller ikkje noko forsøk på å oppsøke dei, men ved ein rein tilfeldigheit møtte eg ein person som jobbar på dette mottakssenteret og var villig til å snakke med meg. Avtalen var at han berre skulle gje meg dei grunnleggjande opplysningane om korleis dette senteret fungera og kva dei gjere for dei tibetanske flyktningane. Under dette intervjuet fekk eg lov til å nytte lydopptakar. Denne informantanen var meir fritalande enn representanten for UNHCR. Dette gav meg eit bredt inntrykk av situasjonen, og det er nyttig å ha som bakgrunnsinformasjon. Sjølv om informantanen var klar over at eg tok dette opp på lyd og ville nytte det i mi masteroppgåve var informanten framleis villig til å snakke kritisk om situasjonen. Dette har vore med på å danne eit bilet av situasjonen for meg, men eg vel å ikkje nytte denne informantanen til anna enn generelle referansar som ein også kunne funne på nettet. Dette gjer eg med omsyn til ein tredjepart, nemleg dei tibetanske flyktningane som nyttar seg av mottakssenteret.

#### **4.4.3 Mi rolle som forskar**

Som Fangen (2011, s.37) skriv innebere gjerne deltagande observasjon at ein kjenner seg som ein framand i feltet ein studerer. Dette var utan tvil sant i mitt tilfelle, eg har sjeldan følt meg så bleik og raudhåra som dei to månadane i Nepal. Ein sjølv blir gjerne like mykje observert når ein er i felten (Fangen, 2011, s.49). Eg passa på ingen måte inn i den tibetanske flyktningcampen, men rykte spreidde seg raskt om ein utlending som gjorde undersøkingar i campen. Stirringa avtok på ingen måte, men mange hadde sett meg før og blei på eit vis vandt

til at eg var der så godt som kvar dag. Slik eg såg det var mitt felter arbeid for kort til at eg kunne bli ein del av samfunnet der, og det var heller ikkje noko poeng at eg prøvde å vere som informantane. Dette handlar om tillit og truverd, det ville vore kunstig om eg skulle prøve å kle meg etter den tibetanske kulturen. Dessutan gjekk dei fleste kvinnene på min alder i vestlege klede. Det vil sei vestlege klede som dekka til både armar og bein. For å skape tillit er det heilt naudsynt at ein er ærleg og oppriktig (Fangen, 2011, s.49). Mi rolle var prega av at eg var meg sjølv, eg skulle bli ikkje ein del av det tibetanske samfunnet. Å tilpassa seg kulturelle normer må ein likevel gjere til ein viss grad, gjerne i form av kva ein har på seg (Fangen, 2011, s.49). Eg kledde meg annleis enn kva eg elles ville gjort i slike varme temperaturar. Kvinner i Nepal dekker seg til, og derfor hadde eg alltid kle som skjulte armar og bein.

Til tross for at eg følte ein stor skilnad på meg og informantane var dei svært villige til å dele sine tankar med meg. Mange av historiene eg fekk høyre var urovekkande og triste. Denne kjennskapen eg fekk til mange av informantane og liva deira førte til eit kjenslemessig engasjement. Opplevinga av at eit menneske fortel om vanskelege og triste opplevingar til meg, utan at eg på nokon måte tilbyr mi hjelp var til tider ubehageleg. Særleg gjaldt dette når streiken byrja å få alvorlege følgjer. For min del var streiken for det meste berre eit irritasjonsmoment i form av eit redusert kollektivtilbod, men for informantane var streiken langt meir. Eg kunne gå tilbake til gjestehuset og lage mat på gassomnen, medan informantane frykta at dei om kort tid måtte byrje å lage mat på bål. Streiken råka ikkje dei som kunne kjøpe seg ut av den, dersom eg ikkje hadde tolmod til å vente på bussen, så tok eg taxi til ein litt dyrare pris enn vanleg. Dessutan sette eg meg på flyet tilbake til Noreg 17.november, og reiste tilbake til eit trygt liv heime. Slike opplevingar kan vere frustrerande, men det er likevel ein del av kvardagen til informantane. Streik, manglande rettar og ei usikker framtid gjorde mange alvorleg bekymra. Som medmenneske blir ein påverka av dette, men slike faktorar som utfordrar liva til informantane kan ein ikkje skjerme seg frå, men det må det vidareformidlast. Sjølv om eg opplevde ein stor kontrast fekk eg inntrykket av at informantane gjerne ville dele si historie. Nokon var også glad for at eg ville sette søkjelys på det tibetanske samfunnet og liva deira.

Som ein har sett i dette kapittelet er felter arbeid forbunde med ulike utfordringar, og der har det vore svært viktig i mitt arbeid å kunne vere fleksibel. Å nytte eit intensivt undersøkingsopplegg har vore den mest relevante framgangsmåten for dette prosjektet. Det

har gjort til at det er rom for at informantane kan føye til viktige poeng og tema eg i utgangspunktet ikke var merksam på, og det har i seinare tid blitt viktige poeng i analysen.

# KAPITTEL 5

## SOSIAL KAPITAL

Sosial kapital kan betegnast som dei sosiale ressursane folk nyttar seg av for å skape ein livelihood. Det vil sei nettverk og sosiale relasjonane (Scoones, 1998, s.8). Denne kapitalforma har stor betyding, gjennom den kan ein få tilgang til blant anna arbeid og bustad (Sve, 2010, s.49). I tillegg kan desse sosiale ressursane i nokon tilfelle fungere som eit tryggingsnett for individet, desto fleire ein har rundt seg desto fleire er det å falle tilbake på og be om hjelp (Sve, 2010, s.49). Hushaldet og familien er sentrale sosiale ressursar for dei tibetanske flyktningane.

Sosial kapital har stor betyding for mange som skal ut i arbeidslivet, for tibetanarane er det sosiale nettverket ekstra viktig i og med at mangelen på statsborgarskap innskrenkar deira arbeidsmoglegheiter. Det tibetanske samfunnet og den private sektoren er det som gjev håp til mange av mine unge informantar, som framleis er under utdanning. Kva betyding sosial kapital har når det kjem til utdanning skal drøftast vidare i dette kapittelet.

### **5.1 Hushaldet**

Hushaldet til dei tibetanske flyktningane er svært viktig, og hushaldet rommar mange funksjonar som til dømes nordmenn opplev å få gjennom staten. Hushaldet er i denne samanhengen dei som bur saman under same tak. Utforminga av hushaldet til dei tibetanske flyktningane variera i stor grad. Nokon bur heilt aleine, nokon med foreldre og to søsken og nokon har 8 søsken som held til i Tibet. Det er heilt vanleg å bu heime med foreldra sine så lenge ein sjølv ikkje er gift, uansett om ein er godt vaksen. Det er også nokon som bur saman med utvida familie som tanter, onklar og besteforeldre. Hushalda til informantane hadde på det meste 7 personar. 16 av mine 25 informantar bur i hushald som består av 2 – 5 personar. 4 av informantane bur aleine og 5 informantar bur i hushald med 6 -7 medlemmar. Dette gjev eit gjennomsnitt på 3,8 medlemmar i hushalda til informantane. Til tross for at dei største hushalda ikkje bestod av meir enn 7 personar var gjerne familien større enn det, men i mange tilfelle var den spreidd over fleire land. 9 av informantane hadde nær familie i utlandet, og derfor blir dei ikkje i denne samanhengen rekna som ein del av hushaldet. I tillegg til migrasjon som gjorde til at hushalda blei mindre, var også dødsfall ein faktor. 11 av informantane hadde mista ein forelder, for det meste på grunn av sjukdom.

Å samle familien under same tak er tibetansk tradisjonell skikk som strekk seg langt tilbake i tid. Ein stor familie skal bringe hell og lukke, og tradisjonelt sett er det optimalt at tre generasjonar bur saman (Gelek, 2002, s.29). I ei undersøking frå Tibet viser funna at familiar i rurale områder med fleire medlemmar og tilgang til arbeidskraft er betre stilt enn dei med få medlemmar. Til tross for dette er utforminga av hushalda i byar som Lhasa og Shigatse annleis, der fins det ikkje like mange hushald som består av den utvida familien (Gelek, 2002, s.30,). Det var få av informantane som delte hushald med meir enn kjernefamilien i Kathmandu. I rurale områder kor jordbruk er den viktigaste verdiskapinga kan det tenkast at eit stort hushald er ein fordel.

Arbeidsfordelinga i hushaldet såg ut til å vere ganske lik i det fleste husstandane eg var i kontakt med. Som Banik (2006, s.18) skriv blir det viktig for hushald å administrere dei kapitalformene ein har, og då bygger ofte oppgåvefordeling på tradisjonelle kjønnsroller. Kvinner og menn får ulike oppgåver, og dette var ofte gjeldande i samansettningane i det tibetanske hushaldet. Det innebere at begge foreldra jobbar og borna går på skule, men kvinner og menn har ulike oppgåver knytt til heimen. Om ein familie har born som ikkje er byrja på førskule eller skule er det mor som er heime med borna. Til tross for at begge foreldra er i arbeid såg det ut til at mor hadde dei fleste pliktene i heimen. Menn brukte tid utanfor huset medan kvinner ofte var oppteken eller inne i huset og utførte diverse arbeidsoppgåver.

*“Women do double and triple. They do everything. Wonder women. Men have much more free time, women are mostly inside the home. Women keep themselves busy, but men they have a lot of free time. I think that’s the only difference. Otherwise for facilities, like education, we are all equal. We have equal access and opportunity.”* Informant R, (kvinne, 33 år).

I den eldre generasjonen fekk eg inntrykk av at heimeverande mødre var meir vanleg. Då er det berre mannen som er i arbeid, medan kvinna steller heime. Informant R meiner likevel dei er likestilt når det kjem til utdanning. Dei ulike kjønnsrollene i heimen som informant R nemner kan vere med på å påverke utforminga av den sosiale kapitalen. Long (2001, s.133) peikar på at sosial kapital blir omtalt på ein kjønnsnøytral måte, men i røynda fins der ein asymmetri blant kvinner og menn sin kapasitet til å byggje sosiale nettverk. Kvinner kan ha eit dårlegare utgangspunkt for å bygge eit nettverk. I det tibetanske tilfellet handlar det om at kvinner har mindre tid til overs i motsetnad til menn, og denne tidsmangelen skuldast at kvinner utføre dei fleste pliktene i heimen. Asymmetrien hos kvinner og menn sin kapasitet til å bygge nettverk kan tenkast å vere gjeldande i det tibetanske samfunnet fordi dei tibetanske

kvinnene deltek i arbeidslivet på same måte, men i tillegg har så godt som alt ansvar for heimen og borna. Dermed har menn meir overskot av tid, og har derfor moglegheit til å bruke meir tid i sosiale settingar.

Til tross for mange tradisjonelle utformingar av hushaldet fans det til tider store variasjonar blant informantane, men uansett viste hushaldet seg å vere ein svært viktig sosial ressurs. Åbu i sentrale delar av millionbyen Kathamandu innebere at den naturlege kapitalen er avgrensa, samanlikna med dei som bur i eit område med gode mogleheter for dyrking og jordbruk. Naturleg kapital er dei naturressursane som vi nyttar for å overleve (Sve, 2010, s.24). Dermed er det sosiale nettverket av stor betyding for å få tilgang til ulike tenester og informasjon. Når det kjem til spørsmålet om utdanning viser sosial kapital i form av hushaldet seg å vere viktig i mange tilfelle. I Nepal er det ikkje eit offentleg velferdssystem som kan ta i mot dei som ikkje greier seg i samfunnet, og dermed blir hushaldet ein svært viktig ressurs. Det er på mange måtar det einaste tryggingsnettet rundt individet. Det er òg ein sosial ressurs som kan støtte moralsk og bidra økonomisk under eit utdanningsløp. Det er essensielt for dei tibetanske flyktningane å ha denne type stønaden for å kunne vere i stand til å gjennomføre eit utdanningsløp. For ein av informantane var denne sosiale kapitalen sterkt redusert, og det fekk vidare konsekvensar for hennar mogleheter og val ho måtte ta.

### **5.1.1 Informant O**

Informant O er ei 22 år gammal kvinne og ho jobbar på eit reisebyrå. Ho har fullført vidaregåande utdanning, men har arbeidd sidan då. Som mange andre tibetanske flyktningar fekk ho hjelp av sponsorar til å ta denne utdanninga. Ho er eit tydeleg døme på at utforminga av hushaldet er viktig for å opparbeide seg ulike kapitalformer og slik kan sikre seg ein form for livelihood. Informant O flykta frå Tibet saman med mora si for 15 år sidan, dei reiste første til India og deretter til bestefaren til informant O som var busett i Nepal. Mora til informant O reiste tilbake til Tibet for å hente resten av familien og ta dei med til Nepal. Dette lot seg ikkje gjere, og mora til informant O våga ikkje å ta med seg familien over grensa på grunn av dei auka restriksjonane på grensa etter opprøra i 2008. Desse restriksjonane har gjort det svært vanskeleg å reise nokon plass for tibetanarar i Tibet. Saknet som informant O sat igjen med etter familien prega hennar kvardag i stor grad, og ho var heilt tydeleg trist og frustrert. I tillegg til dette døydde bestefaren hennar i 2014 av kreft. Då hadde ho stelt han og tatt hand om han i cirka eit år. No bur ho i huset til bestefaren saman med to onklar. Til tross for at ho bur med dei verka det som ei mager trøyst.

*“My grandfather was my only family, and last year he passed away and that was very sad to me. I’m so alone in here.”* Informant O, (kvinne, 22 år).

Utan eit hushald å støtte seg til er O i den situasjonen at ho må skaffe inntekt på eiga hand, det betyr at utdanning ikkje er aktuelt. Ho har fullført vidaregåande, men etter det blei det vanskeleg å halde fram med studiane. Det gjer til at ho i dag jobbar i staden for, fordi det vanskeleg for familien hennar i Tibet å støtte ho økonomisk. Utan eit hushald og nær familie rundt seg er det tenkeleg at det er vanskeleg for informant O å opparbeide seg ein solid sosial kapital. Det er tenkeleg at når ein ung person er tvungen til å forsørgje seg sjølv utan nær familie rundt seg kan dette avgrense moglegheita til å halde fram med sine studiar. For ho blei den manglande sosiale kapitalen avgjerande for kva strategi ho kan nytte for å opparbeide seg ein livelihood. Ho har eit sterkt ynskje om utdanning og er fast bestemt på at utdanning er nyttig, men hennar situasjon gjer det vanskeleg å prioritere utdanning. Familien hennar i Tibet er fattige og kan derfor ikkje støtte informant O økonomisk i veldig stor grad, dessutan uttrykker informant O därleg samvit for at ho sjølv, som den eldste i søskensflokkene på tre, ikkje kan vere med å bidra økonomisk til familien hennar i Tibet. Det gjer til at det viktigaste for ho er å arbeide og tene pengar, slik at ho kan greie seg i kvardagen.

*“Right now I’m doing travel agency and I want to continue my study to under the line of travel and tourism. But if I continue my studies I don’t think I can do my job too, that’s the problem.”* Informant O (kvinne, 22 år).

I tillegg til den kinesiske invasjonen var det paradoksalt nok var moglegheitene for utdanning ein av grunnane til at informant O og mora hennar flykta. Endringane som kom etter opprøra i 2008 har gjort til at familien er splitta, og utdanning som strategi for å etablere ein livelihood slo feil.

*“We left because of the Chinese and also education. My mom never thought that the situation would become like this, like hard to go back. That’s why she left me here, for study and education. After 15 years the situation is completely changed, it’s very hard to go back. So now she thinks education is not important, useless.”* Informant O, (kvinne, 22 år).

Denne manglande stønaden frå hennar familie er med på å påverke moglegheitene til informant O når det kjem til utdanning. Samhaldet hennar til onklane som ho bur saman med verkar svakt, og familien hennar i Tibet verkar som ein viktigare faktor for informant O. Ho samanliknar sin situasjon med sine tibetanske vennar, og hevdar at utdanning er mogleg for

dei fordi dei har eit sosialt nettverk i form av eit hushald som kan støtte dei gjennom utdanningsløpet. Noko som kan gjere finansiell kapital meir tilgjengelig.

*"For my friends it's so easy for them to study because they don't have any problem financially, whatever they want to do they easily ask their families."* Informant O, (kvinne, 22 år).

Når ho snakkar om vennane hennar sine liv og korleis dei har moglegheit til å ta utdanning blir ho svært trist, og tårene trillar når ho snakkar om det. Det er heilt tydeleg at ynskje om utdanning er sterkt, men avgrensa sosial kapital gjer til at ho må velje andre strategiar for å etablere seg ein livelihood. Informant O sin situasjon er et tydeleg døme på kor sentralt hushaldet er som ein sosial ressurs, og særleg når det kjem til spørsmålet rundt utdanning. Hennar ynskje om å treffe familien sin igjen er svært sterkt. Mange av informantane opplevde stor støtte og tilrettelegging for deira utdanningsløp gjennom hushaldet, medan dette er sterkt redusert i informant O sit tilfelle. Likevel er ikkje den sosiale kapitalen fråverande i informant O sitt liv, ho fortel om eit godt miljø og mykje støtte frå andre tibetanarar i hennar nærmiljø. Hennar nettverk er svært avgrensa og sosiale kapital er i liten grad med på å sikre ho ein form for livelihood, men nettverket informant O har nyttar ho til å blant anna til å få emosjonell støtte. Den reduserte sosiale kapitalen spelar ei rolle for korleis informant O har prioritert i forhold til utdanning. Særskilt er det sosiale ressursar i form av hushald som gjer til at vidare utdanning ikkje har vore aktuelt for ho. Sosial kapital har ulik utforming hos informantane og denne utforminga er med på å påverke i kva grad utdanning er ein viktig faktor for å kunne etablere ei form for livelihood.

#### **4.1.2 Sosial kapital utover hushaldet**

Hushaldet er ikkje den einaste viktige sosiale ressursen for dei tibetanske flyktningane. Det er også viktig å sjå på dei strukturane og prosessane individua går gjennom for å oppnå berekraftige strategiar for livelihood (Scoones, 1998, s.12). Som det blei sagt i kapittel 3, så er institusjonane viktig for dei ulike livelihood-strategiane. Det dreiar seg om at institusjonane kan nyttast som den sosiale linken til individua og tilgangen til kapitalformer. Kjennskap til sosiale ressursar i nærlieken er vesentleg for dei tibetanske flyktningane i og med at dei fleste hushalda er avhengige av sponsorar dersom borna deira skal gå på skule. Ein organisasjon som er viktig i samband med det er Snowlion Foundation (SLF). Gjennom den organisasjonen kan dei tibetanske skuleelevane få hjelp til sponsoring, dessutan tilbyr dei andre former for opplæring dersom det trengs.

*"We organize different students trainings, develop them with leadership qualities, soft skill training and also kind of training that are not related to the academic, like to go to the interview. We do that in (class) 10 and 12 . So once they pass on from school they have these skills, beside that we are doing scholarship with students also. After 12 they have to join colleges, and that's very expensive. So they can do that with our help and the Tibetan government." SLF.*

Ved hjelp av tilbod som dette frå SLF vil dei tibetanske flyktningane få hjelp til det som hushaldet kanskje ikkje har moglegheitene til å bidra med. Ein av informantane fortalte at han hadde fått tilbod om eit slikt kurs i leiarskap som SLF kunne tilby, då skulle han reise til ein anna by i nokon veker for å jobbe i ein bank som lærling. Ved å nytte organisasjonar som SLF sine tenester kan ein ytterlegare utvide sin sosiale kapital og komme i kontakt med arbeidsmarknaden. Ein annan organisasjon som yter tenester i form av utdanning for tibetanarar er Tibetan Youth Learning Centre (TYLC). Dei tilbyr grunnleggande språkopplæring på engelsk og er meir tilrettelagd for dei som har svært lite skulegong.

*"We work for Tibetan youth and the local students who don't have that much information about where to get job and all. So we link youth to employment, first primary aim to this organization." TYLC.*

Fokuset i denne organisasjonen var å gje spesifikk opplæring med sikte på å få ein jobb, og språk er ein viktig del av den opplæringa. I tillegg ga dei opplæring på matlaging, køyring, pleie og liknande. Organisasjonen dreiv også med kampanjar der dei opplyste om ulike tema om narkotika og ulike helsetema, i samband med jordskjelvet hadde dei også hatt ulike kampanjar for å hjelpe lokalsamfunnet. Slike organisasjonar er med på å hjelpe dei som er marginalisert i samfunnet ved å tilby grunnleggande opplæring som er yrkesretta. Chambers og Conway peikar på tre punkt som er særleg viktig for at fattige skal kunne skaffe seg ein livelihood, og forbetring av eigenkapital (*improving equity*) er ein av dei. Då er tilgang på utdanning og helsetenester sett på som katalysatorar for at marginaliserte grupper skal kunne få tilgang på kapitalformene. (Chambers og Conway, 1991, s.23). Informanten frå denne organisasjonen fortalte at det kjem mange tibetanarar frå rurale områder av Nepal, og der er tilgangen på utdanning svært dårlig. Nokon reiser derfor til Kathmandu og for å tene pengar, og då tek dei med seg borna sine som knapt nok har gått på skule.

*"...So they come here and settle, they do small business for their livelihood. And their children have no place to go, so they come here." TYLC.*

Gjennom denne organisasjonen kan dermed desse ungane få grunnleggande ferdigheiter som kan gje dei arbeid. Slik kan sosial kapital utanfor hushaldet nyttast og potensielt gjere dei i

stand til å arbeide. Vidare fins der mange fleire nettverk som strekk seg utanfor hushaldet, og desse nettverka kan påverke individet både positivt og negativt. I tillegg til organisasjonar finns nettverk i form av vennar, og dei både kan påverke negativt og positivt.

## **5.2 Nettverk – på godt og vondt**

Sosiale kapital er særleg viktig for dei urbane flyktningane. I urbane områder som Kathmandu er det lite tilgang på naturleg kapital, og dermed kan ein ikkje sysselsetjast gjennom til dømes jordbruk. Mangelen på kapitalar dreiar seg ikkje berre om naturleg kapital, men gjerne fleire av kapitalformene. I slike tilfelle kan det vere aktuelt å erstatte ei kapitalform med ei anna (Scoones, 1998, s.8.). Sosial kapital i form av naboar og andre flyktningar, altså nettverket til dei tibetanske flyktningane er svært viktig for deira eksistensgrunnlag. Nettverket til flyktningane utviklar seg over tid, og ein treng ulike nettverk til forskjellige formål (Sve, 2010, s.25). Dei tibetanske flyktningane er ikkje noko unntak når det kjem til viktigheita av nettverk, det kan ein tydeleg sjå når det gjeld kva dei seier om tilgang til utdanning og moglegheit for arbeid. Som det har blitt nemnt før gjer mangelen på statsborgarskap til at mange tibetanarar i Nepal set sin lit til den tibetanske arbeidsmarknaden når dei skal skaffe seg arbeid. Nokon greier også å skaffe seg arbeid i privat sektor utanfor den tibetanske arbeidsmarknaden, sjølv om dei manglar dokumentasjon på deira identitet. Nokon av dei informantane eg snakka med som var under utdanning var usikre på kor dei kunne få arbeid, men fleire nemnte at statsborgarskap var ikkje naudsynt dersom ein jobba i tibetanske verksemder, eller i privat sektor. Derfor var det mange som håpa på å få arbeid på ein slik plass etter utdanninga, og då er det tenkeleg at det er naudsynt med sosiale ressursar.

Av dei eg møtte som var i arbeid var alle enten tilsett på ein arbeidsplass tilknytt det tibetanske samfunnet, i privat sektor eller dreiv for seg sjølv. Denne avgrensa moglegheita dei tibetanske flyktningane har når det kjem til arbeid påverkar mange sine tankar rundt vala om utdanning, men håpet om arbeid i det tibetanske samfunnet eller privat sektor er viktig for mange.

Dei sosiale ressursane kan for nokon vere nøkkelen til arbeid i og med at tibetanarane har eit anna utgangspunkt enn nepalesarane. Både informant G og informant Q fortel at dei fekk jobbane sine gjennom vennar, då har dei nytta sine nettverk for å skaffe seg arbeid. Begge to jobbar i private verksemder, og gjennom mange samtalar med unge tibetanarar som var under utdanning verka dette til å vere ein viktig motivasjon for dei. Dei var svært medvitne om at det kunne bli vanskeleg å få jobb etter utdanning, men dei hadde døme på familie eller vennar

som hadde greidd å få seg jobb, og det gjorde mange håpefulle når det gjaldt framtidig arbeid. Sosial kapital er veldig viktig for desse unge tibetanarane, den gjev håp om at det er mogleg for også dei å skaffe seg arbeid. Informant H fortel at sørstera hans fekk arbeid ved at faren hennar nytta sine kontaktar for å sette ho i kontakt med ein arbeidsgjevar, og for mange er håpet om slike kontaktar vesentleg.

Informant J er ein av dei som har nytta det tibetanske miljøet til å skaffe seg jobb, til tross for at han ikkje har noko statsborgarskap. Informant J har fullført 10.klasse, men etter det har ikkje skule blitt prioritert. Det sterke ynskje om å bidra til hushaldet har gjort til at han droppa ut av skulen, løysinga for han var å nytte det tibetanske nærmiljøet og jobbe der, slik at han kan sikre hushaldet sitt ei inntekt. Han trakk fram faren sin som døme på korleis utdanning ikkje nødvendigvis kan sikre ein god jobb. Faren til informant J er den høgast utdanna forelderen til informantane.

*"It's very difficult for tibetans you know. We don't have any kind of citizenship, it's difficult to work in another field. Like my father, he have a good degree but he can't work in Nepal office, because he don't have the citizenship."* Informant J, (mann, 24 år).

Faren til informant J er no pensjonist, men gjennom sitt yrkesaktive liv var det gjennom det tibetanske samfunnet han fekk arbeid.

På same tid som det er mange som satsar på ein framtidig arbeidsplass i det tibetanske samfunnet fortalte nokon av informantane at det var viktig for dei å bu i nærleiken av andre tibetanrarar. Ein informant fortalte at då ho fekk born flytta ho til eit område med fleire tibetanrarar fordi det var viktig for ho at sonen vaks opp med den tibetanske kulturen rundt seg, til tross for at dette området hadde därlegare vassforsyningars enn den førre plassen. Dette vitnar om at dei sosiale nettverka er verdsett på fleire måtar enn som livelihood-strategiar.

Informant P er eit anna døme på at det sosiale nettverket er svært viktig for å kunne skaffe seg arbeid. Utan nettverket i det tibetanske miljøet ville det vore svært vanskeleg for han å skaffe seg arbeid. Informant P er ein 27 år gammal mann, og han har fullført 12 år på skule. Han bur for seg sjølv, familien hans er igjen i Tibet. Sjølv flykta han frå Tibet då han var 13 år gammal, han reiste for å skaffe seg utdanning. Familien hans i Tibet er svært fattige og kunne berre sende eit familiemedlem til eit anna land. Faren til informant P er død, men mora og to søskene er igjen i Tibet. Utan familien sin kan det tenkast at ein er ekstra sårbar i eit land som

Nepal, og ein treng andre sosiale relasjonar som kan dra nytte av. Gjennom kontaktar der han bur har han fått ein jobb i det tibetanske samfunnet og tener nok til å greie seg sjølv.

Sosial kapital er som sagt dei sosiale ressursane ein kan nytte som livelihood-strategi, men ulike nettverk kan påverke individ både negativt og positivt. Sosial kapital blir gjerne forbunde med utveksling av erfaring, samarbeid og etablering av tillit. Medan konflikt, konkurranse og sosial ekskludering får lite merksemd i litteraturen. Dette kan framstå som unaturleg, i og med at sosiale relasjonar kan vere fylt med konflikt, i staden for utvikling og positiv gjensidigkeit (Long, 2001, s.133). Nokon informant fortel korleis nettverket deira har påverka dei negativt. Ein informant fortel at oppveksten hans bestod av ein alkoholisert far, vald og ein ustabil heim. Til slutt hamna han sjølv på skråplanet og blei narkoman. Store delar av hans ungdomstid og vaksne liv bestod av å vere rusa og kontakten med familien blei kutta. Familien blei bytta ut med ein ny omgangskrets, og der bestod livet for det meste av jakta på narkotiske stoff. Han fortel at dette har vore traumatiske og påverka hans liv i stor grad, og dette er eit døme på at sosial kapital er til stades, men det gjev negative følgjer. Fokuset i dette nettverket var anskaffing av pengar for så å kunne kjøpe dop. At dei negative sosiale relasjonane er utelatt frå litteraturen er ei alvorleg avgrensing av røynda (Long, 2001, s.133). Sosial kapital består ikkje berre av positive faktorar, den kan vere til stades og vere viktig for ein person, men fokuset kan bestå av mange andre ting enn utdanning og arbeid.

Informant Q er ein annan informant som fortel at hans nettverk har vore med på å skape negative opplevingar for han. Informant Q er ein 32 år gammal mann, han har fullført vidaregåande skule. Etter det var han inn og ut av høgare utdanning, men fullførte aldri bachelorgraden han byrja på. Han fortel at i ungdomstida var han involvert i kriminalitet saman med sin vennegjeng, dei sosiale relasjonane hans bestod var knytt til eit gjengmiljø og han meiner i dag at dei representerte därlege verdiar. Etter kvart endra han nettverket sitt, og den store endringa skjedde då to av vennane hans byrja på eit masterstudie. Då opplevde han at den sosiale kapitalen endra form, og nettverket blei etter litt bytta ut med relasjonar som avstod frå kriminelle handlingar. For han var utdanning eit stort poeng, han hevdar at det var utdanning som gjorde til at han braut med sitt gamle nettverk og byrja å verdsetje andre verdiar. For han var ikkje sosial kapital eit hjelphemiddel for å skaffe seg utdanning og arbeid før utforminga av nettverket endra seg. Denne opplevinga gjorde til at han blei oppteken av kor viktig utdanning er for tibetanske ungdommar, slik at dei held seg unna därlege omgangskretsar. Dermed var utdanning ein strategi for å etablere ein positiv sosial kapital.

*“If they have a good education they will have a different circle, even if they are in a bad circle they will know what they have to do. Without education it’s easy to be carried away with bad company.”*

Informant Q (mann, 32 år).

For informant Q har nettverket i form av vennar vore med på å endre hans innstilling til utdanning, og han seier sjølv at utdanning har ført til ei stor endring i hans liv. Informant Q fortel ikkje om ein vanskeleg barndom slik som informant T gjere, tvert i mot beskriv han tette band og kjærleik når han snakkar om familien sin. Dette er eit døme på at andre sosiale relasjoner enn hushaldet kan vere vel så viktige i ungdomstida, uavhengig om relasjonen til hushaldet er negativ eller positiv. Slik som informant T og informant Q har fortalt, har nettverka deira endra seg gjennom tidene og slik har også liva deira blitt påverka.

Som ein har sett i dette kapittelet er sosial kapital svært viktig for dei tibetanske flyktningane. Mangelen på andre kapitalformer og tilgang til statsborgarskap gjer til at sosial kapital blir ein viktig ressurs. Hushaldet er især viktig for informantane, kva prioriteringar hushaldet kan føre til vil ha stor påverknad på framtida til mange av informantane eg snakka med. Utan eit hushald å lene seg på kan det vere vanskeleg å gjennomføre eit lengre utdanningsløp, slik som i informant O sit tilfelle. Sjølv om hushaldet er ein sentral del av sosial kapital, er hushaldet avhengig av sosiale ressursar utanfor for å kunne tilby borna sine utdanning. Då er kjennskap og konkakt med organisasjonar som SLF viktig, slik kan hushalda nytte nettverk til å få tilgang til finansiell kapital og dermed gje borna sine utdanning. Seinare i livet når tibetanarane skal skaffe seg arbeid er sosiale ressursar svært viktig, det gjeld både dei som har høgare utdanning og dei som ikkje har det. For at tibetanarane skal skaffe seg arbeid må dei oppsøke privat sektor og finne ein arbeidsgjevar som ikkje krev statsborgarskap. Alternativet er å söke jobb på den tibetanske arbeidsmarknaden eller migrasjon.

# KAPITTEL 6

## FINANSIELL KAPITAL

Finansiell kapital er pengar og kan skapast gjennom arbeid (Sve, s.49, 2010). Finansiell kapital handlar òg om moglegheit til sparing, infrastruktur og tilgjengeleg teknologi (Scoones, s.8, 1998). Å ta utdanning innebere at ein ikkje kan arbeide og bidra økonomisk til hushaldet under utdanningsløpet, men mange håpar på at utdanning skal vere ei langsiktig investering som til sjuande og sist vil komme hushaldet til gode. Å gå på skule er i tillegg ei utgift for hushaldet, skuleavgift, uniform og anna utstyr må betalast for kvart år. Der fins ordningar for tibetanarane der dei kan få stønad til utdanninga si gjennom sponsorar. På grunn av desse kostnadane og dei avgrensa moglegheitene innanfor arbeidslivet er det nokon som ikkje ser poenget med å bruke mange år på skule. For mange tibetanske flyktningar blir valet om utdanning eit dilemma.

Mangelen på statsborgarskap er ein barriere for tilgangen til finansiell kapital. Utan statsborgarskap kan ikkje tibetanarane få jobb i den offentlege sektoren, og dermed er mange jobbar utanfor rekkjevidde. Denne avgrensinga vil vere med på å påverke kva strategiar tibetanarane kan ta i bruk for å sikre seg ein livelihood.

### **6.1 Utdanning som nøkkelen til finansiell kapital**

Som det blei sagt i kapittel 5 er hushaldet ekstremt viktig for dei tibetanske flyktningane. I eit land som Nepal har ein ikkje tryggleiken frå offentlege tenester i ryggen dersom det skulle skje deg noko, dermed er hushaldet viktig. Mange av dei unge informantane uttrykte sterke ynskjer om å bidra økonomisk i hushaldet, og mange tok denne oppgåva med stort alvor til tross for at mange av dei var tideleg i 20-åra. For nokon var utdanning ein måte å få tilgang på finansiell kapital, håpet var at ved å investere i ei utdanning skal det lønne seg på langt sikt. Medan utdanning pågår kan det vere tøft for hushaldet fordi det er kostbart og den som er under utdanning kan i svært litra grad bidra økonomisk i hushaldet. For at dei tibetanske flyktningane som ynskjer utdanning skal få tilgang på dette, er det svært vanleg å ta i mot stønad frå sponsorar. Informanten frå SLF hevdar at om lag alle tibetanske born og unge som går på skule tek i mot stønad frå ulike sponsorar, og at dei fleste av sponsorane kjem frå europeiske land. Han fortel òg at desse sponsorane som regel sponsrar gjennom ein organisasjon, men der finns også private sponsorar. The Tibetan Welfare Office har også

midlar dei brukar på å hjelpe tibetanarar til å gjennomføre si utdanning. Denne stønaden er viktig for mange tibetanarar, då den gjev tilgang til utdanning.

Informant K er ein 20 år gammal mann som er i gong med sitt bachelorstudie, noko han aldri ville hatt moglegheita til å gjennomføre utan sponsor. Hushaldet hans består av mor, far, veslebror og veslesøster, alle borna går på skule ved hjelp av sponsor. Han fortel at faren hans tener 7000 rupi i månaden, mora tener 8-9000 i månaden. Skuleavgifta til veslebroren er på om lag 30 000 rupi i året, veslesøstra som går på internatskule har avgifter på 40 000 – 60 000 i året. Informant K må betale rundt 100 000 i året for sitt treårige bachelorstudie. Om ein legg saman inntekta til mora og faren kan dei maksimalt tene 192 000 rupi i året, det vil sei at dei kan dekke skuleavgiftene, men vil då ikkje kunne ha råd til å betale verken for bustad, mat, kle eller andre ting. I tillegg vil skuleavgiftene auke dersom veslebroren og veslesøstera vel å halde fram med si utdanning. Informant K er dermed svært medviten om at han og søskena aldri kunne gjennomfört eit utdanningsløp utan økonomisk stønad frå ein ekstern aktør.

*"Without sponsors it would be very hard, and then you will start thinking about dropping out."*  
Informant K, (mann, 20 år).

I nokon tilfelle er det nettopp denne stønaden frå ein sponsor som avgjer lengda på utdanningsløpet til dei tibetanske skuleelevane, nokon får stønad frå barneskulen til bachelor/masterstudie. Nokon foreldre greier å betale avgifta medan ungane framleis går på barneskulen, for då er avgifta ikkje så stor. Dessutan er ikkje avgifta på barneskulen som er tilknytt flyktningcampen særleg høg, og det er med tanke på at flest mogleg born skal ha sjansen til å starte på skulen. Den manglande tilgangen på finansiell kapital er så omfattande for dei tibetanske flyktningane at der fins slike tilrettelagde ordningar for at dei likevel skal kunne utdanne seg. Informant K er ein av dei som har trua på at utdanning vil på sikt skape tilgang til finansiell kapital, og dermed etter kvart ein livelihood.

Informant N delar informant K sitt syn på utdanning og er sjølv overtydd om at utdanning vil føre til utvida finansiell kapital. Informant N er ein 22 år gammal mann, han er godt i gang med eit bachelorstudie innanfor økonomi. Vidare siktar han på å ta ein mastergrad innanfor faget. Han ser på utdanning som ein strategi for å opparbeide seg finansiell kapital. Han meiner utdanning er ei langsiktig investering for hans framtid, og han samanliknar si eiga framtid med framtida til vennane hans som har valt å droppe ut av skulen. Han meiner dei ikkje kjem til å vere i stand til å forsørgje sin eigen familie, til tross for at dei tenar pengar no. Han hevdar at utdanning likevel vil lønne seg på lang sikt.

*"Obviously they are going to regret it, because when about 10 years later one of his friends become a successful person and he is staying at the same level, he will regret it."* Informant N, (mann, 22 år).

For alle er det ikkje slik at ein kan ta seg tida til å gjennomføre ei utdanning og la tilgangen på den finansielle kapitalen stå på vent gjennom eit heilt utdanningsløp, sjølv om det er mogleg at det hadde vore det mest lønnsame samla sett. Der fins ikkje stipendordningar for alle studentar i Nepal, nokon kan vere heldige og få ein sponsor som bidreg økonomisk til ein er ferdig utdanna. Eller nokon tek i mot stipendordningar, men for alle er ikkje det tilfellet. Sjølv om informant K og informant N var i ein situasjon der utdanning kunne prioriterast, er det ikkje slik for alle. Nokon av informantane har den oppfatninga at utdanninga ikkje nødvendigvis vil vere med på å styrke tilgangen til den finansielle kapitalen. Skilnaden på desse informantane er blant anna tankar rundt utdanning, men deira felles fokus er framleis hushaldet og korleis ein på best mogleg måte kan ta vare på hushaldet.

### **6.1.1 “It’s not like you must have an education to make money.”**

Informant U er ein 29 år gammal mann, han gjekk på skule til 7.klasse og deretter var han 7-8 år i eit kloster. I dag bur han for seg sjølv, men den eine søstera hans bur i nærlieken. Faren hans døydde for mange år sidan, men resten av familien er i USA med unntak av broren som er i India. I dag eig og driv han ein liten kafé saman med ein kamerat. Foreldra til informant U reiste til India før opprøra i Lhasa, og kunne ikkje returnere til Tibet etter det. Informant U blei derfor fødd i India og har indisk statsborgarskap, og kameraten han driv verksemda si med har nepalesisk statsborgarskap. Til tross for dette har dei ikkje registrert kafeen sin, dette er for å spare pengar. For å registrere verksemda må dei betale ei avgift, og denne avgifta prøvar dei å unngå, dermed kan dei spare pengar. Denne form for opparbeiding av finansiell kapital er ikkje utført på lovleg vis, og er derfor forbunde med noko usikkerheit. Dersom dette blir oppdaga kan dei risikere å få åtvaringar, då må dei enten registrere verksemda eller betale bøter.

Informant U meiner at etableringa av denne verksemda har vore mogleg utan ei lang utdanning. Han meiner at utdanning er viktig og nyttig, men berre til ei viss grad nyttig når det kjem til det å skaffe seg ein livelihood. Med unntak av den yngste broren til informant U har ingen i hans familie meir utdanning enn 7.klasse. Deira livelihood-strategi har vore migrasjon. For informant U har arbeid vore viktigare enn ei formell utdanning, og før han starta si eiga verksemd jobba han i butikken til ein slekting. Når eg spør han korleis ein best

mogleg kan sikre seg ei inntekt og ein livelihood svarar han at målretta arbeid er det som må til.

*“You just have this goal to become something and work for it. Whether you have education or not. It’s not like you must have an education to make money.”* Informant U, (mann, 29 år).

Sjølv om han har klare meininger om utdanning si rolle for å få tilgang på finansiell kapital meiner han at utdanning er viktig for individet likevel, utdanning bidreg til medvit og utvikling som menneske. Han dreg også fram at engelskoplæring har vore viktig for han. Når det gjeld tilgang på finansiell kapital hevdar han derimot at utdanning er lite viktig.

*“Education is important to be a better person. However, if you are just willing to make money and get rich or something, then I don’t think education has this influence.”* Informant U, (mann, 29 år).

Ein annan informant som delar informant U sine oppfatningar er 24 år gamle informant J. Han droppa ut av skulen etter 10.klasse fordi han ikkje såg poenget med utdanning. Mykje av årsaka til at han meinte vidare utdanning ikkje ville vere naudsynt er det faktumet at han ikkje har statsborgarskap og dermed ikkje kan delta i arbeidslivet på same måte. Det sentrale for han var å tene pengar til familien, han meiner at som tibetansk flyktning er arbeid det viktigaste.

*“I am only boy in my home, my sister do job, my father do job. I have to do something with my life therefor I left school. I’m not interested in school. I want to earn money for home, to earn money for my sister, earn money for my family. So I left school.”* Informant J, (mann, 24 år).

Informant I er ein også ein 24 år gammal mann, han har på lik linje med informant J fullført 10 år på skule. Han jobbar som målar og bur saman med foreldra sine og tre søskene. Informant I syns det var vanskeleg å interessere seg for skule då han var yngre, han fortel at han gjekk på skule berre fordi foreldra sendte han dit. Dessutan hadde han berre sponsor fram til 10.klasse, etter det kan det tenkast at den finansielle kapitalen blei så pass avgrensa at vidare skulegong ikkje var aktuelt. Motivasjonen for skule var liten, men han seier at no i ettertid skulle han ynskje at han hadde tatt meir utdanning. På grunn av hans livssituasjon ser han på vidare utdanning som heilt uaktuelt, sjølv om han uttrykker eit ynskje om meir utdanning. Hushaldet hans er i dag totalt avhengig av informant I si inntekt, foreldra er nemleg arbeidsledige og dei tre søskena hans helde på med si utdanning. To av søskena får stønad i form av sponsorar, medan den siste får hjelp av ein onkel som eig ein butikk. Foreldra til informant I blei arbeidsledige etter jordskjelvet då arbeidsplassen deira blei så

hardt råka av den at det ikkje er mogleg å arbeide der lengre. Dermed er den finansielle kapitalen ytterlegare avgrensa etter dette, og informant I er nødt til å jobbe for at hushaldet skal greie seg. Hushaldet til dei tibetanske flyktningane er sårbare dersom dei blir utsett for stress og sjokk. Stress blir i teorien om livelihood beskrive som til dømes plutseleg mangel på ressursar, därlege avlingar og slike faktorar. Sjokk handlar om hendingar som kjem meir brått på, det kan vere svært uforutsigbart og traumatiske (Chambers og Conway, s.10, 1991).

Menneska som opplevde jordskjelvet i Nepal erfarte eit slikt sjokk, og det påverka levebrødet til svært mange. Hushaldet var ein av dei som opplevde at jordskjelvet gjekk utover tilgangen på den finansielle kapitalen. Strategiar for å handtere stress og sjokk kan løysast på fleire måtar, ein av måtane som Chambers og Conway (1991, s.10) skriv om er *claim*.

*"Make claims on relatives, neighbours, patrons, the community, NGOs, the government, the international community, variously by calling in debts, appealing to reciprocity and good will, begging, and political action."* (Chambers og Conway, 1991, s.10).

*Claim* kan oversetjast med det norske ordet fordring. Omgrepene *claim* dreiar seg om fordringar til stønad frå naboar, slektingar eller andre delar av samfunnet. Ved å nytte seg av økonomisk stønad frå onkelen til informant I og stønad frå sponsorar er hushaldet i stand til å handtere dette sjokket som jordskjelvet forårsaka, men desse strategiane for å framleis ha tilgang til finansiell kapital innebere mykje usikkerheit. For det første er det usikkert kor lenge onkelen til informant I kan bidra med økonomisk stønad og det er ingen garanti for at søskena hans har sponsorar til dei har fullført si utdanning. Den yngste av søskena hans er 14 år, og har i teorien då mange år på skule framfor seg. Mange faktorar vil spele inn på om det lar seg gjere, men tilgang til finansiell kapital er heilt klart med på å påverke dette.

## **6.2 Mangelen på statsborgarskap – ein barriere for finansiell kapital**

Som ein har sett så langt i dette kapittelet fins der ulike strategiar for å tene tibetanske flyktningane. Det fins også ulike meininger om kva rolle utdanning spelar for å pengar blant dei få tilgang til finansiell kapital. Ein viktig grunn til at det fins mange delte meininger rundt dette er fordi dei tibetanske flyktningane ikkje har statsborgarskap. Noko som betyr det at moglegheitene for arbeid er svært avgrensa. På grunn av dette fins det tibetanarar som ikkje prioriterer utdanning. Nokon spør seg sjølv kva dei skal med utdanning når det er svært små sjansar for å få den jobben ein er kvalifisert for etter utdanninga. Eg møtte også tibetanarar som hadde jobb, men som likevel hadde eit ynskje om utdanning. Nokon av dei frykta å ende opp i same jobb etter at utdanninga var fullført, og tok dermed ikkje sjansen på å bruke tid og

pengar på vidare utdanning. Med dette utgangspunktet påverkar dette kva tankar tibetanarane gjer seg om utdanning, for mange blir mangelen på statsborgarskap ein barriere for tilgangen til finansiell kapital. Utan statsborgarskap har heller ikkje tibetanarane moglegheit til å opprette seg ein bankkonto, og utan ein bankkonto er det andre føresetnadar for å kunne spare sine midlar. Moglegheita til sparing vil gjere utslag for den finansielle kapitalen, og med oppsparte middel kan ein vere betre rusta for å takle stress og sjokk som påverkar levebrødet deira. Ein kan heller ikkje ta opp lån i ein bank for å investere i til dømes ein bustad. Det er heller ikkje mogleg å ta førarkort for nokon køyretøy, noko som kan påverke kva type jobb ein kan ha, og ein er avhengig av offentleg transport heile livet. Eit stort problem for mange er også at det dei ikkje kan krysse landegrenser, noko som mange drøymer om i eit fattig land som Nepal.

Nokon av informantane har ikkje prioritert utdanning fordi hushaldet har ikkje hatt den naudsynte finansielle kapitalen tilgjengeleg for å kunne sende borna på skule, medan nokon meir eller mindre vel å ikkje ta utdanning fordi arbeidsmarknaden er så pass avgrensa. Nokon av mine informantar kunne fortelje om andre tibetanske flyktningar som er utdanna, men som likevel ikkje får arbeid.

*“If we are educated, but we don’t have ID we can’t get a job in the government, in the office, in schools. They don’t give citizenship to Tibetans.”* Informant C, (mann, 32 år).

Dei unge tibetanarane som er i den situasjonen at dei skal ta valet om vidare utdanning får med seg at høgt utdanna tibetanarar likevel står som arbeidsledige, og dette påverkar deira tankar om framtidig utdanning. Nokon av informantane fortel om andre tibetanarar som har gjennomført høgare utdanning, men som likevel hamnar i därleg betalte jobbar som ikkje er relevante for deira utdanning. På grunn av den manglande dokumentasjonen er mange usikre på kva rolle utdanning vil ha for deira framtidige inntekt. Informant B er 21 år gammal og i ferd med å utdanne seg innanfor psykologi, men ho har ikkje noko håp om å få arbeid innanfor hennar fagfelt. Grunnen til det er at ho ikkje har statsborgarskap.

*“To get a job I need a citizenship, but I don’t have one, so I have no hopes.”* Informant B, (kvinne, 21 år)

Sjølv om ho er pessimistisk angåande framtidig arbeid er ho ein av dei som likevel utdannar seg på høgare nivå. Hennar draum er å starte si eiga verksemd etter at ho har utdanna seg, dermed får ho jobbe med det ho sjølv ynskjer. Dette er ein plan som innebere mange utfordringar, og for at dette skal la seg gjere må der vere eit utgangspunkt med ein finansiell

kapital. Utan bankkonto er det som sagt ikkje moglegheit for å ta opp noko lån for å komme i gong med si eiga verksemd, og dermed må sparing eller andre lånemoglegheiter vere tilgjengeleg. Til tross for at ho har ein draum og ein plan for si eiga framtid er ho svært klar over alle desse utfordringane ho vil treffe på, og om ho er i stand til å meistre desse stressfaktorane i sitt liv står att og sjå. Ho uttrykke stort medvit rundt dette, og usikkerheita ho opplev utan statsborgarskap er med på å forme hennar tankar om utdanning og framtida. Denne uvissa og reduserte kapitalformer er gjeldande for mange av informantane mine, for å få tilgang på finansiell kapital fins der ulike strategiar som blir nytta av mine informantar.

### **6.2.1 “In Nepal it’s a bribing system”**

Finansiell kapital dreiar seg om tilgang på pengar, i tillegg dreiar denne kapitalen seg om moglegheita til sparing og kreditt (Sve, 2010, s.24). Som Scoones (1998, s.8) skriv er denne kapitalen heilt sentral i for å kunne opparbeide seg noko form for livelihood. Dei tibetanske flyktningane som har nok finansiell kapital der dei enten har tilgang til å kjøpe det dei treng, eller har nok inntekt til å spare opp pengar, vil gjerne bruke den moglegheita til å blant anna kjøpe seg eit nepalesisk statsborgarskap. Tre av informantane hadde kjøpt statsborgarskap og ein informant hadde kjøpt RC. I fattige land som Nepal er bestikkelsar ikkje uvanleg, i følgje Norad (2015) fins der korruption på alle nivå i det nepalesiske samfunnet. Då vil det sei at dei som har ein mykje finansiell kapital lettare får tilgang til tenester. Nokon av informantane eg intervjuva hadde gjerne kjøpt seg statsborgarskap eller RC. Eg spurte ein av informantane kvifor nokon hadde RC utan å vere gamle nok svarte han dette:

*“Bribe. Like right now, if I wanted it and had money I could get. In Nepal it’s a bribing system, if you pay you can get your license, citizenship, you can get anything you want. The government is weak in here. The government is weaker than the private organization, they don’t get much salaries so they take bribe.”* Informant K, (mann, 20 år).

Informant K er ein av dei som ikkje har nok finansiell kapital til å kjøpe seg eit statsborgarskap, men han fortel at ulovleg kjøp av statsborgarskap er ei godt etablert teneste. Faktumet at dette kjøpet er ulovleg er likevel verdt det for mange. Kjøpet av eit statsborgarskap kan vere nøkkelen til deltaking i samfunnet og tilgang til ulike kapitalformer. Kjøp av statsborgarskap er døme på at ei kapitalform kan gjerast om til ei ny kapitalform. Då er utdanning mogleg, arbeid, eigedom, bankkonto, førarkort og ei rekke andre ting. Statsborgarskap kan vere det som set i gong prosessen med å skaffe seg finansiell kapital. Når

eg spurte informant Q kvifor han tok sjansen på å ha eit ulovleg statsborgarskap var det liten tvil for han at det var verdt det.

*“Why not? If you don’t, then you don’t have fundamental rights or freedom. You might get this idea when you see the Tibetans without, they face a lot of problems. When I pass 10<sup>th</sup> grade I had to continue my study, during those days they were asking citizenship. Otherwise you had to go to India to study.”* Informant Q, (mann, 32 år).

Han nemner dei tibetanarane som ikkje har statsborgarskap og at dei møter mange utfordringar, særleg når det kjem grunnleggande rettar og fridom. Utdanning er ein av desse rettane han nemner, for han var det ikkje aktuelt å reise til India for å ta utdanning. Å utdanne seg i India er svært vanleg for mange tibetanske flyktningar som har vokse opp i Nepal, men dette skal eg komme tilbake til i neste punkt. Når ein manglar finansiell kapital slik som informant K er det ikkje mogleg for han å skaffe seg eit statsborgarskap. Informant Q hadde ikkje kjøpt det sjølv, men faren hans hadde greidd å spare pengar til eit statsborgarskap til både informant Q og broren hans. Han fekk det rundt 1999/2000, og han trudde det kosta rundt 150 000 nepaleiske rupi den gongen, det tilsvara om lag 11 700 kr (valutakalkulator, 18.03.16). Å ikkje ha eit statsborgarskap kan sjåast som fattigdomsdimensjonane Banik (2006, s.18) skriv om. Moglegheita til utdanning, som er framheva som ein eigen dimensjon kan bli avgrensa dersom ein ikkje har eit statsborgarskap. Dermed betyr mangelen på statsborgarskap eit mindre handlingsrom, og det kan ein sjå når det kjem til utdanning.

### **6.2.2 Migrasjon som strategi**

Det er ulike variantar av løysingar tibetanarane til tider nyttar seg av, slik som å kjøpe seg eit statsborgarskap. Medan andre ser ikkje dette som ei god og berekraftig løysing for framtida. Informant T har ikkje statsborgarskap, og vil heller ikkje kjøpe seg eit. Han fortalte at han likte ikkje tanken på å late som han var nepalesar, han ville heller gjere det på den juridiske rette måten. Informant T starta ein organisasjon for 11 år sida der målet er å drive hjelpearbeid for det tibetanske samfunnet, organisasjonen er heilt avhengig av donasjonar frå eksterne aktørar. Informant T fortel at han fekk tilbod om ein sum på 50 000 amerikanske dollar til sin organisasjon. Han var ikkje komfortabel med å ta i mot denne summen utan å vere registrert på lovleg vis, og han tok derfor ikkje i mot pengane. Informant T har blitt hindra i å nytte seg av tilgjengeleg finansiell kapital på grunn av manglande statsborgarskap. Før grunnlova kom i 2015 hadde han håp om at den skulle gjere det mogleg for tibetanske flyktningar å få statsborgarskap, men slik blei det ikkje.

*“So for that I need papers, I waited so long for this constitution to give me papers, so I finally gave up.”* Informant T, (mann, 34 år).

Han planlegg derfor å reise til USA og bu der fram til han kan søke om amerikansk statsborgarskap, og deretter reise tilbake til Nepal for å fortsetje med arbeidet sitt. Informant T er 34 år og har dermed RC, det gjer til at han kan skaffe seg reisedokument og krysse landegrenser. Den fattigdomsdimensjonen som opplevast når ein står utan juridiske rettar kan informant T redusere ved å migrere til USA og skaffe seg amerikansk statsborgarskap, og det blir dermed hans strategi for å sikre seg ein berekraftig livelihood. Informant T er ikkje den einaste som ser migrasjon som ein strategi for ei betre framtid, mange av informantane har planar om å reise utanlands og dermed sikre seg eit godt liv. Informant T vel migrasjon for å kunne sikre seg eit lovleg statsborgarskap, og deretter kunne nytte det til å sikre sin livelihood. For å kunne reise krev det ein finansiell kapital, ved at han har moglegheit til å reise og nytte sin finansielle kapital kan det vere med på å styrke dei andre kapitalformene og slik etablere ein form for livelihood. Å reise utanlands for å skaffe seg eit statsborgarskap er ein av mange grunnar til at mange tibetanske flyktningar vel å migrere til andre land.

Informant Y som er ei 22 år gammal jente, skal også reise utanlands, men ho skal reise for å opparbeide seg finansiell kapital. Ho har ikkje eit mål om å skaffe seg eit statsborgarskap. Hushaldet hennar består av 7 personar, men berre tre av desse er i arbeid. Dei andre er ikkje i arbeid på grunn av alderdom, sjukdom og born. Det spesielle med informant Y sitt tilfelle er at ho har ein bachelorgrad frå India innanfor helse, men for å praktisere yrket sitt treng ho nepalesisk statsborgarskap. Dette er ikkje oppnåeleg for ho, men ho har fått moglegheit til å reise til eit anna land for å arbeide. Arbeidet er ikkje knytt til hennar utdanning, men dette landet tilbyr arbeidsvisum over til saman 4 år, og dermed vil det sikre god tilgang på finansiell kapital for hennar hushald dei neste 4 åra. Til tross for at arbeidet finn stad i eit land med svært vanskelege leveforhold og eit strengt regime vel ho å reise dit. Å sikre sitt hushald og bidra til finansiell kapital opplev ho som hennar plikt, og særleg fordi hushaldet hennar består av fleire arbeidsuføre. Til tross for denne situasjonen der utdanning ikkje har hjelpt informant Y til å skaffe seg finansiell kapital og bidra til at hushaldet har ein berekraftig livelihood, så meiner ho at utdanninga hennar er verdifull. Som ein ser er statsborgarskap sentralt for tilgang til finansiell kapital, ein kapitalforma som manglar i mange hushald.

For mange er derfor ikkje migrasjon ei realistisk løysing, ein treng ein viss finansiell kapital for å kunne reise til eit anna land og arbeide. Draumen om å reise utanlands er stor for mange.

Å reise utanlands inneber gjerne eit ynskje om å auke tilgangen på finansiell kapital, det vil sei at nokon reiser utanlands for å arbeide, medan andre reiser utanlands for å skaffe seg ei god utdanning og deretter har moglegheita til å opparbeide seg ein finansiell kapital. Nokon av dei informantane eg snakka med som sjølv har born uttrykte eit håp om å kunne sende borna sine til andre land for at borna deira skulle få ei betre framtid. For mange vil ikkje dette la seg gjere på grunn av eit utgangspunkt som innebere redusert tilgang til den finansielle kapitalen. I nokon hushald kunne eit familiemedlem gjerne reise til eit anna land, og deretter forsøke å få familiegjenforeining i eit anna land. Foreldre som ville sende sine born til andre land var oppteken av at borna skulle få eit godt liv, men nokon nemnte også at det var viktig fordi dei sjølv treng nokon som kan yte økonomisk stønad til dei når dei er blitt for gamle til å arbeide. Å flytte på familiemedlem er ein strategi for å meistre stress og sjokk som mange av dei tibetanske hushalda leve med (Chambers og Conway, 1991, s.11). Stress handlar som sagt om meir forutsigbare faktorar og kan bygge seg opp gradvis, og manglande finansiell kapital er eit stressmoment som mange av dei tibetanske hushalda lev med. Nokon ser på migrasjon som ein gyllen moglegheit til å hjelpe hushaldet ut av økonomiske problem, og dermed kan etablere ein stabil livelihood. Migrasjon vil for mange inneber å forlate familien sin og leve i eit ukjend land, men den økonomiske stønaden eit familiemedlem kan bidra med i utlandet kan gjere finansiell kapital tilgjengeleg. Informant G har ei dotter på 2 år, og ho ynskjer sterkt at dottera hennar skal få reise utanlands.

*“I have to work hard for her and get money and send her to school. She has to study hard, and I will try to send her abroad, I wish that.”* Informant G, (kvinne, 25 år).

Vidare fortel informant G at ho har klare tankar om framtida til jenta si. Ho seier at dersom dottera kan få ei framtid i utlandet vil ho kanskje få ei god inntekt, og då vil ho i tillegg vere i stand til å forsørgje foreldra sine. Studiar i utlandet og vidare arbeid kan sikre hushaldet ein livelihood. Informant G er medviten om at det vil krevje ein viss finansiell kapital for å kunne sende dottera hennar til utlandet. Informant G er også veldig tydeleg på at dottera hennar skal ha utdanning, ho meiner det er sentralt dersom ho skal vere i stand til å forsørgje familien.

Å reise til India er svært vanleg blant tibetanarane i Nepal, mange reiser dit for utdanning. Dessutan er det som sagt mange som greier å krysse den landegrensa fordi der kan tibetanarane bestikke vaktene for å komme seg over. Det er ikkje mogleg for tibetanarane utan statsborgarskap å bestille flybillettar, men det er mogleg å komme seg til India med buss. Dermed blir dette ei løysing for mange. Informanten frå Snow Lion Foundation kan til og

med fortelje at dei oppmodar tibetanske elevar til å reise til India for å skaffe seg dokumentasjon der, det gjer det lettare for dei når dei skal utdanne seg og deretter skaffe seg arbeid. I tillegg fins der stipendordningar i India som er tiltenkt tibetanske studentar.

*"We encourage them to make documents, not from here but from India. We still try to motivate them you know, but at the end if we become helpless without documents we should try to go to India or whatever. Make it for your life, so that's ultimately what we tell them." SLF.*

Å reise til India er for mange det mest realistiske håpet om utdanning og arbeid. Ein av informantane fortalte at under førebuinga til den store avsluttande eksamenen dei har i 10.klasse opplevde han store vanskar med å motivere seg for å ta denne testen. Den krevde mykje tid og hardt arbeid, og han tvilte på om det var noko poeng å bruke energi på dette. Mangelen på statsborgarskap var rota til tvilen, han såg for seg at utdanning ikkje kom til å bidra til ei framtidig inntekt. Han var nøydd til å snakke med foreldra sine om dette, og etter ein samtale med dei var det tanken på å kunne reise til India for å utdanne seg vidare og arbeide som gjorde til at han fann den motivasjonen han trengte for å fullføre grunnskulen.

*"I told my parents and they told me that I still had a chance because I can move to India and lots of Tibetan have a job there. I thought that was good, so I kept on studying." Informant N, (mann, 22 år).*

Migrasjon er informant N sin strategi for å sikre hans hushald inntekt og ein berekraftig livelihood, han er overtydd om at det ikkje kan gjerast i Nepal. Han fortel at tibetanarar i Nepal utan dokument har ikkje moglegheit til å leve eit godt liv. Å ikkje ha statsborgarskap påverkar korleis ein kan anvende dei ulike kapitalformene og strategiar for livelihood.

Mangelen på rettar og eit lovleg statsborgarskap er heilt sentralt for mange tibetanske flyktningar i Nepal. Denne mangelen gjer til at mange opplev ein sosial ulikskap, det gjeld særleg på arbeidsmarknaden, og det faktumet gjer også til at tankar rundt gevinsten av utdanning blir påverka. Framtida til mange tibetanarar opplevast som usikker på grunn av mangelen på dokument. Sjølv om dei greier å gjennomføre eit utdanningsløp er arbeidsmoglegheitene svært avgrensa. Dette gjer til at mange opplev ein usikkerheit rundt spørsmålet om utdanning, nokon spør seg sjølv kvifor dei skal halde fram med utdanning etter grunnskulen, ein kan jo risikere å ikkje få jobb uansett. Nokon har finansiell kapital som gjer til at det er mogleg å kjøpe eit statsborgarskap, og slik kan få tilgang til meir fysisk kapital. Å bidra økonomisk i hushaldet er uansett det viktigaste for informantane, uansett om ein vel å gjennomføre eit lengre utdanningsløp eller skaffe seg arbeid. Slik blir spørsmålet om utdanning for mange tibetanske flyktningar eit dilemma. For å få tilgang på finansiell kapital

er det ulike framgangsmåtar og strategiar. Dei som ikkje tar utdanning blir gjerne hindra av ein manglande finansiell kapital, medan andre får økonomisk stønad av migrerte familiemedlem eller sponsorar. Dei som tek utdanning uttrykker stor usikkerheit rundt si eiga framtid, men ser på utdanning som ei langsiktig investering for at hushaldet skal få tilgang til finansiell kapital.

## KAPITTEL 7

# MENNESKELEG KAPITAL

Menneskeleg kapital består av evnene våre, kunnskap, evnene til arbeid og god helse.

Menneskeleg kapital handlar om det vi får ut av desse ressursane og korleis vi kan nytte dei for å tilegne oss ulike strategiar for livelihood. Desse evnene og korleis ein nyttar dei er viktig for å kunne lukkast med å skaffe seg ein livelihood (Scoones, 1998, s.8). Menneskeleg kapital handlar om å byggje evner og ta dei i bruk. Denne kapitalforma er sentral for å kunne skaffe seg noko form for livelihood. Utan evna til arbeid og kunnskap vil det vere svært vanskeleg for dei tibetanske flyktningane å overleve. Menneskeleg kapital kan ervervast på ulike måtar, men utdanning er heilt klart sentralt. Utdanning er ein måte å skaffe seg kunnskap og opparbeide seg evner, men for å kunne ta desse evnene i bruk må ein vere i stand til å arbeide. Gjennom utdanning håpar mange tibetanske flyktningar på å få arbeid, utdanninga skal gjere dei i stand til å få ein relevant jobb og slik kunne forsørgje hushaldet sitt. Hushaldet sin samla menneskelege kapital er med på å påverke kva livelihood-strategiar som kan nyttast. I tillegg meiner mange av mine informantar at utdanning også rustar dei på andre måtar.

Evnene dei får gjennom utdanning handlar ikkje berre om å skaffe seg arbeid. Menneskeleg kapital handlar om å setje menneske i stand til noko, i stand til å nytte denne kapitalforma til å skaffe seg eit betre liv. Såleis er empowerment eit aspekt av menneskeleg kapital, og gjennom utdanning kan menneske setjast i stand til å anvende sitt potensiale til noko positivt. Etter kvart som eg gjorde fleire intervju kom det fram at utdanning gjerne ikkje berre handlar om å vere i stand til å skaffe seg ein livelihood, men det handla om personleg utviking, kunnskap om kva som skjer i verda, menneskerettar og ikkje minst handla det for nokon om eit framtidig fritt Tibet.

### **7.1 "To have a degree is one of my dreams"**

Som eg har nemnt før fins det ulike meininger rundt nytten av utdanning for dei tibetanske flyktningane, men at utdanning ville gjere deg til eit meir opplyst og godt menneske var det stor semje om. Dersom ein har utdanning vil ein ha eit meir opent sinn og vere eit betre menneske. Når ein har desse evnene er ein betre i stand til å meistre livet, uttalte nokon av mine informantar. Ein kan dermed sjå at utdanning og empowerment er tett bunde saman.

*"I've got this much education and now I feel like a little bit confident."* Informant X, (kvinne, 22 år).

Menneskeleg kapital dreiar seg i stor grad om empowerment, nemleg viljen og kapasiteten til å utrette noko positivt med sine evner. Det handlar om å ha kunnskap om verda rundt deg, vite korleis ting fungera og føle seg bra med seg sjølv. Gjennom utdanning kan ein utvikle menneskeleg kapital og leve betre i heilskapen. Som det blei nemnt i kapittel 3 er utdanning sett på som ein av dei mest avgjerande faktorane for empowerment, og dette var også oppfatninga blant informantane. Sosiale ferdigheiter, evner, sjølvtillit, personleg vekst og utvikling er ein del av empowerment-konseptet (Hannah, 2008, s.38). Det såg ut til at mange av tibetanarane eg snakka med var oppteken av å utvikle kritisk sans og vere stand til å tenke sjølvstendig, noko som kunne verkeleggjera gjennom utdanning.

Å utvikle seg på det personlege planet hadde ikkje nødvendigvis noko med ein livelihood å gjere, denne utviklinga var noko som kom i tillegg i følgje mange av informantane. Dermed argumenterte mange av dei tibetanske flyktningane for at utdanning er viktig, sjølv om arbeidsmarknaden er avgrensa. Den menneskelege kapitalen er heilt avgjerande for at det skal vere mogleg å gjere ein innsats i forhold til livelihood-strategiar (Sve, s. 24, 2010). Sjølv om mange av tibetanarane gjerne snakka om evnene ein kan utvikle gjennom utdanning som noko på sida av inntektsskapande evner, kan ein hevde at den personlege utviklinga er sentral når det kjem til det å skaffe seg arbeid.

Ei god sjølvkjensle og utdanning går for mange hand i hand. Det å ha høgare utdanning er i mange samanhengar forbunde med respekt, og slik beskriv informant D sine tankar om utdanning. Han meiner utdanning er med på å gjere deg anerkjend og respektert i samfunnet, og derfor er utdanning verdifullt.

*“The more you qualify, the more you get respect. If you have high education, you get respect.”*  
Informant D, (mann, 31 år).

Å vere respektert i eit samfunn vil kanskje gjere deg meir attraktiv på arbeidsmarknaden, sjølv om tibetanarane ikkje kan velje fritt blant alle arbeidsplassar. Det er tenkeleg at respekt i eit samfunn er ekstra viktig der dei sosiale nettverka for mange er ein sentral del av kapitalutforminga deira. Slik kan ein sjå symbolsk kapital også er viktig del av menneskeleg kapital. Gjennom evnene ein har er ein i stand til utføre arbeid, og gjennom det kan ein utvide sin symbolske kapital. Ved å opparbeide seg menneskeleg kapital blir ein stand til å utvide sine perspektiv og si forståing. Dette er eit vesentleg poeng for mange av dei informantane eg snakka med. Utifrå dette kan ein også sjå at kulturell kapital i nedfelt tilstand (*embodied state*)

er innbakt i menneskeleg kapital. Informant W er ein av dei som meiner at ein kan oppnå status i samfunnet ved å gjennomføre høgare utdanning.

*“It’s more like you have to have an education in order to be well known in the society. Compared to having a high school degree and college degree, it’s just different you know.”* Informant W, (kvinne, 24 år).

Informant S har ei mastergrad innanfor psykologi og jobbar som konsulent for ulike organisasjonar. Han beskriv seg sjølv som ein freelance-konsulent, han utfører arbeid i samband med ulike prosjekt, og deretter går han vidare til neste jobb. For å komme i kontakt med ein ny arbeidsgjevar er han avhengig av at tidlegare arbeidsgjevarar anbefaler han vidare og gjev han gode skussmål. Informant S har gjennom menneskeleg kapital vore i stand til å nytte sitt nettverk for å få arbeid. Ved å utføre godt arbeid har han opparbeida seg eit godt omdømme og er respektert i sitt arbeidsmiljø. Informant S har tileigna seg symbolsk kapital gjennom si utdanning, nettverk og sine evner.

Fleirtalet hevdar at ved å utdanne seg lærer ein om gode verdiar, får fleire inntrykk, kan kommunisere med folk og utveksle tankar. Alle desse erfaringane vil bidra til å gjere deg til eit betre menneske.

*“The most important thing we learn in school is being real, it’s not about earning lots of money, it’s about being a good person.”* Informant M, (kvinne, 21 år).

Informant M er ei 21 år gammal kvinne, ho helde på med ein bachelorgrad. Ho meiner utdanning vil gje ho meir enn jobbmogleheter, det vil i tillegg vere med på å gjere ho til eit betre menneske. Ho meiner at utdanning kan vere med på å redusere mobbing og gjere folk meir tolerante. Menneskeleg kapital dreiar seg om kva ressursar ein kan dra ut av blant anna utdanning. Fleire av informantane har peika på forståing og toleranse som eit resultat av utdanning. Denne oppfatninga om at utdanning kan bidra med noko i tillegg til ein livelihood er utbreidd. Dessutan kan ein gjennom utdanning tileigne seg felles reglar som gjeld for heile samfunnet.

*“Because when you go to school and learn about certain discipline, but if you don’t go to school you don’t know about rules, regulations and discipline. Like a caveman or something (ler). And educated people are more tolerant.”* Informant L, (kvinne, 26 år).

Dersom utdanning resultera i toleranse og meir medmenneskelegdom kan det komme eit samfunn til gode. Fleire informantar hevdar at dersom ein tar utdanning vil ein vere i stand til å tenke i eit større perspektiv.

*"Education helps develop you as a person, that's the most important thing. It makes you a better person. In general, regarding the world issues, more knowledge. Knowledge is power."* Informant T, (mann, 34 år).

Informant T var også medviten om heilskapen rundt utdanning. Han meiner at det ikkje berre handlar om framtidig arbeid, men det handlar om å vere opplyst og ha kunnskap om kva som føregår i verda. Han poengterte at gjennom utdanning kan ein få tilgang på informasjon om saker som klimaendringar og konfliktar rundt omkring i verda. For dei tibetanske flykningane handla også utdanning om det å vere i stand til å ta vare på seg sjølv, og ha nok kunnskap til å vite kva som er sanninga og ikkje. Ein informant nytta jordskjelvet som eit døme, når ein har utdanning forstår ein kvifor eit jordskjelv oppstår, det gir mening. Når ein ikkje veit grunnen til at eit jordskjelv oppstår innebere det i endå større grad kjensla av å ikkje vere trygg, og kva som er grunnen til at eit jordskjelv skjer. Informant S nytta dette døme og hevda at når ein er utdanna kan ein ikkje bli manipulert av kven som helst, men ein er i stand til å tenkje kritisk og sjølvstendig. Semja om at utdanning kan styrke individet og bidra til empowerment var stor, og ikkje minst er utdanning ein måte å auke si sjølvkjensle.

## 7.2 Utdanning for eit fritt Tibet

Utdanning er ein strategi for å nå ulike mål blant mange tibetanarar, og for nokon er ikkje utdanning like vesentleg. Eit poeng eg i utgangspunktet ikkje tenkt over før eg kom i gang med intervju, var kva rolle utdanning kan ha for at eit eventuelt fritt Tibet i framtida. Då dreiar det seg ikkje berre om ein livelihood for den enkelte, men òg ein del av ein større plan for ein heile nasjon. For nokon av informantane var utdanning ein måte å nytte menneskelege ressursar både til å opplyse andre om situasjonen i Tibet, men også for å kunne vende tilbake til eit fritt Tibet som utdanna og dermed vere med på å sikre vekst og framgang. Nokon meiner at utdanninga som er tilgjengeleg i Tibet ikkje er tilstrekkeleg for at landet skal kunne utviklast og gå framover, derfor er det viktig at eksiltibetanarane utdannar seg. Då kan dei returnere til eit eventuelt fritt Tibet og nytte sin kunnskap for å betre Tibet.

Nokon var svært bestemt på at dette var ein viktig grunn til å ta utdanning, medan nokon var meir pessimistiske når det gjaldt frigjeringa av Tibet. Eit fritt Tibet var ikkje einaste årsaken til at utdanning er viktig, men det er òg viktig for å skaffe seg kunnskap og vere i stand til å

kommunisere med andre og dermed opplyse fleire om situasjonen til det tibetanske folket. Nokon meinte at utdanning er viktig for å ha kunnskap om sine eigne rettar i samfunnet. Mange av dei informantane som snakka om utdanning i denne samanhengen var gjerne inspirert av Dalai Lama og hans tankar rundt utdanning. Fleire illustrerte dette poenget med å vise til at noko av det første Dalai Lama gjorde då han flykta til India var å etablere ein skule.

*“While we lost our nation his first motive was to give children a good education, so he established schools for the Tibetans. Because the children are the future.”* Informant F, (mann, 19 år).

Informant F er 19 år og har budd i Nepal heile sitt liv, med unntak av to år då han budde i India for å gå på skule. Til tross for at han er fødd og oppvachsen i Nepal uttrykker han at han likevel føler seg tibetansk og viser engasjement for eit sjølvstendig Tibet. Han meiner at utdanning er tibetanarane sitt viktigaste våpen.

*“For all tibetans education is the main weapon, if I have education I can do something for my nation. We can interact with people. Education is the main weapon for us, his Holiness call us the future of Tibet. So we have to struggle and study, and we should interact with people around the world and tell that we had a nation before 1959.”* Informant F, (mann, 19 år).

Tibetanarane eg snakka med var svært medvitne om at ein væpna krig mot Kina ville dei ikkje lukkast med. Dessutan strider det i mot Dalai Lama sin ikkje-valdelege filosofi. Dermed er det gjennom kunnskap og opplysning dei må kjempe kampen, slik kan menneskeleg kapital komme til nytte.

*“Education is really important for our generation. A Tibet country must educate the people. Because we can't fight the Chinese with weapon, but we can fight with education. If all the Tibetan people are educated, we can proof our country.”* Informant P, (mann, 27 år).

Informant P flykta frå Tibet til India då han var 13 år, og for 2 år sidan kom han til Nepal. Utdanning og religiøs fridom var grunnen til at han flykta. Han fortel at dei ikkje får lære det tibetanske språket eller om tibetansk kultur og religion. På grunn av dette sendte mora han vekk frå Tibet, saman med ei anna gruppe tibetanarar flykta han over grensa og har ikkje sett familien sin sidan då.

I tillegg til å utdanne tibetanarane meiner informant S at det kinesiske folket også må opplysast om kva som er sanninga om Tibet.

*“We can't fight with war, the main thing is education. Let them educate Tibetan people and Chinese people about reality, it's affecting everyone.”* Informant S, (mann, 32år).

I tillegg til å kunne spreie kunnskap om situasjonen i Tibet meinte også nokon informantar at det var viktig at eksiltibetanarane var godt utdanna slik at ved ei eventuell frigjering av Tibet ville der vere store massar med godt utdanna folk, og dermed kan dei sørge for at Tibet kan blomstre. Eit slikt perspektiv kor utdanning er ein del av eit mykje større biletet var viktig for mange, men nokon av informantane mine hadde ikkje tenkt på dette. Det var ikkje i fokus for dei, det viktige var det som påverka kvardagen deira her og no. Som ein ser har tibetanarane mange tankar rundt utdanning og for mange er utdanning ein måte å utvikle seg sjølv og for nokon er det vegen mot ei betre framtid. Mange av informantane eg snakka med var svært usikre på framtida si og kva den kunne bringe, og mange frykta vanskelege tider. Nokon lot seg motivere av tanken på eit fritt Tibet, men dette gjelder ikkje alle. Vidare skal eg sjå nærmare på kva rolle familien spelar for motivasjon til utdanning.

### **7.3 “They want me to have a better life”**

Mange var usikre på kva gevinst utdanning ville gje, om det ville vere verdt det.

Bekymringane rundt framtidig arbeid er alvorleg for mange tibetanarar, som vi har sett før i dette kapittelet er det nokon som ikkje helde fram med utdanninga si fordi dei føler det ikkje har noko hensikt. Det viktigaste er å skaffe seg arbeid, men på den andre sida er det mange som er overbevist om at utdanning er vegen mot eit betre liv. Utdanning var eit ynskje for dei fleste informantane.

Foreldre viste seg å ha ei viktig rolle når det gjaldt motivasjon for utdanning, og foreldra til informantane såg ut til å ha sterke meiningar om kva utdanning kunne bety.

Foreldregenerasjonen til informantane har generelt lite utdanning, og det kan tyde på at det har påverka informantane sitt syn på utdanning, og ikkje minst er det med på å motivere dei unge tibetanarane til å ta utdanning. Av dei 25 informantane var størsteparten av deira foreldre analfabetar. Av dei til saman 50 foreldra hadde 43 av dei ikkje vore på skule i det heile tatt, og kunne verken lese eller skrive. To av foreldra til informantane mine hadde gått meir enn 10 år på skule, og ein forelder hadde høgare utdanning. Dei ressursane ein kan tilegne seg gjennom utdanning var ein av motivasjonsfaktorane. Det kan sjå ut til at foreldra til informantane mine såg på utdanning som ein nøkkel til sosial mobilitet. Gjennom utdanningsinstitusjonane stiller alle likt, då er moglegheitene til å realisere sitt potensielle likestilt (Hjellbrekke og Korsnes, s.11, 2006). Menneskeleg kapital er såleis ein måte å få større sosial mobilitet. Dette dreiar seg om *intergenerational sustainability*. Det går ut på å oppretthalde eller forsterke evnene til dei framtidige generasjonane (Chambers og Conway, 1991, s.12). I direkte form betyr det å arve kunnskap, land og utstyr. I indirekte form er

*intergenerational sustainability* oppnådd gjennom at borna flyttar til andre stadar eller vel andre yrker. For å forsterke denne typen berekraft investerer ofte hushalda i utdanning og opplæring av evner som ikkje eksisterer innanfor hushaldet (Chambers og Conway, 1991, s.12,).

Den menneskelege kapitalen til informantane sine foreldre har vore annleis utforma enn informantane sin menneskeleg kapital. Foreldra deira har vore avhengig av å kunne utføre mykje fysisk arbeid, men dette ynskjer ikkje foreldra for sine born. Dei vil at borna deira skal tilegne seg andre ferdigheiter og kunnskap slik at dei kan ha ein jobb som ikkje består av tungt fysisk arbeid. Gjennom utdanning er oppfatninga at dei kan utvide sin menneskelege kapital og skaffe arbeid som er mindre fysisk krevjande. Informant M fortel at hennar foreldre har jobba drive med tungt og hardt arbeid heile sitt liv, dette ynskjer dei ikkje for ho, og derfor tar ho utdanning sjølv om ho ikkje føler seg trygg på at framtida blir god. Dette ser ut til å ha påverka informantane sine tankar rundt utdanning, og informant B er i saman med informant M ein av dei som fortel at foreldra hennar påverkar ho i forhold til utdanning. Ho går til òg med så langt å seier at det er på grunn av dei at ho studerer.

“*It's because of my parents I study.*” Informant B, (kvinne, 21 år).

Informant B fortel at hennar foreldre har levd eit liv med mykje hardt fysisk arbeid. I tillegg til at det handlar om å sleppe eit arbeidsliv med tungt arbeid dreiar det seg også om å utvikle seg sjølv som menneske.

Informant H er 20 år gammal og helde på med første året på sin bachelor innanfor hotel managment. Han er påverka av sine foreldre når det kjem til utdanning og han seier det oppmuntrar han til å ta utdanning, så når eg spurte kva som motiverer han til å ta ei utdanning er det først og fremst foreldra hans.

“*Firstly it comes from our parents and because they always encourage us to study. Because they know the advantage of education, and the disadvantage of not having and education. Like if they go to a party and everybody is talking English, they can't talk English. And they feel kind of ashamed, and if we tell about modern technology they won't have an idea about that. Like if you try to use a machine we have to read the manual. It also depends on us to look into what we can achieve from education and what's the advantage of education, it all depends on our family, ourselves.*” Informant H, (mann, 20 år).

Foreldra hans meiner han må ta ei utdanning for å kunne leve ei betre liv enn dei, begge foreldra er analfabetar. Årsaken til at mange foreldre er oppteken av utdanning i tillegg til arbeid og inntekt, kan vere at dei ikkje vil borna deira skal oppleve denne skamkjensla som informant H snakkar om. Det er tenkeleg at dei har opplevd ei kjensle av mindreverd og dårlig sjølvtillit. Informant H uttrykker at foreldra hans ynskjer at han skal få moglegheit til å utvikle sin menneskelege kapital, slik at han har ei større breidde på sine ressursar enn kva dei sjølv har hatt. Informant H fortel at utdanninga han tek er kostbar, men at foreldra jobbar hardt for at familien skal ha råd til utdanning for han og veslesystera. Denne fattigdommen er med på å påverke eit hushald sine mogleheter til å tene til livets opphald. Til tross for ein avgrensa finansiell kapital vil foreldra til informant H at borna skal utdanne seg.

*“They always encourage me to study, because if you don’t study you will become like us, you won’t get a good job, good career, you will be like a fool.”* Informant H, (mann, 20 år).

Foreldregenerasjonen til informantane har ikkje hatt same sjansen til å gå på skulen, men dei vil gjerne at borna deira skal gå på skulen. Dei vil at borna skal sleppe eit liv med fysisk hardt arbeid, og dei vil borna deira skal ha fleire val. Dessutan er det viktig for eit hushald at alle er i arbeid. Utdanning er ei langsigktig investering for eit heilt hushald. Nokon av informantane eg snakka med som er ferdig utdanna og har jobb, sender pengar til sine foreldre. Det fins ikkje gode pensjonsordningar i det nepalesiske systemet. I følgje informantane ser det òg ut til at foreldra deira er oppteken av at borna tileignar seg kunnskap om verda og er i stand til å kommunisere med andre. Det er ikkje berre ei framtidig inntekt utdanning kan bidra til, men utdanning kan også vere med på å gje ei positiv sjølvkjensle.

*“Because they are uneducated, it’s like they are blind. They can’t even read anything in the paper. So they think that education is important for us. And with education you always get a better job, you know. They didn’t have any choice.”* Informant L, (kvinne, 26 år).

Å vere godt rusta for det livet måtte bringe ser ut til å vere viktig for foreldra til mine informantar, dei ynskjer større breidde og fleire valmogleheter for sine born, enn kva dei sjølv har hatt. Den menneskelege kapitalen kan ein dra nytte av både som individ og som gruppe. Nokon av mine informantar påpeikar at deira foreldre kan ikkje lære dei ferdigheiter som lesing og skriving, dette må dei lære ein annan plass. Ferdigheiter som informantane lærer på skulen kan heile hushaldet dra nytte av. Slik som informant H nemner kan foreldra hans svært lite om moderne teknologi, og dei kan heller ikkje snakka andre språk. Dette er ting informantane har meir kunnskap om. Informant L nemner at foreldra hennar kan ikkje ein

gong lese avisa. Det kan derimot informant L, det betyr at ho kan halde seg oppdatert på hendingar og nyhendebilete, og vidareformidle det til sine foreldre. Den statlege støtta til innbyggjarane i Nepal er som sagt minimal, og derfor er mange foreldre avhengige av at borna deira kan forsørgje dei på sine eldre dagar.

Utdanning er sentralt for å kunne verkeleggjere menneskeleg kapital for dei tibetanske flyktingane. Gjennom utdanning hevdar informantane at ein kan utvikle seg på det personlege plan, ein blir eit betre og meir tolerant menneske. Utdanning kan også gjere deg i stand til å utføre arbeid og dermed kunne tene pengar. I tillegg ser nokon av informantane på utdanning som middel til noko meir enn framtidig arbeid, utdanning er viktig for eit eventuelt framtidig fritt Tibet. Foreldregenerasjonen ser også ut til å hevde at utdanning er viktig for at deira born skal ha ei god framtid, dersom borna deira hjelpe foreldra når dei blir gamle. Ikkje minst er ser det ut til at foreldra til informantane ser på utdanning som ein måte å bli empowered. Ved å ta utdanning får ein fleire valalternativ enn det foreldregenerasjonane hadde når det gjeld arbeid. Dessutan kan dei velje arbeid som ikkje er fysisk krevjande.

# KAPITTEL 8

## SÅRBARHEIT

Å vere flykning i eit fattig land som Nepal er med på å gjere tibetanarane sårbare. For at ein livelihood-strategi skal vere berekraftig må den tåle å bli utsett for stress og sjokk, slik det blei sagt i kapittel 3. Stress dreiar seg om forutsigbare og kumulative forstyrningar, medan sjokk er store, uregelmessige og uforutsigbare hendingar med umiddelbar effekt (Scoones, s.6, 1998). Ulike faktorar er med på å legge føringar for dei tibetanske flyktingane sine val av strategiar. Sårbarheitskonteksten for urbane flyktingar blir påverka av lover og retningslinjer i vertslandet (Buscher, 2011, s.21). Utforminga av dei ulike kapitalformene blir påverka av konteksten informantane er i, og må takast i betrakting. Nokon av dei faktorane som gjer tibetanarane sårbare har dei levd med i fleire tiår, medan nyare hendingar som jordskjelv og streik er sjokkfaktorar som må handterast i tillegg til dei eksisterande stressfaktorane. Tema for dette kapittelet vil vere sårbarheitskonteksten for dei tibetanske flyktingane, stress dei blir utsett for og sjokk som har råka dei i nyare tid.

### **8.1 Stress og sjokk**

Stress og sjokk påverkar som sagt livelihood-strategiar, som flykning lev mange med ein viss form for stress. Stressfaktorar utspelar seg annleis enn sjokk. Om ein går tilbake til kapittel 3 ser ein i definisjonen av livelihood at den må tåle stress og sjokk for å vere berekraftig.

Avgrensa arbeidsmogleigheter, manglende statsborgarskap, svakt styre og slike faktorar er ein del av kvardagen til mange av informantane, det er ikkje noko nytt for dei. Slike faktorar har dei til ei viss grad lært seg å leve med, og dei opparbeider seg ulike strategiar for å handtere dei. I eit allereie sårbart hushald kan det dermed vere endå meir dramatisk å handtere uventa sjokk. Jordskjelvet som råka store delar av Kathmandu er eit slikt sjokk som kan påverke livelihood-strategiane og til informantane. Streiken som blei sett i gang i samband med den nye grunnlova var ein ytterlegare faktor som bringer usikkerheit rundt framtida og tilstanden til hushalda.

#### **8.1.1 Jordskjelvet**

Naturkatastrofar som jordskjelv er ei påkjenning for eit fattig land som Nepal. Ein kunne tydeleg sjå i dei ulike bydelane kor bygningane var rusta for å tåle sterke skjelv, medan i nokon områder var størsteparten av bygningane rasa saman. I campen til dei tibetanske

flyktningane var det ingen hus som rasa saman, men barneskulen og handverkssenteret fekk som sagt hard medfart. Økonomisk er det fleire hushald som blir råka av det. At drifta av handverkssenteret er redusert er først og fremst med på å skape stor usikkerheit rundt framtidig inntekt for mange hushald. Foreldra til nokon av informantane jobba på handverkssenteret før jordskjelvet, og det er ikkje sikkert dei ville vere i stand til å skaffe seg ein ny jobb. Som ufaglært og analfabet tibetanarar er arbeidsmarknaden liten. Ein av dei tilsette på handverkssenteret er bekymra for konsekvensane tibetanarane må takle utan handverkssenteret, og har ikkje noko løysing på problema som vil komme.

*"This factory has been affected by the earth quake. Because we have this factory, only this factory. I think about 70% are depending on this factory, and we have no factory now."* Informant Z, (mann, 44 år).

Produksjonen av teppa er sterkt redusert, og ei anna som er tilsett på handverkssenteret beskriv arbeidsforhold som ikkje tillèt ein like stor produksjon lengre.

*"We can't make carpets here anymore, they have to make them under these hot roof of tin, can't work like before."* Informant Æ, (kvinne, 42 år).

Informant Æ er også tilsett på handverkssenteret, og ho meiner dei ikkje vil vere i stand til å bygge opp handverkssenteret utan økonomisk stønad frå eksterne aktørar. Det tibetanske samfunnet har ikkje dei økonomiske midla dei treng. Offentlege og private institusjonar som er villig til å hjelpe flyktningar er med på å påverke sårbarheitskonteksten til urbane flyktningar (Buscher, 2011, s.21). Å vere avhengig av stønad frå eksterne aktørar er med på å gjere framtida til handverkssenteret usikker, og under mitt opphold i Nepal hadde dei ikkje lukkast med å skaffe økonomisk stønad. Førespurnadar til NGO'ar og organisasjonar kan vere med på å hjelpe i slike situasjonar, men det er ingen garanti for at midlane er tilgjengelege. Når det gjaldt barneskulen starta oppbygginga av den på slutten av mitt opphold, då hadde ein privatperson sponsa utgiftene. Denne stønaden var heilt avgjerande for skulen sin eksistens. Handverkssenteret har hatt ei stor rolle i forhold til drifta av denne skulen, og framtida til skulen og kostnadane er dermed uvisse. Sjokk kan påverke sårbarheitskonteksten i varierande grad (Morse og McNamara, 2013, s.36). Den kapitalforma som tydlegast blei råka av jordskjelvet er den finanzielle kapitalen. Mange hushald opplev redusert inntekt, og samfunnet rundt har store kostnadar å dekke for å kunne starte oppbygginga. På lang sikt kan dette påverke dei andre kapitalformene også, dersom folk vel å migrere vil det påverke både menneskeleg og sosial kapital (Morse og McNamara, 2013, s.36).

Når folk blir utsett for denne typen sjokk er det viktig å sjå kva politisk kontekst som pregar landet. Ved slike hendingar vil nokon av kapitalformene vere sårbare, i nokon tilfelle kan staten vere i stand til å redusere skadane eller kompensere for det tapte (Morse og McNamara, 2013, s.36). I det tibetanske tilfellet er det lite forventningar om stønad frå den nepalesiske staten. I følgje den norske ambassaden har den nepalesiske regjeringa utnemnt ein komité som skal jobbe med gjenoppbygging etter jordskjelvet. Til tross for at det er mange månadar sidan jordskjelvet, har ikkje denne komiteen uttretta noko nemneverdig. Det vitnar om ein politisk kontekst som ikkje fungera optimalt. I og med at staten i liten grad kan redusere skadene jordskjelvet har gjort, og kan gjere på kapitalformene, er private aktørar og NGO'ar viktigare. Noreg har bidrige med 230 millionar kroner i humanitær bistand etter jordskjelvet (Norad, 2015). Eksilregjeringa i Dharamsala donerte også pengar til den nepalesiske staten, men dette blei ikkje nemnt av nokon informantar. Som Morse og McNamara (2013, s.6) skriv kan ein ikkje berre sjå dei enkelte institusjonane for seg sjølv, ein må også sjå korleis dei fungerer saman, eller eventuelt ikkje samarbeider. Den utbreidde korrupsjonen og det generelt svake styret i Nepal påverkar korleis landet handterer eit slikt sjokk som eit jordskjelv.

Når slike sjokk som eit jordskjelv inntreff kan ein dra nytte av ulike kapitalformer. For informantane var samhald og omsorg viktig. Dei tette banda i det tibetanske nettverket kom til nytte etter jordskjelvet og under dei påfølgjande etterskjelva. Mange informantar fortel om tida dei budde i telt saman med resten av campen som ei styrkande oppleveling for fellesskapet. I tillegg til den emosjonelle stønaden tibetanarane fekk av kvarandre, hjelpte dei også kvarandre med praktiske ting. Informant B fortalte at medan skulen var stengt prøvde ho og vennane hennar å fylle tida med noko meiningsfylt.

*“We collected money from our friends, and bought tents for them who didn’t have any. Not huge amount, but some.”* Informant B, (kvinne, 21 år).

Ved å nytte sitt nettverk til å samle inn pengar har informant B fått tilgang til finansiell kapital. Pengane dei samla inn greidde dei å omsetje til fysisk kapital i form av telt. Informant H nytta også delar av si tid etter jordskjelvet med til å hjelpe andre medan dei budde ute i telt.

*“Households came together, making food together. We all stayed over on the ground. We have a sports club in our community, I’m a member of that, and we helped people. The old people also came down because they were scared, so we helped building their tents. It was a lot of rain during that time, so we made a drain system. For getting the mind of the earthquake, we created different activities and*

*different games to the children. Like showing movies, like Dalai Lama movies. It's takes their mind off the earth quake.”* Informant H, 20 år).

Sosial kapital var eit viktig hjelphemiddel både når det kom til kjenslemessig stønad, men også når det gjaldt mobilisering av kapitalformer. Til dømes har dei gjennom nettverket vore i stand til å lage eit dreneringssystem.

### **8.1.2 Streik**

Den nye grunnlova som er omtalt i kapittel 2 førte til ein storstilt streik som råka innbyggjarane i Kathmandu. Geografisk sett er Nepal som land i ein sårbar situasjon som landlåst mellom stormaktene India og Kina (Rotchild, 2006, s.36). Forholdet mellom India og Nepal er asymmetrisk når det kjem til makt, og det fekk dei merke under denne streiken. Konsekvensane av streiken gjekk hardast utover dei som allereie er i ein sårbar situasjon, og dei tibetanske flyktingane var blant dei. Det blei mangel på viktige matvarer og det førte til auka priser på desse varene. Det var stor uvisse rundt denne streiken og kor lenge den kom til å vare, og informantane visste ikkje kor lenge dei hadde kapasitet til å betale for dyrare mat. Rasjoneringa av drivstoff var kanskje det som hadde dei største synlege konsekvensane, trafikken blei redusert og køane til bensinstasjonane var fleire kilometer. Denne mangelen fekk ringverknadar for mange. Blant anna gjekk det utover dei som var avhengig av transport til skule eller arbeid. Kollektivtransporten var så overfylt at det var vanskeleg å komme seg nokon plass og det kunne ta svært lang tid å forflytte seg korte distansar. Ein av informantane som blei nemnt i kapittel 2 nytta svartebørsen for å skaffe seg drivstoff. Han sa at denne kostnaden har han ikkje moglegheit til å dekke over lengre tid. Det vil sei at dersom streiken ikkje tok slutt innan kort tid kunne han risikere å ikkje møte på jobb når han skulle. Det kan også innebere at han til slutt har brukt så mykje pengar på drivstoff at tilgangen på finansiell kapital er ytterlegare avgrensa, særleg om han ikkje kjem seg på jobb og får tent pengar. Denne situasjonen gjer informanten sitt hushald sårbart.

Mangelen på drivstoff råkar også skulevesenet i Nepal. Etter kvart blei det problematisk for elevar og tilsette som var avhengige av transport til skulen. På grunn av utfordringane med tilkomst blei andre offentlege kontor stengt, og det blei også vurdert om skulane måtte stengast.

*“Many teachers have to come from far, they are not living there, they have to change 2-3 buses. If teacher miss the class, then what’s the use of students coming to school? So that’s important.”* SLF.

Jordskjelvet gjorde til at skulane måtte vere strengt i ettertid av skjelvet, og elevane mista mykje undervisning. I tillegg til at mangelen på drivstoff påverkar skulane er gassmangelen også, som nemnt i kapittel 2 kritisk for internatskulane. Maten blir for det meste laga på gass, og tilkomsten av gass var sterkt redusert. Dermed måtte nokon internatskular lage mat på bål. Mangelen på gass påverkar ikkje berre internatskulane. Dei fleste hushalda har ikkje tilgang til straum, og derfor treng dei gass til all matlaging. Informantar som ikkje har råd til å kjøpe gass på svartebørlsen går ei svært usikker tid i møte.

*“It affects us a lot, we don’t have gas and all. We have one left, it will last maybe 15-16 days. Don’t know what we are doing when that is out.”* Informant I, (mann, 24 år).

Informant I og hans hushald er i ein svært sårbar situasjon, og dersom streiken varer lenge vil dei ha redusert tilgang på mat. Sårbarheita kan variere ut i frå kva sjokk ein opplev, og nokon sjokk påverkar visse kapitalformer i større grad (Morse og McNamara, 2013, s.36). Det kan sjå ut til at finansiell kapital vil spele i ei stor rolle i forhold til streiken. Det er med tanke på moglegheita til å kunne kjøpe dyrare varer og nytte den svarte marknaden. Oppsparte midlar vil komme godt med i slike situasjoner. På lengre sikt kan streiken påverke andre kapitalformer også. Dei som ikkje har lite tilgang på finansiell kapital må finne andre strategiar. I verste fall kan denne streiken føre til redusert mattriggleik for informantane.

*“Yes, I’m worried. Because food is very expensive. And people who sell can decide the price, it’s not the same price all over.”* Informant Æ, (kvinne, 42 år).

Sårbarheitskonteksten vil vere avhengig av eit overskot av ressursar i hushaldet slik at reservaløysingar og bufferar kan takast i bruk dersom ein opplev stress og sjokk (Scoones, 1998, s.10). Ein kan til ei viss grad samanlikne denne situasjonen med jordskjelvet, då måtte informantane forlate husa sine, men fann likevel ein måte å lage mat på. Fleire informantar har understreka at samarbeidet mellom tibetanarane gjorde situasjonen lettare. Det er tenkeleg at sosial og menneskeleg kapital blir sentrale kapitalformer dersom streiken varer over lengre tid. Det er likevel mange ting som skil jordskjelvet frå streiken, til dømes kom ikkje dei alvorlege konsekvensane med ein gong. Alvorlege konsekvensar kan forventast i framtida dersom situasjonen held fram slik.

### **8.1.3 Mangelen på statsborgarskap**

Statsborgarskap har tradisjonelt blitt forstått som ein formell og juridisk status, statsborgaren er definert som medlem av eit gitt territorium innanfor ein stat, og gjennom den statusen har

ein visse rettar (McConnell, 2014, s.974). Tibetanarane i Nepal har for det meste ikkje nepalesisk statsborgarskap, og medfører stress for deira livelihood-strategiar. Då tibetanarane først flykta til Nepal etter opprøra i 1959 var det kong Mahendra som styrte i Nepal.

*“Before it was king Mahendra’s time, he was kind to Tibetans. He let us live here, he gave us land and he was good to us. We could apply for nationality then, there was no restriction. But at that time we had hope that we could return back to Tibet.”* Informant Z, (mann, 44 år).

Under hans styre ble tibetanarane teken godt i mot og fekk moglegheit til å søkje om statsborgarskap. Problemet var at mange på den tida antok at konfliktane i Tibet berre skulle vere nokon få år, og dermed kunne dei returnere til Tibet etter kort tid. Dessutan fekk flyktningane då RC. Konfliktane varte i Tibet og kongen i Nepal blei styrta. Maoist-regjeringa tok over og det blei vanskeleg for tibetanarane å returnere til Tibet, og dermed står fleirtalet i dag utan noko form for statsborgarskap. Omfanget av problem som skuldast mangel på statsborgarskap er ikkje avdekkja i Nepal, då dette ikkje har vore tilstrekkeleg forska på. Problema er likevel utan tvil alvorlege for dei som manglar statsborgarskap (Lazco, 2010, s.79).

Mangelen på statsborgarskap er med på å gjere tibetanarane sine livelihood-strategiar sårbare. Å vere fordrevne frå sitt eige land fører gjerne til at eksisterande sårbarheit blir forverra (Jacobsen, 2002, s.98). Konkrete avgrensingar tibetanarane opplev utan statsborgarskap er blant anna desse:

- Kan ikkje søkje jobb i offentleg sektor.
- Kan ikkje stemme ved nepalesiske val.
- Kan ikkje opprette bankkonto.
- Kan ikkje ta førarkort på noko køyretøy.
- Kan ikkje kjøpe eigedom.
- Kan ikkje opprette eiga verksemد og registrere den.
- Kan ikkje reise utanlands (har ikkje pass).

Fleire av desse punkta gjev ringverknadar og påverkar ytterlegare enn dei punkta som er lista opp her. Faktumet at tibetanske flyktningar ikkje kan få jobb i den offentlege sektoren gjer til at moglegheitene for framtidig inntekt berre er knytt til privat sektor eller arbeidsplassar drive av det tibetanske miljøet. Utdanningsval som strategi for livelihood blir dermed sterkt påverka av dette. For tibetanske hushald er det ei økonomisk påkjenning å sende medlemmar av

hushaldet på skulen. Dessutan kan ein risikere å gjennomføre utdanning utan å få ein relevant jobb, eller jobb i det heile teke. Informantane kom stadig tilbake til dette poenget under mange av intervjua. Utdanning som strategi for ein livelihood er tilknytt mykje usikkerheit på grunn av den sårbare situasjonen tibetanarane er i. Mykje av denne usikkerheita er knytt til finansiell kapital. Dei som vel å ta utdanning håpar dette skal bidra til styrking av hushaldet sin finanzielle kapital. For nokon er utdanning ein måte å redusere sårbarheita i forhold til sine livelihood-strategiar, men for nokon er sårbarheitskonteksen så omfattande at ei langsiktig investering som utdanning vil ikkje la seg gjere.

Ein anna faktor som påverkar informantane sin sårbarheitskontekst i forhold til utdanning, er at mange er avhengig av ekstern økonomisk stønad for å kunne gjennomføre utdanningsløpet. Fleirtalet av informantane er avhengig av sponsorar for at hushaldet skal ha råd utdanning til borna. Dersom denne stønaden blir fjerna kan ein risikere at borna ikkje kan halde fram på skulen. Det enkelte hushald si evne til å spare pengar er redusert. Lån, sparing og kjøp av eigedom er utelukka for informantane, og dermed er økonomisk stønad frå andre aktørar sentralt.

Mangelen på statsborgarskap gjennomsyrar liva til dei tibetanske flyktningane, og har stor definisjonsmakt over livelihood-strategiane deira. Statsborgarskap var eit mykje viktigare tema enn forventa før feltarbeidet, og eg er tilbøyeyeleg til å påstå at mangelen på statsborgarskap er den viktigaste faktoren i forhold til informantane sin sårbarheitskontekst. Faktisk er om lag alle vala dei tek i forhold til livelihood sterkt påverka av at dei ikkje har statsborgarskap.

#### ***8.1.3.1 Statsborgarskap, capabilites og entitlement***

Sen si tilnærming om capabilites (CA) vektlegg den faktiske fridommen eit menneske har til utforme sitt eige liv. I denne tilnærminga er individet i fokus, men viktigheita av politiske element blir også tatt omsyn til. Slik kan ein nytte denne tilnærminga for å forstå kva rolle eit statsborgarskap spelar (Pfister, 2010, s.242). Ressursane individ har trengs for å oppnå visse funksjonar (*functionings*). Desse funksjonane kan vere alt i frå tilstrekkeleg dagleg næring eller ha å ein plass å bu, til meir kompliserte prosessar som å inneha sjølvstilling, respekt eller vere i stand til å delta i samfunnet (Pfister, 2010, s.242). I kva grad ein kan nytte sine ressursar for å oppnå slike funksjonar blir i stor grad avgjort av mangelen på statsborgarskap for informantane. Menneske lev under ulike forhold og situasjoner, og vil derfor ha ulike behov. Ein kan derfor ikkje sjå noko eintydig årsakssamanheng mellom ressursar og

funksjonar. Det vil sei at ein må vurdere kva følgjer mangelen på statsborgarskap har for informantane. Utdanning og gode kvalifikasjoner er for mange ein draum, medan for andre er det heilt fjernt. Poenget er at det kan ikkje forklarast ved å berre vurdere personlege evner, som til dømes manglande ansvarskjensle, høge ambisjonar, gode eller dårlige personlege val (Pfister, 2010, s.242). Mangelen på statsborgarskap gjer til at dei fleste informantane må velje livelihood-strategiar som ikkje krev eit statsborgarskap.

Tilnærminga om *entitlement* fokuserar på faktorar som avgrensar tilgangen fattige har for å kunne leve eit anstendig liv. For at denne tilgangen skal finne stad må blant anna staten sørge for at grunnleggande *entitlements* er tilgjengeleg for innbyggjarane. Nepal tilbyr ikkje dette til tibetanarane. Desto viktigare blir informantane sine *capabilities*, altså den kapasiteten som set individua og hushalda i stand til oppnå ulike *functionings* (Banik, 2006, s.16). Sårbarheit er knytt til individ og hushald som er utsett for risikoar, og deira evne til å handtere det (Banik, 2006, s.15). Hushalda til informantane jobba tett saman for å ta i bruk kapitalformene på ein hensiktsmessig måte. Kva som er hensiktsmessig varierer mellom dei ulike hushalda, men målet var det same for alle. Dei vil redusere si sårbarheit, og skaffe ei ei betre framtid for medlemmane i hushaldet.

### **8.1.3.2 Statsborgarskap og sjølvbilete**

Det manglande statsborgarskapet er ikkje berre med på å påverke korleis informantane kan utforme sine livehood-strategiar. Det er også med på å skape rammer for deira sjølvkjensle. Nokon informantar peika på fleire utfordringar knytt til manglande statsborgarskap, framtidig arbeid og grunnleggande rettar. I tillegg var der nokon som fortalte om korleis det påverka deira sjølvkjensle og identitet. Når dei fekk spørsmålet om dei er tibetanske eller nepalesiske var fleirtalet tydlege på at dei føler seg tibetansk. Medan nokon opplevde ei slags identitetsskrise.

*“I think I’m Tibetan, at the moment I feel like I am having an identity crisis. People say that we can’t say we are Tibetans because we are not born in Tibet. We know some things about Tibet, but we know more about Nepal. So I don’t know, it’s a bit confusing.”* Informant L, (kvinne, 26 år).

Informant S fortel også at det kan vere problematisk å knyte identiteten sin til rolla som flyktning, han seier det gjev ei kjensle av mindreverd. Informant S meiner også at mange av dei tibetanske borna er sjenerete og slit med dårlig sjølvtilitt på grunn av dette. Han samanlikna seg sjølv med indiske ungdommar han gjekk på skule med i India, og hans oppfatning var at dei hadde mykje meir sjølvtilitt enn han sjølv.

*“Especially when I was in India, all the kids there were very confident. Even if they don’t know the answer they still shout something out and.... But I feel shy to stand up and raise up. Because system was like that. Many of the Tibetans are shy and less confident, I feel like that.”* Informant S, (mann, 32 år).

Han meiner dette skuldast at tibetanarar opplev usikkerheit i forhold til kor dei høyrer til. Dei er oppvaksen i Nepal, men har ikkje dei same rettane som nepalesarar. Kjensla av å vere annleis og ha eit anna utgangspunkt enn majoriteten har påverka hans tankar om sin eigen identitet.

*“Yes, little like inferior complex you know. My parents told me like, we are refugees, we don’t have our own property, we are from a different land. So like, if I feel little like...That’s makes me a little weaker. But now I don’t feel that, because I crossed that level now. Majority of kids experience it.”* Informant S, (mann, 32 år).

Utgjevinga av *Voices of the Poor* som blir peika på i kapittel 3, viser at den tredje fattigdomsdimensjon dreiar seg om det psykologiske aspektet. Å vere fattig vil sei å vere utan ei stemme, maktesløyse, skam og audmjuking. Beskrivinga av kjenslene informant L og informant S har grunna manglande statsborgarskap kan sjåast i samanheng med denne fattigdomsdimensjonen. Kjenslene informantane fortel om dreiar seg om å stå på utsida av samfunnet og følgjene det får for deira identitet. *Voices of the Poor* konkluderer med at staten si rolle må styrkast for å kunne redusere fattigdom (Banik, 2006, s.18). Dersom den nepalesiske stat hadde vore mektigare er det tenkeleg at statsborgarskap kunne vore aktuelt for dei tibetanske flyktningane. Såleis hadde sårbarheitskonteksten til tibetanarane endra seg.

Sårbarheitskonteksten til informantane er med på å avgjere kva slags strategiar dei kan nytte for å skaffe ein livelihood. Nokon av informantane vel utdanning, medan andre prioriterer å skaffe arbeid så raskt som mogleg. Informantane opplev sjokk og stress som påverkar kva kapitalformer dei kan nytte. Det kraftige jordskjelvet som råka var eit slikt sjokk som påverka livelihood-strategiane til nokon av informantane. Tilsette på det handverkssenteret er nokon av dei som opplevde ei redusert inntekt som følgje av jordskjelvet. Desse hushalda opplev usikkerheit og ei uviss framtid. På same tid nytta informantane nettverka sine til å samarbeide om daglege gjeremål. Ikkje minst nytta informantane nettverka sine til trøyst og emosjonell stønad.

Under streiken kunne informantar som hadde tilgang til finansiell kapital nytte seg av ein svart marknad for å få tilgang til drivstoff og gass, men dette var svært kostbart.

Internatskulane som hadde gått tom for gass måtte nytte bål for å lage mat. Etter kvart kunne ein merke i gatene at folk nytta bål til matlaging også. Kva andre strategiar som blir teken i bruk vil vere avhengig av kor lenge streiken varer. Den politiske konteksten tilbyr lite vern mot stress og sjokk, og dette påverkar sårbarheita til informantane. Sårbarheita og den institusjonelle konteksten må takast omsyn til for at det skal vere mogleg å utvikle strategiar som kan forbetre sin livelihood, berre når det er gjort kan resultata av livelihood-strategiar generere positive resultat (Morse og McNamara, 2013, s.37).

# KAPITTEL 9

## AVSLUTTANDE DRØFTING OG KONKLUSJONAR

I dette kapittelet skal eg summere opp sentrale poeng og sjå på dei i forhold til problemstillinga. Kva utdanning betyr for informantane og kva rolle det har for livelihood-strategiane skal belysast. I samband med dette må eg også sjå på kva føresetnadane som må vere til stade for at utdanning skal kunne nyttast som ein strategi. For nokon av informantane var ikkje utdanning ein strategi, det betyr at eg også må sjå på kva strategiar desse individua nyttar.

Det er utan tvil eit sterkt fokus på utdanning blant informantane. I og med at tibetanarane har vore i Nepal i fleire år finns der eit godt etablert utdanningstilbod for dei. I Nepal var der i 2010 tolv ulike tibetanske skular, men etter jordskjelvet står det ti igjen. På desse skulane følgjer dei det nepalesiske pensumet, men dei lærer i tillegg tibetansk. Av informantane var der ein person som berre hadde fullført barneskulen. Tre informantar hadde berre fullført ungdomsskulen. Seks stykk hadde fullført *plus two* og femten informantar har fullført ein bachelorgrad eller er under utdanning. Av desse femten har ein av informantane ein mastergrad. Alle utanom ein informant har gått på tibetansk skule fram til fullført ungdomsskule, etter det er alternativet andre private skular. Av dei eg intervjuar ser ein altså at majoriteten er godt utdanna, noko som er i skarp kontrast til foreldregenerasjonen.

### **9.1 Hushalda sin kapital**

Livet til dei fleste informantane er sentrert rundt hushaldet. Hushaldet er den viktigaste støttespelaren i fleire samanhengar, og målet for alle informantane er å forsørgje hushaldet. Nokon hushald ser ut til å nytte utdanning som ein livelihood-strategi, men for at dette skal løysa seg gjere må visse faktorar vere til stades. Dei eksisterande kapitalformene til hushaldet spelar ei rolle. Dersom det i det heile teke skal vere mogleg å nytte utdanning som ein livelihood-strategi må visse føresetnadane vere til stades.

Det er viktig at foreldra i hushaldet er villig til å sende borna sine på skule, og for at dei skal vere villig til det må der vere tilstrekkeleg med finansiell kapital. I mange tilfelle er finansiell kapital mangelvare. Dersom borna går på skule vil dei ikkje vere i stand til å bidra med inntekt i hushaldet, dei vil tvert i mot vere ein utgift. Foreldra sin motivasjon til å sende borna

på skule var i følgje informantane håpet om inntekt og eit betre liv. Ved å sende borna på skulen kan dei på lang sikt vere med å forsørge hushaldet. Å ha born som kan yte økonomisk stønad er viktig på grunn av manglande velferdsordningar i Nepal. Sidan tilgangen på finansiell kapital er avgrensa i dei fleste hushalda til informantane må dei nytte andre kapitalformer. Ved å nytte andre kapitalformer er tanken at dei kan omsetjast til finansiell kapital og skaffe inntekt til hushaldet.

Stønad frå internasjonale nettverk til tibetanske flyktningar i Nepal er ein viktig del av sosial kapital for mange av dei hushalda eg har vore i kontakt med. Gjennom slike nettverk med sponsorar sikrar mange av hushalda utdanning til sine born. Denne stønaden har hushaldet lite kontroll over, det er knytt ein viss usikkerheit til varigheita av denne stønaden. For mange avhenger lengda av skulegangen på kor lenge sponsorane bidreg med pengar. Denne stønaden er godt etablert i det tibetanske samfunnet, og alle informantane har eller har hatt sponsorar på eit tidspunkt. Alle informantane lev i ein sårbar kontekst i ulik grad. Det er avgjerande at hushaldet er i situasjon der utdanning faktisk er mogleg. Som til dømes situasjonen til infomant I, som er nemnt i kapittel 5. Han hadde berre sponsorar fram til 10.klasse, og etter det kunne han ikkje gå meir på skule. No i seinare tid har foreldra mista jobbe på grunn av jordskjelvet. Veslesøstera og dei to yngre brødrene går framleis på skule med hjelp av sponsorar. Det er berre informant I som har inntekt i hans hushald. Fordi dette er ein vanskeleg situasjon for informant I og hans hushald får dei økonomisk stønad av onkelen til informant I.

Dersom eit hushald har knapt med menneskeleg kapital er det vanskeleg å gje borna lengre utdanning. Menneskeleg kapital i form av friske og arbeidsdyktige personar er sentralt for å lukkast med sine livelihood-strategiar (Scoones, 1998, s.6). Dei arbeidsføre personane vil kunne forsørge hushaldet, medan borna går på skule. Informant Y som er nemnt i kapittel 5 er i ein situasjon der tilgangen til menneskeleg kapital er redusert. Av dei som sju som hører til hushaldet var det på det tidspunktet berre to som var i lønna arbeid. Bestemora til informant Y var ikkje lengre i stand til å arbeide, den eine søsterha ei dotter som ho må ta seg av og den andre søsterha kan ikkje arbeide fordi slit med psykisk sjukdom. Informant Y var utdanna sjukepleiar, men utan statsborgarskap får ho ikkje arbeid. I hushaldet til informant Y var der lite tilgang på personar med god helse og med fysisk kapasitet til å utføre arbeid, såleis har hushaldet lite tilgang på menneskeleg kapital. Som det også er nemnt i kapittel 5 vel derfor informant Y å reise til eit anna land for å arbeidet. Til tross for at arbeidet ikkje er

relatert til hennar utdanning, men for ho er det svært viktig å vere med på å forsørge hushaldet sitt.

## 9.2 Stress og sjokk

I kapittel 7 såg eg på stress og sjokk som dei ulike hushalda må forholde seg til. Informantane lev med kontinuerlege stressfaktorar som manglande statsborgarskap. I tillegg har jordskjelvet vore eit sjokk for informantane og deira livelihood. Dette har gjort til at nokon av hushalda har mista jobben sin. I allereie sårbare hushald har dette stor påverknad, og då må dei anvende andre tilgjengelege kapitalformer. I tillegg til slike store sjokk som påverkar mange, så blir informantane sine hushald utsett for sjokk som berre råkar det enkelte hushald. Dødsfall er ein type sjokk som kan gjere hushald endå meir sårbare. Informant T si mor døydde av rabies då han var 11 år gammal, i tillegg til at det var ei trist oppleving gjekk det utover hushaldet på fleire måtar. Familien eigde ein liten teppefabrikk, men etter at ho døydde byrja faren til informant T og drikke. Det førte igjen til at dei måtte legge ned teppefabrikken og den eldre broren til informant T droppa ut av skulen for å ta vare på familien.

*“Someone had to look after the family, no mother and my father was deep into alcohol and gambling.”* Informant T, (mann, 34 år).

Familien til informant T opplevde eit sjokk, og det påverka kapitalformene i hushaldet. Teppefabrikken blei nedlagd og dermed blei tilgang på finansiell kapital redusert. Faren blei alkoholikar og spelte vekk det vesle dei hadde av pengar, såleis blei også menneskeleg kapital mindre tilgjengeleg i hushaldet. Ut av dei fem syskena i det hushaldet er det ein som har tatt høgare utdanning. I tillegg er storesystera til informant T er døv og stum, og er ikkje i stand til å utføre arbeid. Manglande menneskeleg kapital i hushaldet og sjokket ved å miste mora har påverka hushaldet sine kapitalformer, og gjorde livelihood-strategiane sårbare. Stress og sjokk gjorde til at hushaldet mista inntekt og måtte endre sine livelihood-strategiar.

Migrasjon er ein måte å handtere stress og sjokk på, mangelen på statsborgarskap i Nepal er ein stressfaktor for informantane. For å overkomme denne stressfaktoren legg nokon planar om å forlate Nepal. Problematikken rundt det manglande statsborgarskap er uunngåeleg for informantane, og det er ein barriere for tilgang til ulike kapitalformer. Det innebere at den einaste måten å nytte seg av migrasjon er å ty til ulovlege midlar. Det vil sei at dei som har tilstrekkeleg finansiell kapital kan kjøpe seg eit nepalesisk statsborgarskap og på den måten kunne skaffe seg reisedokument. Ein anna moglegheit er å bestikke personell ved grenseovergangar, og dermed få tillating til å krysse landegrenser.

### **9.3 Empowerment**

I teorien om *empowerment* er utdanning framheva som ein sentralt katalysator for å bli *empowered* (Hannah, 2008, s.37). Oppfatninga til fleirtalet av informantane er at utdanning er ein måte å styrke kontrollen over sitt eige liv. Så godt som alle snakkar om at utdanning er ein måte å utvikle seg sjølv på det personelge planet og styrke sin eigen integritet. Dessutan opnar utdanning for mange fleire valmoglegheiter når det kjem til arbeid, og det er sentralt for verkeleggjeringa av *empowerment*. Styrking av individet vil vere ein gode for individet og hushaldet. Nokon av informantane hadde eit endå større perspektiv på utdanning. Dersom det skal vere mogleg å frigjere Tibet er utdanning heilt naudsynt. Ved å opplyse og utdanne eksil-tibetanarane vil dei vere i stand til å kjempe for eit fritt Tibet. Dei informantane som nemnte dette understreka at utdanning var den einaste måten Tibet kunne nytte for å frigjere seg fra Kina.

### **9.4 Foreldregenerasjonen**

Skilnaden på utdanningsnivået til informantane og informantane sine foreldre er stor. Nesten alle foreldra er analfabetar, og har jamt over eit svært lågt utdanningsnivå. Medan alle informantane er skrive- og leseknydige. I foreldregenerasjonen var der berre to av 43 som hadde gått meir enn ti år på skule. Blant dei 25 informantane hadde 21 av dei gått meir enn ti år på skule.

Informantane fortel om foreldre som motiverte og støtta informantane si utdanning. Frå heimen har mange av informantane blitt fortalt at utdanning er svært viktig for å kunne få eit betre liv. Ved at borna utdanna seg kan dei få eit betre liv enn det foreldregenerasjonen har opplevd, og gjennom utdanning kan dei styrke sin livelihood. Det ser ut til at foreldra til informantane har den oppfatninga at gjennom utdanning kan dei sikre sine barn *intergenerational sustainability* (Chambers og Conway, 1991, s.12). Fokuset til denne foreldregenerasjonen synes å vere retta mot formell utdanning. Dei ville gjerne at borna skulle tilegne seg kunnskap som hittil i liten grad fans i hushaldet. Det var også tydeleg at det var ynskjeleg for nokon foreldre å la borna sine flytte andre stader. Seks av informantane har tatt delar av si utdanning i utlandet. Ni informantar hadde ein eller fleire har nære familiemedlem i utlandet. Årsaken til at familiemedlem forlét Nepal er for å utdanne seg og for å skaffe seg arbeid, og slik kan dei sende pengar heim til sine familiær. Dei to tilsette som blei intervjua på handverkssenteret var litt eldre enn houvdinformantane mine, og hadde sjølv born. Begge desse hadde eit ynskje om å sende borna sine til eit anna land slik at dei kunne utdanne seg og få arbeid. Den eine av dei var i gong med prosessen med å få familiegjenforeining med mora

til borna. Han ville sende borna sine til Sveits slik at dei kunne utdann seg der, og bu med mora deira. Denne trua på at utdanning vil føre til eit betre liv er utbreidd blant foreldra til informantane.

Foreldra til informantane kan i liten grad bidra med å hjelpe borna med lekser og faglege utfordringar dei møter. Mange av foreldra kan heller ikkje lese aviser eller nytte internett. Dessutan blir det stadig gjenteke av informantane at foreldra ynskjer utdanning for sine born slik at dei slepp å leve eit like hardt liv som foreldra. Ved å ta utdanning får borna kunnskap om verda, kan delta i samfunnet og dei har fleire alternativ når det kjem til arbeid. Faren til ein av informantane har jobba i skuleverket heile sitt liv, men er no pensjonert. Han har starta opp ein kveldsskule for vaksne. Her lærer dei å lese. Det er hovudsakleg for å kunne lese dei religiøse skriftene og bønnene. Informant Z si mor som er 70 år gammal går på denne kveldsskulen for å lære seg å lese.

Fire av informantane er sjølv foreldre, og dei var alle også opptekne av borna deira skulle ha utdanning. Av desse fire informantane var det berre ein av dei som hadde fullført høgare utdanning, medan dei andre hadde fullført *plus two*. Ingen av dei skilte seg ut når det kom til tankar om framtidig utdanning for sine eigne born, alle såg på utdanning som heilt naudsynt for sine born. Informantane som ikkje hadde born fekk også spørsmål om framtidig familie og born si utdanning, der var det også stor semje om at borna må ta utdanning.

## 9.5 Er utdanning ein livelihood-strategi?

Ein strategi er dei planane ein legg og handlingane ein gjennomfører for å oppnå sine mål, slik det blei sagt i kapittel 1. I denne samanhengen er spørsmålet om utdanning kan nyttast for å oppnå målet om ein berekraftig livelihood. For at utdanning skal vere ein livelihood-strategi ser det ut til at det trengs ein av kapitalformene. Det er ikkje avgjerande kva form, men dersom ein kapitalform er til stades ser det ut til at informantane er i stand til å omsetje dei til fleire kapitalformer. Dersom hushaldet ikkje har finansiell kapital, men god kjennskap til sosiale nettverk og organisjonar kan den kapitalforma nyttast til å gje borna utdanning. Dersom menneskeleg kapital er tilgjengeleg i hushaldet kan denne kapitalforma omsetjast til finansiell kapital i form av arbeid, og den kan omsetjast til sosial kapital. Det kan til dømes vere i form av familiemedlem som er i stand til å delta i samfunnet, og dermed skaffe informasjon. Slik kan dei ulike kapitalformene vere inngangsporten til utdanning.

Til tross for å ha gjennomført utdanning er det ikkje sikkert at utdanninga faktisk fører til ein livelihood. Sjølv om informantane har gjennomført utdanning er dei framleis avhengig av dei

ulike kapitalformene for å kunne skaffe seg arbeid. Sosial kapital kan spele ei stor rolle i den fasen. Å kjenne til og vere ein del av ulike nettverk og ha kontaktar er viktig for tibetanarane i og med at dei ikkje søker arbeid på lik linje med nepalesarane. For det første må dei ha kjennskap til kva verksemder som er aktuelle arbeidsplassar for dei, og vidare kan det vere ein stor fordel å ha personlege relasjonar til personar i arbeidslivet. Når ein skal dra nytte av sosiale ressursar kan symbolsk kapital også vere ein fordel, dersom ein er anerkjent og har eit godt omdømme kan det vere med på å gjere det lettare å dra nytte av nettverket sitt. Informantane ser ut til å vere einige om at symbolsk kapital kan ein oppnå gjennom utdanning.

Utforminga av hushaldet er som sagt varierande. Det kan bestå av berre ein einsleg person, kjernejfamilien eller utvida familie. Det ser ikkje ut til at det er talet på medlemmar av hushaldet som avgjer om utdanning kan nyttast som ein livelihood-strategi. Det som spelar ei rolle er kva kapitalformer som eksisterer i hushaldet. Eit hushald kan til dømes ha mange medlemmar, men likevel lite tilgang på menneskeleg kapital. Informant Y sitt hushald, som blei omtalt i kapittel 6. Hushaldet bestod av sju personar, men berre to av dei var i arbeid.

Når det er sagt er hushald som består av berre ein person tilsynelatande meir sårbar. Informant O som blei omtalt i kapittel 4 er eit døme på kva følgjer det kan få å ikkje ha eit støttande og trygt hushald. For hennar del betydde det at mangelen på kapital gjorde det umogleg for ho å ta utdanning. Sårbarheitskonteksten til hushalda spelar ei rolle. Jordskjelvet og streiken sette ytterlegare press på hushalda sine livelihood-strategiar. Jordskjelvet lamma store delar av teppeproduksjonen, som er svært viktig for det tibetanske samfunnet. Mange mista inntekta si og dermed kjelda til finansiell kapital, og dette er kapital som blir nytta til blant anna å omsetjast til utdanning i form av skulepengar og utstyr. Dødsfall er også noko som gjere eit innhogg i menneskeleg kapital og dermed aukar sårbarheita til hushaldet som einskap.

For nokon informantar er det ei mål å ta utdanning og deretter jobbe i nepalesisk eller tibetansk privat sektor. Andre håpar på å reise utanlands etter at utdanninga er gjennomført, og får arbeid der. Informantane legg opp til ulike strategiar for å handtere dette problemet.

Nokon informantar meiner at utdanning ikkje er ein strategi for å oppnå ein livelihood.

Fokuset til desse informantane er å forsørgje hushaldet, akkurat som dei som vel å ta utdanning. Informantane som ikkje har tatt meir utdanning har gjerne blitt stoppa av manglande kapitalformer. Nokon hevdar at ein kan skaffe seg arbeid utan utdanning. Enkelte meiner at på grunn av den reduserte arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg for tibetanarar, er

utdanning mindre viktig. Det er mogleg å skaffe ei anstendig inntekt utan utdanning. Særleg er det denne uvissa rundt framtida som gjer til at nokon informantar ikkje satsar på utdanning, dei veit ikkje kva gevinst utdanning vil gje i framtida. Derfor kan dei ikkje bruke tid og pengar på å utdanne seg, det er viktigare å forsørge hushaldet her og no. Å ta utdanning kan altså vere eit sjansespel.

## 9.6 Konklusjon

Som ein ser består det teoretiske rammeverket i denne oppgåva av mange ulike element. Det er fordi desse ulike omgrepa heng nøye saman med informantane sine livelihood-strategiar, og desse strategiane er svært samansette. Alle informantane var einige i at utdanning er viktig, og at det kan på ein eller anna måte kan vere til hjelp. Dermed kan ein konkludere med at utdanning spelar ei rolle for alle informantane. I og med at alle er skrive- og leseknydige har dei ein stor fordel i forhold til sine foreldre. Utdanning gjev deg kunnskap om verda og gjer deg til eit betre menneske.. Oppfatninga blant nokon informantar var at gjennom utdanning kan ein opparbeide seg mykje av ein kapitalform og deretter omsetje den til andre kapitalformer. Nokon informantar har stor tru på at utdanning vil vere med på å auke deira livskvalitet. Nokon informantar har den oppfatninga at utdanning er det einaste dei kan gjere for å få eit betre liv. Dessutan har mange av informantane ambisjonar, dei vil gjere noko med livet sitt og tilegne seg kunnskap.

Det ser ut til at informantane kan nytte utdanning som ein livelihood-strategi. Likevel er ikkje resultatet eintydig. Informantane reflekterte mykje rundt ei usikker framtid, sjølv om dei var under utdanning. Dei som nytta utdanning som strategi hadde sterke håp om å lukkast. Dei informantane som hevda at utdanning ikkje er ein livelihood-strategi meinte likevel at utdanning er viktig for å vere eit opplyst og godt menneske. Dei meinte også at utdanninga gav status i samfunnet. Sjølv om dei hadde nyanserte oppfatningar av utdanning, så meina dei at det ikkje var naudsynt for å skaffe seg ein livelihood. Dessutan var nokon i ein situasjon der utdanning ikkje kunne anvendast som strategi. Årsaken til det var ofte at hushaldet var i ein så sårbar situasjon at utdanning ikkje kunne prioriterast. Det kunne vere dødsfall i familien, alderdom og fråfall av sponsorar. Altså var nokon kapitalformer så sterkt redusert at utdanning ikkje var mogleg. Mangelen på statsborgarskap gjorde også mange av dei pessimistiske angåande framtidig arbeid, og det var endå ein faktor som gjorde til at utdanning ikkje var aktuelt.

Når det er sagt er det eit stort fleirtal av informantar som hevdar at utdanning er ein livelihood-strategi, og lysta til utdanning er sterkt. Denne lysten til å utdanne seg heng for mange saman med å kunne utvikle sin menneskelege kapital, og vidare symbolsk kapital. Å vere utdanna var for mange tett bunde saman med si sjølvkjensle. Håpet om personleg utvikling og styrking av sitt eige sjølvbilete var for mange også ein grunn til å ta utdanning. Gjennom utdanning opplev informantane individuell *empowerment*. Dei opplev at dei har styrka sin kunnskap og har fleire valmoglegheiter. Denne innstillinga til utdanning har dei fleste foreldra også, særleg når det kjem til valmoglegheiter. Foreldra ynskjer at borna skal utdanne seg slik at dei kan ta kontroll over sine eigne liv, og ha fleire reelle valalternativ. Moglegheita til å velje var i liten grad til stade då foreldra til informantane var unge.

For at individ skal kunne ta kontroll over sine eigne liv og ta reelle val er entitlements viktig. Utan desse rettane som entitlements representerer er det vanskeleg å ta i bruk sine capabilites. Som materialet viser er informantane sine entitlements reduserte, men dei greier likevel å ta i bruk sine capabilites. Informantane stiller svakt når det kjem til formelle rettar i samfunnet på grunn av manglende statsborgarskap. Likevel har dei metodar for å ta i bruk sine capabilites. Dei løyser dette problemet til ei viss grad ved å nytte andre ressursar, og nettverk er særleg viktig. Dei internasjonale nettverka som bidreg med sponsoring til utdanning er avgjerande for mange hushald. At denne stønanden er til stade er noko av det som kjenneteiknar hushald som nyttar utdanning som ein livelihood-strategi. Både empowerment, capability og entitlements er sentrale omgrep for å svare på kva rolle utdanning spelar for informantane. Dei heng tett saman med delar av livelihood-modellen. For å forklare kva rolle utdanning spelar for informantane kan desse omgrepene nyttast for å famne om det livelihood-modellen ikkje tar tak i.

Utdanning blir sett på som ei langsiktig investering hushaldet gjere. Sjølv om nokon medlemmar av hushaldet ikkje bidreg med inntekt i ein periode, er tanken at det vil svare seg til slutt. Dersom individ blir utdanna kan dei skaffe seg ein god jobb og dermed tene pengar. Slik er utdanning ein strategi for tilgang til finansiell kapital. Dersom det skal la seg gjere at medlemmar av hushaldet ikkje skal ta del i inntektsskapande aktivitet er hushaldet avhengig av tilgang til menneskeleg kapital. Det vil sei at andre medlemmar av hushaldet må vere i stand til å utføre arbeid og tene pengar. Dessutan hevdar informantane at ein kan oppnå meir menneskeleg kapital gjennom utdanning. Kulturell kapital i form av utdanning er verdsett blant informantane, og ved å ha ei god utdanning kan ein oppnå anerkjenning, status og respekt i det tibetanske samfunnet. I og med at sosial kapital er sentralt for informantane vil

symbolisk kapital vere nyttig, eit godt omdømme kan gjere det lettare å anvende sosial kapital. Dermed kan ein sei at utdanning er ein strategi for å få tilgang til dei ulike kapitalformene og dermed redusere hushaldet sin sårbarheit, slik kan utdanning sikre hushalda ein berekraftig livelihood.

## Referanseliste

- Aase, T.H og Fossåskaret, E. (2007). *Skapte virkeligheter*. Oslo: Universitetsforlaget
- Aguirre, R.A. (2012). *Women's Empowerment and Education in Quechua Communities in Villa Charcas, Chuquisaca, Bolivia*. (Masteroppgåve). Agder Universitet. Kristiansand.
- Banik, D. (2006). *Poverty, Politics and Development – Interdisciplinary Perspectives*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS
- Boudet, A.M.M, Petesch, P. Turk, C, Thumala, A. (2013) *On Norms and Agency: Conversations about Gender Equality with Women and Men in 20 Countries*. Directions in Development. Washington, DC: World Bank. Henta fra: <http://site.ebrary.com/lib/hogskbergen/reader.action?docID=10690516>
- Bourdieu, P. (1989). Social Space and Symbolic Power. *American Sociological Theory*. Vol.7. Side 14- 25. Henta fra: <http://www.jstor.org/stable/202060>
- Bourdieu, P. (1986). The Forms of Capital. Lauder, H., Brown, P., Dillabough, J.A, Halsey, A.H. (Red), *Education, Globalization & Social Change*. (s. 105 – 118).
- Breidlid, H. (2004). Buddhismen. Levi Geir Eidhamar (Red.) *Religioner og livssyn*. (s. 255 – 311). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS- Norwegian Academic Press
- Buscher, D. (2011). New Approaches to Urban Refugee Livelihoods. *Refuge: Canada's Journal on Refugees*. Vol.28. Side 17-29. Henta fra: <http://refuge.journals.yorku.ca/index.php/refuge/article/view/36473/33161>
- Chambers, R. og Conway, G.R (1991). Sustainable Rural Livelihoods: Practical Concepts for the 21<sup>st</sup> Century. *IDS Discussion Paper 296*. Henta fra: <https://www.ids.ac.uk/files/Dp296.pdf>
- Colic-Peisker, V. og Walker, I. (2003). Human Capital, Acculturation and Social Identity: Bosnian Refugees in Australia. *Journal of Community & Applied Psychology*. (Volum 13). Side 337-360. Henta fra: <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/casp.743/abstract>
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. 2.utg. Oslo: Universitetsforlaget
- Department for International Development (1999). Sustainable Livelihood Guidance Sheets. Henta fra: <http://www.eldis.org/vfile/upload/1/document/0901/section2.pdf>
- Department of Education. Basic Education Policy for Tibetans in Exile. <http://sherig.org/en/education-policy-4/>
- Donnet, P.A. (1994). *Tibet survival in question*. Zed Books, Ltd.
- Elliott, S. og Yusuf, I. (2014). ‘Yes we can; but together’: social capital and refugee resettlements. *Kōtuitui: New Zealand Journal of Social Science Online*. (Volum 9).

Side 101-110. Henta frå:

<http://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/1177083X.2014.951662>

Fangen, K. (2011). Deltagende observasjon. Ann-Mari Sellerberg (Red.), *Mange ulike metoder* (s.38 – 55). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Flyktninghjelpen (2015,18.06 ). Flyktningregnskapet 2015. Henta frå:  
[http://www.flyktninghjelpen.no/?aid=9079309#.VxTKB\\_myOko](http://www.flyktninghjelpen.no/?aid=9079309#.VxTKB_myOko)

Flyktninghjelpen (2013, 19.06). Nepal: Færre flyktninger og internt fordrevne. Henta frå:  
<http://www.flyktninghjelpen.no/?aid=9095251#.VxTKaPmyOko>

FN-sambandet (2016, 01.26). Hva er en flyktning? Henta frå:  
<http://www.fn.no/Tema/Flyktninger/Hva-er-en-flyktning>

FN-sambandet (2016, 01.26). Statsløse. Henta frå:  
<http://www.fn.no/Tema/Flyktninger/Statsloese>

Gelek, L. (2002). A General Introduction to Tibetan Culture and Religion. *Chinese Sociology & Anthrolopogy*. Side 15- 31. Henta frå:  
<http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.2753/CSA0009-4625340415#.VyismPmLTIU>

Globalis (2016, 03.17). Flyktningkonvensjonen. Henta frå:  
<http://www.globalis.no/Avtaler/Flyktningkonvensjonen>

Globalis. (2016, 25.01). Nepal. Henta frå: <http://www.globalis.no/Konflikter/Nepal>

Grønmo, S. (2004). *Sammfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Vigmostad & Bjørke AS.

Hannah, J. (2008). The Role of Education and Training in the Empowerment and Inclusion of Migrants and Refugees. Zadja, J., Majhanovich, S., Davies, L (Red.). *Comparative and Global Pedagogies*. (s.33 – 48). Springer. Henta frå:  
<http://link.springer.com/book/10.1007/978-1-4020-8349-5>

Hjellbrekke. J, og Korsnes.O (2006). *Sosial Mobilitet*. Oslo: Det Norske Samlaget

International Campaign for Tibet (2016). Tibet Maps. Henta frå:  
<https://www.savetibet.org/policy-center/tibet-maps/>

Jacobsen, D.I. (2005). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i samfunnsvitenskaplig metode*. Kristiansand: Høyskoleforlag

Jacobsen, K. (2002). Livelihoods in Conflict – The Pursuit of Livelihoods by Refugees and the Impact og the Human Security of Host Communities. *International Migration*. Volum 40. Henta frå: <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/1468-2435.00213/abstract>

Jha, H.B. (1992). *Tibetans in Nepal*. India: Book Faith

Krumsvik, R.J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode – ei innføring*. Fagbokforlaget Bergen: Vigmostad & Bjørke AS

Landinfo. (2010). Nepal: Tibetaneres muligheter til å oppnå statsborgerskap og reisedokumenter i Nepal. Henta frå: [http://www.landinfo.no/asset/1460/1/1460\\_1.pdf](http://www.landinfo.no/asset/1460/1/1460_1.pdf)

Laczo, M. (2010) Deprived of an individual identity: citizenship and women in Nepal, *Gender & Development*. Vol.11 side 76-82. Henta frå: [http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/741954372#.Vzl-o\\_mLTIU](http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/741954372#.Vzl-o_mLTIU)

Long, N. (2001). *Development Sociology: Actor Perspectives*. London: Routledge.

McConnell, F. (2013). Citizens and Refugees: Constructing and Negotiating Tibetan Identities in Exile, *Annals of the Association of American Geographers*. Side 967-983. Henta frå: <http://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/00045608.2011.628245#.VzmHsvMLTIU>

Meland, P. (1998). Undertrykking av nasjonal og religiøs identitet i Tibet. *Mennesker og rettigheter*. (Volum 16), side 172-179.

Morse, S., og McNamara, N. (2013). *Sustainable Livelihood Approach: A Critique of Theory and Practice*. Springer. Henta frå: <http://link.springer.com/book/10.1007%2F978-94-007-6268-8>

Morse, S., McNamara, N. og Acholo, M (2009) *Sustainable Livelihood Approach: A critical analysis of theory and practice*. University of Reading. Henta frå: <http://www.reading.ac.uk/web/FILES/geographyandenvironmentalscience/GP189.pdf>

Norad (2015). Nepal. Henta frå: <https://www.norad.no/landsider/asia-og-oseania/nepal/>

Oxford Dictionaires (2016). Strategy. Henta frå: <http://www.oxforddictionaries.com/>

Pfister, T. (2012). Citizenship and capability? Amartya Sen's capabilities approach from a citizenship perspective. *Citizenship Studies*. Volum 16. Side 241-254. Henta frå: [https://www.researchgate.net/publication/254243206\\_Citizenship\\_and\\_capability\\_Amartya\\_Sen's\\_capabilities\\_approach\\_from\\_a\\_citizenship\\_perspective](https://www.researchgate.net/publication/254243206_Citizenship_and_capability_Amartya_Sen's_capabilities_approach_from_a_citizenship_perspective)

Portes, A., Fernàndes-Kelly, P. (2008). No Margin for Error: Educational and Occupational Achievement among Disadvantaged Children of Immigrants. *Annals of the American Academy of Political and Social Science*. Side 12-36. Henta frå: <http://ann.sagepub.com/content/620/1/12.short>

Reay, D. (2004). The Implications of Changing Trends in Education Policies. *Cultural Trends*. Side 73-86.  
<http://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.1080/0954896042000267161>

Reay, D. (1998). *Class Work: Mother's Involvement in Their Children's Primary Schooling*. [https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=odC\\_Pqo55XYC&oi=fnd&pg=PP1&dq=Reay,+D.+\(1998\).+Class+work:+Mothers%20%99+involvement+in+their+children%20%99s+primary+schooling.+London:+](https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=odC_Pqo55XYC&oi=fnd&pg=PP1&dq=Reay,+D.+(1998).+Class+work:+Mothers%20%99+involvement+in+their+children%20%99s+primary+schooling.+London:+)

[University+College+Press&ots=8ZOduWQitN&sig=nH1lOJ8YHAR02dVC6zbNrBL\\_2MCc&redir\\_esc=y#v=onepage&q=symbolic&f=false](#)

Rotchild, J. (2006). Setting the Context: Nepal, Jiri and Education. Naples, N.A (Red).  
*Gender Trouble makers: Education and Empowerment in Nepal*. Routledge.

Scoones, I. (1998). *Sustainable Rural Livelihood: A Framework for Analysis*. Institute of Development Studies. Henta frå: <http://www.ids.ac.uk/publication/sustainable-rural-livelihoods-a-framework-for-analysis>

Sve, V. (2010). *Urbane flyktninger i Accra, Ghana – aktive aktører i egne liv*. (Masteroppgåve). NTNU, Trondheim.

Tao, T.C.H og Wall, G. (2009). A Livelihood Approach to Sustainability. *Asia Pacific Journal of Tourism Research*. Side 137 – 152. Henta frå:  
<http://dx.doi.org/10.1080/10941660902847187>

Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse – en innføring i kvalitativ metode*. 3.utg. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS

Thomas, F.C, Roberts, B, Luitel, P.N, Upadhyaya, N., Tol, A.W. (2011). Resilience of Refugees Displaced in the Developing World: A Qualitative Analysis of Strengths and Struggles of Urban Refugees in Nepal. *Conflict and Health*. (S.3 -11). Henta frå:  
<http://conflictandhealth.biomedcentral.com/articles/10.1186/1752-1505-5-20>

Tufte, P.A (2011) Kvantiativ metode. Ann-Mari Sellerberg (Red.), *Mange ulike metoder* (s.71 – 97). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

Refworld (2015). Canada: Immigration and Refugee Board of Canada, *Nepal: Situation of Tibetans with a Refugee Identity Card (RIC)*. Henta frå: <http://www.refworld.org/docid/550c36f64.html>

UNDP, IRP og UNISDR. (2010). Guidane Note on Recovery. Henta frå: <http://www.unisdr.org/we/inform/publications/16771>

UNHCR (2012). Mandate. Henta frå:  
<http://un.org.np/unhcr>

Valutakalkulator (18.03.2016). Henta frå: <http://www.valutakalkulator.net/index.html>

Worldatlas (2016). Nepal maps. Henta frå:  
<http://www.worldatlas.com/webimage/countrys/asia/nepal/npmaps.htm#page>

## Vedlegg:

Vedlegg 1: Oversikt over informantar 1: 19-35 år

### OVERSIKT OVER INFORMANTAR 1: 19-35 ÅR

INFORMANT	ALDER	KJØNN	UTDANNING/ARB.	FORELDRE OG SKULE	HUSHALDET/FAM
A	25	Kvinne	Påbegynt bachelor i social work, men ikkje fullført.	Ingen skulegang. Foreldre er fødd i Nepal.	Bur med faren sin, stemor, halvsøster (5) og bror (19).
B	21	Kvinne	Helde på med bachelor, ferdig til våren.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med mora si. Bror (23), søster (15), søster (18) og halvsøster (14) som bur i Boudha med faren og ny kone.
C	32	Mann	Fullført ungdomsskulen	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur aleine. Bror (munk, 43 år), søster (48), søster (37).
D	31	Mann	Begynte på college, med droppa ut etter 5-6 månadar.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med søstra si. Mora bur i USA. Søster (24, gift), søster (22), søster (38, bur i USA og gift).
E	20	Kvinne	Skule driven av ein NGO fram til class 12. Skal begynne på bachelor i januar, tar kurs i mellomtida.	Mora gjekk på skule til 8.klasse, men så gifta ho seg. Faren gjekk på skulen til 5.klasse. Fødd i Nepal	Bur med tanta si, foreldra er sesongarbeidarar/bønder i Tibet. Søster (19, skule i India), søster (10, NGO)
F	19	Mann	SOS-skule for foreldrelause, plus 2 i India og skal no begynne på bachelor.	Ingen skulegang. Foreldre er fødd i Nepal.	Bur med faren sin, stemor, halvsøster (5) og bror (19).
G	25	Kvinne	12 år på skule. Jobba i eit resiebyrå før ho fekk dottera, skal vere heime med ho til ho er 3 år.	Ingen skulegang. Foreldre er fødd i Tibet.	Bur med mannen (sherpa) og dottera (19mnd). Faren hennar er dø. Har ei eldre og ei yngre søster.
H	20	Mann	Helde på med ein bachelor, snart ferdig med 1.året.	Ingen skulegang. Mora går på kveldsskule for å lære lesing og skriving (tibetansk). Foreldre er fødd i Nepal.	Bur med far, mor, ei tante, søster (24) og søster (14).
I	24	Mann	Fullført 10 år.	Ingen skulegang. Foreldre er fødd i Nepal.	Bur med foreldre, søster (14), søster (22) og bror (23).
J	24	Mann	Fullført 10 år.	Faren har mastergrad. Mora har ingen skulegang, men har	Bur med foreldra og søster (32), søster (28), søster (19) og søster (18)

				lært tibetansk på kveldsskule. Foreldre er fødd i Tibet.	
K	20	Mann	Påbegynt bachelor, ferdig med 1.år.	Ingen skulegang. Faren kan skrive tibetansk (vore munk). Forede er fødd i Tibet.	Bur med foreldra, bror (7) og har ei søster (14) som er på boarding school.
L	26	Kvinne	Ferdig med bachelor januar (2016). Vurderar master. 100% jobb i reisebyrå.	Ingen skulegang. Mora er fødd i Nepal, faren er fødd i Tibet.	Bur med foreldra, bror (30), bror (28), bror (24).
M	21	Kvinne	Helde på med bachelor.	Noko skulegang, men ikkje fullført. Fødd i Nepal.	Bur med foreldra, søster (17), søster (16)
N	22	Mann	Helde på med bachelor.	Faren har gått 12 år på skule. Mora har gått på skule i 5 år. Fødd i India.	Bur med foreldra og søster (15)
O (Fødd i Tibet)	22	Kvinne	12 år på skule, fullført plus 2.	Ingen skulegang. Fødd og bur i Tibet.	Bur med onklane sine (40) og (32). Fam. i Tibet: Mor, far, bror (8), bror (15).
P (Fødd i Tibet)	27	Mann	12 år på skule.	Ingen skulegang. Fødd og bur i Tibet.	Bur aleine. Fam. i Tibet: Mor (ca 50), søster (23), bror (16)
Q	32	Mann	Fullført 12 år, påbegynt bachelor.	Faren gjekk på skule til 5.kl. Mora har ikkje gått på skule.	Bur med far (65), bror (29), kone (29), son (14mnd).
R	33	Kvinne	Bachelor i engelsk	Ingen skulegang. Faren er fødd i Tibet, mora i Nepal	Bur med mannen sin (35) og sonen (8). Gravid.
S	32	Mann	Bachelor i journalistikk og master i psykologi.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med mora (62), bror (35) og søster (25).
T	34	Mann	12 år på skule.	Faren har fullført 10.kl, stemor har ingen skulegang. Mora gjekk på barneskulen. Alle er fødd i Tibet.	Bur med far (63), stemor (40) og søster (37).
U	29	Mann	Fullført 7.kl, så sendt i kloster.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur aleine.
V (Fødd i Tibet)	27	Kvinne	Studerar tibetansk medising. 14 år til saman.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur aleine. Delar av familien er i Tibet, resten er i India og USA. Dei er til saman 9 søsker.
W	24	Kvinne	Har 2/3 av ein bachelor, vil fullføre den.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med far (56) og søster (22). Har ein bror (27) som bur i India.

X	22	Kvinne	Påbegynt bachelor.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med mor (54) og far (53), bror (11), søster (14), bror (17), søster (20)
Y	23	Kvinne	Utdanna sjukepleiar.	Ingen skulegang. Fødd i Tibet.	Bur med mor (58), søster (26) og sonen hennar (1), søster (30), tante og bestemor.

Vedlegg 2: Oversikt over informantar 2: aktørar i det tibetanske samfunnet

**OVERSIKT OVER INFORMANTAR 2 – AKTØRAR I DET TIBETANSKE SAMFUNNET**

INFORMANT	Kort informasjon
Snow Lion Foundation	Stifta av Swiss Development Cooperation i 1972, men driftast i dag av eksilregjeringa. Dei har ansvar for helse og utdanning for dei tibetanske flyktningane i Nepal. Informanten eg snakka med hadde ansvar for blant anna kvaliteten på utdanning, stipend og rekruttering av lærarar.
Swiss Development Cooperation	Heitte tidlegare Swiss Association for Technical Assistance. Då dei første flyktningane kom til Nepal bidrog dei med hjelp til ulike utviklingsprosjekt.
Informant Z	Mannleg tilsett ved handverkssenteret. 44 år. Har to born, er separert frå kona si. Fortel om arbeidet på handverkssenteret, betydinga av handverkssentert, jordskjelv og utdanning.
Informant Æ	Kvinneleg tilsett ved handverkssenteret. 42 år. Har to born, bur med dei og mannen sin.
Lokalleiar for eksilregjeringa (og tidlegare tilsett hos Dalai Lama)	Leiar for tibetanarane i ein bydel av Kathmandu. Opplyste meg om nominasjonsvalet som skulle haldast for eksilregjeringa i denne tida.
Tibetan Youth Learning Centre	NGO driven av privatpersonar. Tilbyr opplæring av grunnleggande ferdigheter og set tibetanarar i kontakt med arbeidsmarknaden.
Mottakssenter for tibetanske flyktningar	Senter som er drive av UNHCR, dei tek i mot tibetanske flyktningar og transporterar dei til India. Dette er ein slags «Gentleman's agreement» mellom UNHCR og nepalesiske styrsmakter.
UNHCR	United Nations High Commissioner for Refugees, FN sin høgkomissær for flyktningar. Jobbar med tibetanske flyktningar som må krysse reise gjennom Nepal for å komme seg til India.
Tibetan Refugee Welfare Office	Dette kontoret distribuerer pengar frå eksilregjeringa og fordeler til ulike føremål i diverse tibetanske flyktningcampar. Velferdstiltak for tibetanarar innanfor helse og utdanning er deira største fokus.

Vedlegg 3:

Samtykkeskjema



## **Would you like to participate in a research project?**

### *Tibetan refugees in Nepal – The role of education*

#### **Background and purpose**

As a part of my Master in Social Sciencie I am doing a fieldwork in Kathmandu from 16<sup>th</sup> of September to 17<sup>th</sup> of November.

The purpose of this study is to interview Tibetan refugees living in Nepal, and research the role of education in the refugee's lives.

#### **Participation in this study**

I hope to spend a lot of time with the Tibetan refugees I interview and can get a holistic understanding of being a Tibetan refugee living in Nepal.

In addition to myself, there will be an interpreter present, this person has agreed to keep sensitive information confidential. With consent from the interviewee, I will also be using a sound recorder during the interviews.

#### **What will happen with the information about you?**

All sensitive information will be kept confidentially and stored safely. It will not be possible to identify the informants that have participated in this project. The Master thesis will be finished by mid-May 2016 and at that point, all the personal information and recordings will be deleted.

#### **Voluntary participation**

Participation in this study is voluntary and informants can withdraw themselves from the research at any point, and the information will also then be removed from the project.

#### Contact information:

Trude Hegghem Nilsen: [trude\\_hn@hotmail.com](mailto:trude_hn@hotmail.com)

or my supervisor: Vibeke Vågenes: [Vibeke.Vogenes@hib.no](mailto:Vibeke.Vogenes@hib.no)

#### **Consent to participation**

I have received information about this study and I wish to participate

(Signed by informant, date)

# Intervjuguide

*Informasjon til informant:*

- Masterprosjekt i samband med mi utdanning på lærarhøgskulen.
- Kven har tilgang til å lese den?
- Teieplikt og anonymitet.
- Tillating til å ta opp intervjuet.
- Forklare kva eg vil undersøke.
- Har informanten forstått? Eventuelle spørsmål?

Bakgrunn

1. Alder.
2. Kjønn.
3. Kor lenge har du budd i Nepal?
4. Har du jobb?
5. Bur du med familien din? Kven består hushaldet av?

Utdanning

6. Kva skulegang har du? Frå Nepal? Frå Tibet? Andre plassar? (ynskjer du å gå på skule?)
7. Går du på skule i dag? Kva type skule og fag?
8. Kva skular finns i nærområde? Religiøse? NGO'ar? Private?
9. Fins det ein reell moglegheit for utdanning for tibetanske flyktningar?
10. Kva tankar har du om skule og utdanning? Er det viktig for deg?
11. Er høgare utdanning aktuelt?
12. Er det nokon i familien din som har utdanning? Kva utdanning?
13. Kjenner du andre tibetanske flyktningar med utdanning?
14. Vil utdanning sikre deg ein god jobb?

Flukta frå Tibet til Nepal

15. Kvifor forlot du/foreldra dine Tibet?
16. Korleis er det å vere tibetanar i Nepal?
17. Ser du ei framtid i Nepal? Har du eit ynskje om å reise tilbake til Tibet? Fins det noko framtid for deg der?
18. Kjenner du nokon som bur i Tibet?

Oppsummering:

19. Oppsummering av det som er blitt sagt.
20. Bekrefte/avkrefte det eg har forstått gjennom intervjuet.
21. Noko personen ynskjer å legge til?

Engelsk:

1. Age.
2. Male/Female
3. How long have you been in Nepal?
4. Have you lived any other places?
5. Do you go to school? (Do you have any education?).
6. Do you work?
7. Are you sharing house with anyone? Where does your family live?
8. Have any of your family members gone to school? Where? How long?
9. How is it to live in Nepal?
10. Why did you leave Tibet?
11. What do you think about school and education? Is it important to you? Do you have the possibility to attend to school?
12. Do you know other Tibetan refugees with education?
13. What about college and university?
14. How do you see your future in Nepal?
  - Summarize the interview.
  - Anything you would like to add?

Vedlegg 5: Brev fra høgskulen



Bergen, 11.09.2015

Letter of recommendation

To whom it may concern.

This letter is to confirm that Ms. Trude Heggheim Nilsen is student at Bergen University College / Høgskolen i Bergen, Faculty of Education, Bergen, Norway.

Trude is a student in her second year in the Master of Social Science Education, Faculty of Education, Bergen University College. She is already a qualified teacher for Primary and Secondary schools, with a specialty in Social Sciences.

For her Master's thesis, Trude is particularly interested in Tibetan refugees and their strategies for attaining education. Education is a key for creating a better future, and Trude is studying the role of education in various livelihood strategies of refugees.

It is my sincere hope that Trude Heggheim Nilsen will receive a warm welcome.

Yours sincerely

Vibeke Vågenes

Supervisor

Associate Professor, PhD

[vvag@hib.no](mailto:vvag@hib.no)